

Gamalt og nytt sauheringsmål

Ei gransking av sauheringsmålet i tre generasjonar

Joakim Rønningen



Masteroppgåve i nordisk språkvitskap

Institutt for lingvistiske og nordiske studium

UNIVERSITETET I OSLO

Hausten 2014

Gamalt og nytt sauheringsmål

*Ei gransking av sauheringsmålet i tre
generasjonar*

© Joakim Rønningen

2014

Gamalt og nytt sauheringsmål

Joakim Rønningen

<http://www.duo.uio.no/>

Trykk: Representeren, Universitetet i Oslo

Samandrag

I denne oppgåva har eg granska kva for tradisjonelle målmerke som lever vidare i det noverande bygdemålet i Sauherad i Telemark. Eg har ikkje freista finna ut korleis den ålmenne stoda for bygdemålet ser ut, men heller korleis det *genuine* og *nedervde* sauheringsmålet ser ut i dag, jamført med for 60 år sidan (då tilfanget for Sauherad vart oppskrive). Difor har eg òg valt informantar etter dei same kriteria som målgranskarane gjorde på den tida målføresynopsisen vart laga.

Hjå dei eldre informantane i granskinga er dei tradisjonelle målmerka dominerande. Dei formene som får liten oppslutnad, er palatalane /ɲj/ og /j̥j/ i innljod, og elles får jamningsformene i infinitiv på /å-å/ mindre oppslutnad enn dei linne hankjønnsorda av typen /hå:nå/ og dei linne hokjønnsorda av typen /stu:gu/. Dei linne maskuline orda i ub.pl. med /-ir/ og i b.pl. /-in:/ skil seg ut ved at dei har etter måten låg oppslutnad, og det modifiserte former på /-ær/ og /-æn:/ som tek over. Hjå dei middelaldrande er tendensen den same som hjå dei eldre. Dei tradisjonelle formene dominerer, men ikkje like mykje som hjå dei eldre. Dei middelaldrande nyttar fleire standardformer, og dei modifiserte formene står sterkare her enn hjå dei eldre..

Dei unge informantane skil seg ut på den måten at ei rad av dei tradisjonelle målmerka står overlag veikt. Eit døme på ei form som er heilt utrydda, er jamninga på /å-å/ både i infinitiv av typen /bå:kå/. I b.pl. vert tradisjonelle former av typen /hestæn:/ bytte ut med trestava former av typen som /hestanə/. Den gamle treklengen vert oppløyst og vert bytt ut med bymålsdrag i Grenland. Dette kan gjeva sterke indikasjonar på at det går føre seg ei regionalisering av Sauheringsmålet. Elles må me slå fast at dei tradisjonelle formene ikkje står særleg sterkt hjå dei unge, og at me må rekna med at fleire typiske målmerke kjem til å kverva frå Sauherad i tida frametter.

Føreord

I arbeidet med denne oppgåva har eg freista å koma talemålsutviklinga i Sauherad noko nærare. Medan eg har halde på, har eg fått mykje god hjelp av fleire. Eg vil fyrst takka heimelsfolka mine, som tok vel imot meg, og for at dei tok seg tid og stunder. Dinest vil eg takka rettleiaren min, Unn Røyneland, for god rettleiing gjennom arbeidet. I tillegg er eg takksam for all god hjelp eg har fått på Norsk Ordbok. Særleg vil eg takka Håvard Tangen Gudmund Harildstad og Joleik Øverby. Til sist vil eg takka vener og familie som har støtta meg.

Joakim Rønningen

Hurdal, 1. desember 2014

Innhald

1	Innleiing	1
1.1	Om oppgåva - problemstillingar	1
1.2	Sauherad	2
1.3	Heimfesting og kringliggjande mål	4
1.4	«Språkdaude» i Sauherad?	5
1.5	Ljodskrifta i oppgåva	7
2	Sauheringsmålet	8
2.1	Innleiing	8
2.2	Ljodverk	8
2.2.1	Vokalar i trykktung staving	8
2.2.2	Distribusjon og realisering	8
2.2.3	Diftongane	10
2.2.4	Historisk vokster i vokalsystemet – hovuddrag	10
2.2.5	Diftongane	13
2.2.6	Jamvekt og jamning	13
2.2.7	Konsonantane	14
2.3	Substantiv	16
3	Talemålsvarietetar og talemålsendring	19
3.1.1	Dialekt - målføre	19
3.1.2	Utjamning av dei norske målføra	22
3.2	Kvifor skjer endringane?	26
3.2.1	Indre faktorar	26
3.2.2	Ytre faktorar	28
4	Metode	32
4.1	Dialektologisk metode	32
4.2	Sosiolingvistisk metode	33
4.3	Dialektendring eller metodeendring?	34
4.4	Mi eiga gransking	35
4.4.1	Informantar og informantutval	35
4.4.2	Intervju-metode	36
4.5	Målmerka i granskinga	37

4.5.1	Feminine jamvektsord	38
4.5.2	Jamning på å-å	39
4.5.3	Hankjønnsord og infinitivar av typen /sæ:ʀa/ og /ve:ta/	40
4.5.4	Vedhalden gno. <i>u</i> av typen /to:n/	40
4.5.5	Opning	41
4.5.6	Diftongar av typen /stræum/ og /gʀøimə/	41
4.5.7	Palatalisering	42
4.5.8	/gv- / i framljod	43
4.5.9	Substantiv	43
4.5.10	Verb	45
5	Granskingsresultat	47
5.1	Innleiing	47
5.2	Feminine jamvektsord	47
5.2.1	Feminine jamvektsord i ub.sg. av typen /vi:ku/	47
5.2.2	Feminine jamvektsord i b.sg. av typen /vi:ko/	49
5.2.3	Jamning på /u-u/ av typen /stu:gu/	50
5.3	Jamning på å-å	52
5.3.1	Infinitiv av typen /bå:kå/	52
5.3.2	Hankjønnsord av typen /hå:nå/	54
5.4	Hankjønnsord og infinitivar av typen /sæ:ʀa/ og /ve:ta/	56
5.4.1	Hankjønnsord av typen /sæ:ʀa/	56
5.4.2	Infinitivar av typen /ve:ta/	57
5.5	Vedhalden gno. <i>u</i> av typen /to:n/	59
5.6	Opning	60
5.6.1	Opning a > e-æ av typen /kæʀv/	60
5.6.2	Opning o > ø av typen /trøʀ:/	62
5.7	Diftongar	64
5.8	Palatalisering	65
5.8.1	Palatalen /j/ i innljod av typen /lɛj:ir/	65
5.8.2	Palatalen /nj/ i innljod av typen /oɲj:ə/	67
5.8.3	Palatalen /ç/ i innljod av typen /çøʀçə/	67
5.9	/gv/ i framljod	68
5.10	Substantiv	70

5.10.1	Ub.pl. av typen /hestær/ og /my:rær/	71
5.10.2	B.pl. av typen /hestæn:/ og my:ræn:/	73
5.10.3	Ub.pl. av typen /gri:sir/ og /skå:ʀir/	76
5.10.4	B.pl. av typen /gri:sin:/ og /skå:ʀin:/	80
5.10.5	Hokjønnsord av typen /vi:sur/ og /vi:sun:/	83
5.11	Verb	86
5.11.1	Nokre sterke verb i presens av typen /tyg:/	86
5.11.2	Nokre sterke verb i preteritum av typen /tøg:/	87
5.11.3	Presensformer av nokre ja-verb av typen /væ:ʀ/	88
5.11.4	Preteritumsformer av nokre ja-verb av typen /smuð:ə/	90
6	Oppsummering og konklusjon	92
6.1	Innleiing	92
6.2	Dei eldre	92
6.3	Dei middelaldrande	94
6.4	Dei unge	95
6.5	Kva og kvifor?	96
6.6	Konklusjon og vidare gransking	98
	Litteraturliste	101
	Vedlegg	107
	Tabell 1: Feminine jamvektsord i ub.f.sg. av typen /vi:ku/	47
	Diagram 1: Feminine jamvektsord i ub.f.sg. av typen /vi:ku/	47
	Tabell 2: Feminine jamvektsord i b.sg. av typen /vi:ko/	49
	Diagram 2: Feminine jamvektsord i b.sg. av typen /vi:ko/	49
	Tabell 3: Jamning på /u-u/ av typen /stu:gu/	50
	Diagram 3: Jamning på /u-u/ av typen /stu:gu/	51
	Tabell 4: Infinitiv	52
	Tabell 5: Hankjønnsord	54
	Tabell 6: Hankjønnsord av typen /sæ:ʀa/	56
	Diagram 6: Hankjønnsord av typen /sæ:ʀa/	57
	Tabell 7: Infinitivar av typen /ve:ta/	57
	Diagram 7: Infinitivar av typen /ve:ta/	58
	Tabell 8: Vedhalden gno. <i>u</i> av typen /to:n/	59
	Tabell 8: Opning a > e-æ av typen /kærʀ/	60
	Diagram 8: Opning a > e-æ av typen /kærʀ/	61
	Tabell 9: Opning o > ø av typen /trøl:/	62
	Tabell 9: Diftongar av typen /stræum/ og /grøimə/	64

Tabell 10: Palatalen /j/ i innljod av typen /lejj:ir/	65
Tabell 11: Palatalen /nj/ i innljod av typen /onjə/	67
Tabell 12: Palatalen /ç/ i innljod av typen /çørçə/	67
Tabell 14: /gv/ i framljod	69
Tabell 13: Hankjønnsord av typen /hestær/	71
Tabell 14: Hokjønnsord av typen /my:rær/	72
Tabell 15: Hankjønnsord av typen /hestæn:/	73
Diagram 15: Hankjønnsord av typen /hestæn:/	73
Tabell 16: Hokjønnsord av typen /my:ræn:/	75
Tabell 17: Hankjønnsord av typen /gri:sir/	76
Tabell 18: Hokjønnsord av typen /skå:ɾir/	78
Tabell 19: Hankjønnsord av typen /gri:sin:/	80
Tabell 20: Hokjønnsord av typen /skå:ɾin:/	81
Tabell 21: Hokjønnsord av typen /vi:sur/	83
Tabell 22: Hokjønnsord av typen /vi:sun:/	84
Tabell 23: Nokre sterke verb i presens av typen /tyg:/	86
Tabell 24: Nokre sterke verb preteritum av typen /tøg:/	87
Diagram 24: Nokre sterke verb i preteritum av typen /tøg:/	87
Tabell 25: Presensformer av nokre ja-verb av typen /væ:ɾ/	89
Tabell 25: Presensformer av nokre sterke ja-verb av typen /væ:ɾ/	89
Tabell 26: Preteritumsformer av nokre ja-verb av typen /smuɔ:ə/	90
Diagram 26: Preteritumsformer av nokre ja-verb av typen /smuɔ:ə/	90
Diagram 27: Ljodverk - eldre	92
Diagram 28: Formverk – eldre	93
Diagram 29: Ljodverk – middelaldrande	94
Diagram 30: Formverk - middelaldrande	94
Tabell 30: Ljodverk – dei unge	95
Tabell 31: Formverk – dei unge	96

1 Innleiing

1.1 Om oppgåva - problemstillingar

I denne oppgåva skal eg *jamføra målføresynopsisen for Sauherad med måltilhøva i dag*. Eg vil òg prøva å seia noko om i kva lei talemålet går. Det er m.a.o. *talemålsendring i sauheringsmålet* som er emne for oppgåva. Me veit at målføresynopsisen stort sett gjev att det *nedervde* talemålet utan omsyn til yngre avvik, og me veit at oppskrivarane ofte bruka eldre heimelsfolk som helst skulle tala so arkaisk som råd. Målet med målføresynopsisen var nettopp å syna eit idealisert bilete av kvart målføre. Soleis vert det naudsynt å snevra inn formuleringa *måltilhøva i dag*. Eg skal ikkje jamføra målføresynopsisen med det ålmenne talemålet som vert tala i Sauherad i dag, men jamføra målføresynopsisen med det *nedervde* og *alderdomelege* talemålet i dag.

Eg kan formulera problemstillinga mi på ein annan måte: Dersom me skulle samla tilfanget til målføresynopsisen i dag, kva for målmerke ville me då fått oppført? Eit anna spørsmål vert korleis det *genuine* og *nedervde* sauheringsmålet ser ut i dag jamført med for 60 år sidan (då tilfanget for Sauherad vart oppskrive). Difor må eg velja informantar etter dei same kriteria som på den tida målføresynopsisen vart laga. I oppgåva vil eg òg freista seia noko om *kva for lei det nedervde sauheringsmålet går*, og eg kjem til å finna ut kor sterkt nokre utvalde målmerke, som er typiske for sauheringsmålet, står. Eg kjem til å dela informantane inn etter alder, og soleis vert det ei informantgruppe med eldre, ei med middelaldrande og ei med unge informantar.

I 1951 tok professor Ragnvald Iversen opptak til «Norsk dialektatlas», som har vore grunnlaget for arbeidet med *synopsisen* over dei norske målføra. Målføresynopsisen er samansett av 43 handskrivne protokollar, som er resultat av ei stor gransking av uttala av kring 1500 utvalde ord frå alle herada i Noreg. Orda i synopsisen er Johan Storms *Kortere Ordliste* frå 1882, som inneheld vanlege ord som kan syna korleis ymse ovringar i ljod- og formverk ter seg i dei ulike målføra. Målet med målføresynopsisen har vore å gjeva eit idealisert bilete av ein homogen dialekt. Fyrst og fremst er synopsisen ei god kjelde til å seia noko om dei viktigaste målmerka som skil målføra frå einannan, og dei målmerka som i samverknad konstituerer det einskilde målføret.

I artikkelen «Dialektfremndring eller metodforandring?» drøfter Jenny Nilsson (2010) kor mykje dialektane i grunnen har endra seg, og kor mykje metoden har endra seg. Bakgrunnen for spørsmålet er prosjektet «Dialektutjåning i Västsverige» der dei har granska skilnaden på målet i Vest-Sverige i dag og for 50 år sidan. Ho har òg stilt spørsmålet: [...] hur man skal kunna jämföra två olika sorters material som samlats in med olika urvalsmetoder och olika bakomliggande ideal för hur dialekter skal dokumenteras». Me har hatt ulike utvalsmetodar i den klassiske dialektologien og i den seinare sosiolingvistikken. Dialektologane hadde til oppgåve å dokumentera det nedervde målet på ein stad, og difor måtte dei finna heimelsfolk som tala so arkaisk som råd. Fokuset i arbeidet var målføra i seg sjølve og ikkje den språklege røynda. Likevel presiserer Nilsson (2010:176) at «syftet med dessa inspelningar var ju heller aldrig att ge en representativ bild av dialektsituationen i stort». Det er m.a.o. viktig å vera klår på *kva* det er ein skal dokumentera, når ein gjer informantarbeid.

Nilsson (2010:184) seier òg at «Det är av stor vikt att man funderar över hur representative de informanter man studerar är och att man då särskilt beaktar om de är utvalda för att representerte dialektsystemet eller dialektsituationen». Som eg har nemnt, tek eg ikkje sikte på å dokumentera den språklege røynda i Sauherad, eller dialektsituasjonen på staden, men at eg skal granska det *nedervde* målet slik det ovrar seg i dag. Nilsson legg dessutan til at om ein skal få eit representativt bilete av dialektsituasjonen, må ein dokumentera veldig mange informantar og «[...] förmodligen långt fler än vad som är möjligt i dag.» (ibid.). Der til held ho fram at eit statistisk gjennomsnitt kan gjeva eit skeivt bilete av målførebruket i dag av di: «kanske finns det inte en enda individ som talar just en sådan dialektal varietet som består av ein kombination av de genomsnittliga varianter som blir resultat av en statistisk beräkning». Ein kan spørja seg kor mykje eit statistisk gjennomsnitt representerer røynda. Særleg må dette gjelda eit målføre med stor variasjon.

1.2 Sauherad

Fyrstelekken i namnet *Sauherad* kjem av *sauðar* som tyder å *syda* eller *koka*, om straum i eit vassdrag. Sistelekken kjem av *herað* som tyder *bygd* eller *grend* på gamalnorsk (snl.no/Sauherad).

Sauherad ligg midt i Telemark og grensar mot kommunane Bø, Notodden, Kongsberg, Nome og Skien. Kring nordenden av Norsjø tøyer Sauherad seg langs Gvarvelva i nordvestleg lei

mot Bø og nordetter langsmed Sauarelva i nordaustleg lei mot Heddal. Dei to elvane kløyver kvar sitt dalføre (snl.no/Sauherad). I aust ligg Sauherad, og i vest ligg Nes som har kvar sine mellomalderkyrkjer, og tidlegare var heradet delt inn i to kyrkjesokner – Saude (seinare Sauherad) og Nes, men no er Sauherad ei sokn i Nedre-Telemark prosti (snl.no, 2012). Det er 4345 ibuarar i Sauherad kommune (ssb.no.2013).

På austsida av Heddalsvatnet ligg grendelaget Hjuksebø, og på vestsida av Heddalsvatnet ligg Klear (på bygdemålet /kʰe:varsi:a/). Frå Hjuksebø stasjon går Sørlandsbana saman med Bratsbergbana sør etter til Nordagutu der dei skil seg. Grendelaget Nordagutu (på bygdemålet: /no:ʔagu:tu/) grensar i sør mot Valebø i Skien kommune.

Gvarv er den største tettstaden i kommunen med over 1000 ibuarar (ssb.no/befolkning). Her ligg både skulen og bygdeheimen. Det er hit me kjem når me køyrer riksveg 36 oppover mot Seljord. Frå Gvarv går fylkesveg 360 vidare nordaustetter til Notodden. Denne vegen går parallelt med Sauar-elva. Langsmed dette dalstroket møter me grendelaga Akkerhaugen, Vårheim og Holtsås før me kjem til Hjuksebø og vidare til Notodden. Akkerhaugen (på bygdemålet: /aç:erhøugen/) ligg ved nordenden av Norsjø og er administrasjonssenteret i kommunen. Aust for nordenden av Norsjø ligg grendelaget Liagrenda, og i vest ligg Årnes og Stranda (bygdemålet /strån:a/ som høyrer med til Nes. Nord for Gvarv ligg grendelaget Hørte.

Folkekunst og tradisjonar har djupe røter i Sauherad, og den kjende folkemusikaren Torgeir Augundsson eller Myllarguten og Lars Fykerud voks opp her. Folkeviser og eventyr vart òg samla inn i Sauherad, og mest kjend er vel folkevisa om Margit Hjukse (sauherad.historielag.org). Sauherad er kjent for stor og rik fruktproduksjon, og i tillegg har korndyrkinga og skogbruket mykje å seia. Fleire pendlar til arbeidsplassen sin, og heile 58 prosent av dei yrkesaktive har arbeidet sitt utanfor kommunen (snl.no, 2012).

I dei seinare åra har Sauherad, som fleire andre bygdesamfunn, endra samfunnsstruktur slik at færre har arbeid i primærnæringane. Bygdesamfunna har endra karakter ved at uttynning, mobilitet, utdanning og individualisering pregar livet på bygda, og i tillegg er dette med på å gjera dei ulike bygdesamfunna meir ulike, og det sosiale livet og dei sosiale nettverka endrar seg (Skjekkeland 2009:54). Dei sosiale nettverka vert endra ved at folk flytter ut og inn, og nye sosiale grupper kjem til (ibid.:46). Slektskapsbanda har ikkje like mykje å seia no som før, og familie, granneskap, venskap, og band til regional kultur og landskap vert ein motsetnad til den individuelle mobiliteten (ibid.:47).

1.3 Heimfesting og kringliggjande mål

I Telemark går det fleire viktige målgrenser. Viktigast er grensene for «tjukk l» og for jamvektslova (Skulerud 1918:3). I Aust-Telemark finn me «tjukk l», men i Vest-Telemark har me ikkje dette målmerket. Den gamle jamvektsregelen finst i heile fylket med unnatak av den sør-vestre luten som har e-mål. Voksteren av gno. *hv* fylgjer grensene for «tjukk l» slik at dei områda med «tjukk l» har /gv/ eller /v/, medan områda utan «tjukk l» har /kv/ (Unnatak: Drangedal og Sannidal, som har «tjukk l» og /kv/). Det vikvørske området i Telemark har for det meste /v/.

Skulerud (1918) skil mellom «dei eigenlege telemåla» og «Bamle-måla». Det som særleg skil desse måla frå einannan, er at «dei eigenlege telemåla» har «triklangen» /-ar/, /-ir/ og /-ur/ i substantiva, medan «Bamle-måla» berre har /-ær/ og /-er/. Eit anna drag som skil desse måla, er pronomenformene der «dei eigenlege telemåla» mellom anna har /e:g/ - /me:g/ medan vikvørsk har /jæi/, /jæ/ og /mæi/, /mæ/. Elles har Aust-Telemark former som /me:/ - /kån:/ og /de:/ - /dek:an/ (Gjermundsen 1981:67).

Skulerud skil mellom «Sud-Aust-Telemark» som er Sauherad med Nes, Bø og Lunde og «Mid-Aust-Telemark» som er Heddal med Litleherad, Hjartdal med Sauland, Tuddal og Gransherad. Det som skil Sørøst-Telemark frå Midtaust-Telemark i målvegen, er at sistnemnde gjennomfører /å/ i endinga av alle jamvektsord som endar på *a* i gno. Soleis heiter det t.d. /vø:tå/ og /lø:vå/, men /ve:ta/ og /le:va/ i Sørøst-Telemark. Sørøst-Telemark har berre /å/ i endinga i ord med velar stomnvokal som t.d. /bå:gå/ < gno. *boga*, /lå:gå/ < gno. *laga* og /hå:gå/ < gno. *haga*. Eit anna målmerke som skil dei to måla frå einannan, er at Sørøst-Telemark har /dom/ i 3. pers.pl., medan Midtaust-Telemark har /døm/. Elles seier Skulerud at måla «slektar ovleg mykje på einannan».

Eit målmerke som skil aust-telemåla frå vest-telemåla og vikvørsk, er den sterke jamningsgraden der gno. *o-a* og *a-a* er utjamna til /å-å/ av typen /bå:kå/ og /må:kå/. Dette tek til i Lunde og vert sterkare oppetter i Aust-Telemark. Amund B. Larsen reknar målføra i øvre og nedre Telemark til «fjeldsbygdernes mål», og han går so langt at han reknar Holla og Solum til fjellbygdemåla eller midlandsk (1948:33, 49). Likevel seier han «De aller nederste præstegjelde i Nedre Telemarkens fogderi står idethele nær Vikens mål» (ibid:53). Soleis kan me seia at Sauherad i mangt liknar mykje på midlandsmåla, jamført med dei gamle måla i

Solum og Holla. Om det tradisjonelle sauheringsmålet, er eit midlandsmål er likevel ikkje heilt klårt, men i alle fall er det nokre drag som bryt med ei slik heimfesting.

Eit målmerke som er typisk for midlandsmåla, og som ikkje finst i Sauherad er deling i bøyinga av hokjønnsorda som t.d. /so:li/ og /vi:sa/ b.sg. I tillegg har me heller ikkje dativ eller personbøyning av verb. Papazian og Helleland (2005:103) skriv at måla i Midt-Telemark - Lunde, Sauherad, Bø, Heddal, Gransherad er overgangsmål mellom midlandsk og austlandsk, men dei har likevel so mange midlandske former òg kan reknast til midlandsk. I alle høve kan me slå fast at Sauherad har fleire midlandske målmerke, og i denne granskinga vert det forvitneleg å sjå kor sterkt desse målmerka står i dag.

1.4 «Språkdaude» i Sauherad?

I «Telemaalet i umriss» skriv Skulerud:

«Gjenom dørerne til utheimen og serleg yver kultursentret Skien [...] sîg det etter handi inn former og ord som ikkje aatte heime i Telemark ifraa fyrstone, - slike som næmar seg til svensk eller beint fram er innkomne derifraa, og som ifraa dei strok som stend i livlegare samferdsel gjennom vikverksen, som alt tidleg nærma seg noko til svensk, og som ved samfestet med Sverige i 14 hundr kom meir beint under innverknad av maalet i grannelandet. Etter som det lid, trengjer dei undan gamle norske former, som truleg ein gong raadde grunnen til Oslofjorden, og maa henda lengre aust, men som no berre er aa finna i dei meir avstengde fjellbygderne (øvste luten av ATel, eller VTel, eller dei vestlegare stroki av VTel), um dei daa ikkje heilt er undansopte» (1918:40).

Dimed er ikkje talemålsending noko nytt i vår tid. Skulerud (ibid.:8) forklårar språkendingane som gjekk føre seg den gongen slik: «Gjenom skulen og kyrkja – og her-tenesta – sîg kulturmaalet i Norig i dei seinare hundradaari meir og meir innyver, baade med nye ord og med umskipping av gamle ord og avleidings-endingar».

I vår tid er me vitne til eit målskifte på Austlandet der dei tradisjonelle talemåla vert bytte ut med eit bokmålsnært talemål. Vikør (1999:13) skriv at det som hender «[...] kan verke som ei oppfylling av til dels svært gamle spådommar om at dialektane ville bli borte - slik det for ein stor del (men ikkje fullt ut) har skjedd i dei næraste grannelanda våre». Vikør (ibid.) held fram med at denne «[...] dialekttilbakegangen ser ut til å vera eit austlandsk fenomen framfor alt, mens ein vest for Langfjella og nord for Dovre finn til dels heilt andre mønster». Vidare skriv Vikør (ibid.:40) at dei tradisjonelle dialektane på Austlandet er under sterkt press, men at det er store skilnader frå region til region og at presset artar seg på ulike måtar. Mellom anna dreg han fram at: «Mange bygdeungdommar går over til å tala meir reint eller tilnærma

bymål eller bokmål – gjerne ei «nøytralisert» utgåve der ein del ekspansive folkemålstrekk, særleg a-former, står sterkt, mens regionale eller stigmatiserte trekk står mindre sterkt».

Eric Papazian granska korleis det stod til med Numedalsmålet og slo fast at:

«Desse tala lovar ikkje godt for bygdemålet. Dei tyder på at talet på ungdommar som snakkar midtaustlandsk bymål, normalisert austlandsk eller eit blandingsmål, er kommi over ei kritisk grense, slik at dei som brukar bygdemålsformene, er komne i mindretal. Dermed treng ikkje innflyttarar frå det sentrale Austlandet å leggje om, men kan halde fram med å bruke bymål eller bokmål, slik at det snarare er *bygdemålsbrukarane* som kjenner seg pressa til å leggje om» (1999:61).

Papazian syner til Steinsholt (1964:27), som skriv: «[...] så svakt som bygdemålet nå står overalt i Hedrum, har språkmiljøet mistet evnen til å «naturalisere» innflytterne. De innflytterne som snakker bymål eller et nærskyldt målføre, blir faktisk noe av et forbilde for folk i grannelaget». Papazian (1999:61) avsluttar med at det kan vera grunn til å tru at det vil gå i Numedal neste hundreår som det har gått med Hedrum lenger nede i Lågendalen når det gjeld språkbruket, og at Nore-mål i framtida vert ei blanding av midaustlandsk og bokmål.

Situasjonen i Sauherad liknar mykje på den som vert skildra ovanfor, og liknar utviklinga som Vikør (1999:37-38) skildrar frå Valdres, Hallingdal og Numedal der bokmålsnært talemål tek over for dei tradisjonelle bygdemåla. Dette er eit inntrykk ein får ved å tala med tilfellelege folk frå Sauherad, og i tillegg stadfester fleire sauheringar det same. Lærarane i bygda veit korleis ungdommen talar, og fleire av dei lærarane eg har vore i kontakt med, stadfester at det er eit bokmålsnært talemål dei fleste skuleborna nyttar på skulen. Ein pensjonert lærar fortalde meg at denne prosessen har gått føre seg i meir enn 30 år, og attåt har eg høyrte gjete at somme ungdomar og andre bygdefolk talar «bymål» ute og bygdemål heime. Dette høver med det Vikør (1999:40) skriv:

«Mange unge vekslar meir – framfor alt meir opi og usjenert – mellom ulike språkformer enn før, f.eks. bruker dei éi form heime (gjerne meir «rein» dialekt, om foreldra er dialekttalande, eller «reint» bymål, om foreldra er bokmålstalande), og ei anna ute, som kan vera meir «oppblanda» former av begge måla. Det ser ut til å vera meir akseptert enn før å tilpasse språket til den ein talar med utan å bli skulda for «knot» (1999:40).

I somme familiar talar foreldra bygdemål, medan ungane og ungdomane talar eit bokmålsnært talemål. Samstundes finst det òg somme ungar og ungdomar som talar bygdemålet både heime og ute, men etter det eg har fått stadfest frå folk i bygda, og etter det inntrykket eg sjølv har, er desse borna særst få. Dessutan opplevde eg at det var vanskeleg å finna informantar til oppgåva mi av elevar på Sauherad ungdomsskule, og fleire bygdefolk stilte spørsmålet om det i det heile var råd å finna informantar i ungdomsskulealder som tala sauheringsmål. Venås

(1997:95) skildrar det same i artikkelen «Hemsedal» og peikar mellom anna på barnehagen som ein viktig påverknadsfaktor for den språklege sosialiseringa åt borna. Venås (1997) nemner òg tilfelle frå Hemsedal som kan likna stoda eg skildrar i Sauherad.

Mi oppgåve tek ikkje sikte på å granska korleis den ålmenne målstoda er i Sauherad, eller å granska målbytet frå tradisjonell dialekt til eit bokmålsnært talemål. Difor er heller ikkje mine informantar tilfelleleg utvalde, men strategiske. Likevel er det viktig å skildra korleis den språklege røynda ser ut i Sauherad, både av di Sauherad ikkje er åleine om dette i norsk samanheng, men òg av di det er i dette målsamfunnet og i desse omgjevnadene informantane i denne granskinga lever, og kan henda vert påverka av. Ikkje minst vil det vera forvitneleg å finna ut i kor stor mon dei tradisjonelle målmerka lever i det sauheringsmålet som vert nytta i dag.

1.5 Ljodskrifta i oppgåva

I ljodskrifta har eg nytta somme symbol frå det internasjonale fonetiske alfabetet (IPA), for dei ljodane me ikkje har bokstavar for når me skriv til vanleg. Med det gjev eg ikkje att nøyaktig uttale, men enkel fonemisk ljodskrift. Det tyder at ljodar som *u*, *å* og *o* vert skrivne med latinske bokstavar i staden for IPA-teikn. Derimot må «tjukk l» markerast med IPA-teiknet /ɫ/ og sameleis med *kj*-ljoden som i /iç:ə/. Lang konsonant eller vokal vert markert med teiknet /:/. Det hadde vore mogeleg å nytta IPA heilt fylgjerett og på den måten markert trykk og pause, men ut frå det eg skal granska, har eg ikkje sett det som naudsynt. Dessutan trur eg at tilfanget vert mindre framandt på den måten, og med det vert det òg enklare å lesa.

Ein stad i oppgåva nyttar eg fonetisk ljodskrift, og det er i omtala av ljodverket i sauheringsmålet (2.2 Ljodverk). Dette har eg gjort for å freista gjeva eit so nøyaktig bilete av vokalismen som råd. Elles har det vore ei utfordring at målføresynopsisen nyttar ljodskrifta *Norvegia*, men her har eg nytta oversynet åt Sandøy (1992:307) «Samsvar mellom IPA og *Norvegia*».

2 Sauheringsmålet

2.1 Innleiing

I denne bolken kjem eg til å gjeva eit oversyn over sauheringsmålet slik det kjem fram i *målføresynopsisen*. Oversynet er langt frå uttømmande, på den måten at alle målmerke er medtekne, men eg har heller konsentrert meg om dei målmerka som særmerkjer sauheringsmålet. Samstundes har Sauherad mange av desse målmerka sams med grannebygdene, og Aust-Telemark elles («tjukk l» t.d.). Fyrst i bolken går eg inn på ljodverket, og etter det går eg litt inn på substantiva. Som grunnlag for denne utgreiinga har eg nytta målføresynopsisen på Norsk Ordbok. I tillegg har eg hatt god hjelp av Skjekkeland (1980) si utgreiing om bøheringsmålet.

2.2 Ljodverk

2.2.1 Vokalar i trykkung staving

Sauheringsmålet har som i mange austnorske målføre ni lange og åtte stutte vokalfonem i trykksterk stilling. Under har eg sett opp vokalfonema etter artikulasjonsstad og opningsgrad.

	fremre		Midtre		bakre	
	urunda	runda	urunda	runda	urunda	runda
høg	[i:] [ɪ]	[y:] [ʏ]		[u:] [ʊ]		[u:] [ʊ]
mellomhøg	[e:] [ɛ]	[ø:] [ø]				[ɔ:] [ɔ]
låg	[æ:] [æ]		[a:] [a]			

Sauheringsmålet har diftongane /æi/, /øy/ og /øu/, men i innlånte ord har me òg /åy/ og /ai/.

2.2.2 Distribusjon og realisering

[a:], [a]

Både [a] og [a:] vert realiserte som vanleg austnorsk [a], t.d. [bra:] adj. og [bak:ə] m.

[e:]

[e:] vert som oftast realisert som [e:], jf. [tre:] n., [kne:] osb. Men me har òg ein annan variant av dette fonemet som ligg noko lægre og som særleg står etter [r]. D.e. [ɛ:], jf., [grɛ:v] pres., [brɛ:v] n. osb. Elles finst ikkje [e:] føre [ɾ] eller retroflekse konsonantar, i denne posisjonen får me [æ:].

[i:], [ɪ]

[i:] og [ɪ] vert realiserte som ein vanleg austnorsk /i/. Det er lite som skil den lange og stutte ljoden frå kvarandre, t.d. [ɪç:ə] adv., [ɾɪps] n. og [fi:n] adj. osb.

[u], [u:]

[u] og [u:] vert realiserte som ein høg bakre vokal, t.d. [stu:r] adj., [sku:g] m., [kustə] inf. osb.

[ʊ], [ʊ:]

Både det lange og det stutte fonemet vert realiserte som ein midtre høg vokal, eller som ein framskoten austnorsk [ʊ:], t.d. [kʊ:] f., [ʊɾv] m. osb.

[y], [y:]

[y] og [y:] vert realiserte som [y], t.d. [byg:] n., [dy:r] n. osb.

[æ:]

[æ:] finst berre føre [ɾ], [r] og retroflekse konsonantar, t.d. [hæ:ɾ] m., [svæ:t] adj., [læ:rə] inf. osb. Me finn berre opposisjon mellom [e:] og [æ:] føre [r], og denne opposisjonen er sjeldan føre. Likevel har me t.d. [se:r] pres. og [sæ:r] adj.

[e], [æ]

[e] og [æ] står ikkje i opposisjon til kvarandre og kan difor reknast for to allofonar av same fonemet. Fonemet vert realisert som [æ] føre [ɾ], [r] og retroflekse konsonantar, t.d.: [hæɾv] adj., [kæɾv] m., [æt:] m., [bærg] n. osb. I andre omgjevnader vert fonemet realisert som [e] eller [ɛ], t.d. [sekk] m., [hest] m. osb.

Nett som i bøheringsmålet (Skjekkeland 1980:31) er det vanskeleg å setja opp nokon ålmenn regel for fordelinga mellom [e] og [ɛ] i sauheringsmålet .

[ø:], [ø]

[ø:] vert realisert som ein vanleg norsk [ø], jf. [grø:n] adj., [snø:re] n. osb., men i somme posisjonar har me ein noko lægre variant, [œ], t.d. [fjœ:ɾ] f., [mjœ:ɾ] n. osb. Etter Skjekkeland (1980:31) finst denne ljoden berre føre [ɾ] i , men i Sauherad skal han òg, etter målføresynopsisen, finnast i andre posisjonar, t.d. [smœ:r] n., [fjœ:ɾ] f. og [œ:n] m. Fordelinga [œ] – [ø] ser ikkje ut til å fylgja nokon regel, og [œ] har heller ikkje fonemstatus. Difor kjem eg til å skriva [ø] der me har ein ø-ljod.

Det stutte fonemet [ø] ligg ein stad mellom [ø:] og [œ:] (Skjekkeland 1980), jf. [sø:t:] adj., [høns] n. pl. og vert markert med ö i norvegia. Her skriv eg alltid /ø/.

[ɔ], [ɔ:]

[ɔ:] vert realisert som ein vanleg austnorsk /å/, t.d.: [ɔ:t] pret., [kɔ:ɾ] m., [grɔ:t:] adj.n. osb.

Skjekkeland (1980:32) seier at det stutte fonemet av å-ljoden som oftast vert realisert som ein lægre variant av [ɔ:] i bøheringsmålet, og etter målføresynopsisen, må det same vera tilfellet i sauheringsmålet . I målføresynopsisen vert denne ljoden transkribert som *dott* m. I lista åt Sandøy (1992:307) står ikkje denne ljoden oppført, so difor har eg ikkje funne noko samsvar mellom norvegia og IPA. Skjekkeland [ibid.] seier (om bøheringsmålet) at det ofte er vanskeleg «[...] å avgjera om det er [ɔ] eller [å] ein høyrer, og det skifter noko frå person til person.» Elles transkriberer eg alle å-ljodar med /å/ elles i oppgåva.

2.2.3 Diftongane

Diftongane er berre lange i sauheringsmålet. Realiseringa ser slik ut: [rɛisə] inf., [stɛin] m., [høy] n., [støypə] inf., [sæu] m., [læus] adj., [koie] f., [hai] m. osb. I konsonantsamband og i bøyingsformer kjem ikkje diftongane føre, t.d. [grɛt:] adj.n, [grɛd:] pres.perf. osb.

2.2.4 Historisk vokster i vokalsystemet – hovuddrag

Gno. a held flest i alle tilfelle på gamal kvalitet, t.d. [las:] n. < gno. *hlass*, [ra:k] adj. gno. < *rak* osb. Likevel er gno. *a* i somme tilfelle opna og framskoven til [ɛ]. Dette hender føre [l:] (dvs. gno. ll g ld), [lt], [b:], [d:], [g:], [mn] (dvs. gno. fn), [ɲn] (av gno. gn), og i somme ord føre [nt]. Merk at konsonantsambanda er stemte. Døme: [hɛl:ə] inf. < gno. *halda*, [sɛlt] n. < gno. *salt*, [stɛbbə] m. < gno. *stabbi*, [pɛd:ə] f. < gno. *padda*, [hɛg:əl] n. < gno. *hagl*, [nɛmn] n. < gno. *nafn*, [ɛɲn] f. < gno. *agn*, [pɾɛntə] f. < gno. *planta*.

Overgangen frå gno. *a* til [ɛ] finst i Gransherad og Hjartdal i nord og sørretter til og med Holla innanfor vikkværske område. Solum har hatt småe restar av overgangen. I gamle mål i Siljan, Eidanger og i Vestfold har me overgang til [æ] i dei nemnde orda. (Dalene 1947:102).

I sauheringsmålet kjem overgangen *a* > *æ* føre [ɾ] + konsonant, eller føre annan retrofleks, t.d.: [dæ:ɾ] m. < gno. *dalr*, [hæɾm] m. < gno. *halmr*, [hæɾv] adj. < gno. *halfr*, [kæɾv] m. < gno. *kalfr*, [skæɾk] m. gno. *skalkr* og [hæɾf] m. < gno. *hals*.

Opninga av gno. *a* til [ɛ] og [æ] er noko som særmerkjer sauheringsmålet (og måla i bygdene kring Sauherad for den del) i stor mon.

Gno. *e* vert opna til [ɛ] når kvaliteten held seg, t.d. [hɛst] m < gno. *hestr*, [vɛst] m < gno. *vestr* osb. Når gno. *e* vert lengd, er det derimot kvaliteten som held seg, jf. [ve:g] m. < gno. *vegr*, [ne:s] n. < gno. *nes* osb.

Føre [ɾ] + konsonant og retroflekse konsonantar vert gno. *e* lågna til [æ], t.d. [æɾv] f. < gno. *elfr*, [væɾ] adj.n. < *verðr*, [æɾ] f. < gno. *ertr*, [væɾst] adj. < gno. *verstr*. Sameleis føre og etter [ɾ], t.d. [ræ:v] m. < gno. *refr*, [væɾ] n. < gno. *veðr*.

Gno. *é* har, i flest alle tilfelle, halde seg, t.d. [tre:] n. < *tré*. Men i attlaten staving vert gno. *é* > [ɛ], jf. [slɛt:] adj. < gno. *slétr*, [lɛt:] adj. < gno. *létr* osb. Etter [ɾ] er gno. *é* brigda til [æ], jf. [bræ:v] n. < gno. *bréf*, [ræt:] adj. < gno. *rétr*.

Gno. *i* er lågna i stuttstava ord, jf. [le:t] m. < gno. *litr*, [vet:] n. < gno. *vit*, [spɛt:] n. < gno. **spit*, [ste:g] n. < gno. *stig* osb.

I attlaten staving held gno. *i* på den gamle kvaliteten, jf. [fisk] m. < gno. *fiskr*, og [kvist] m. < gno. *kvistr*, [ɧin:] n. < gno. *skinn*. Men her har me i sahum, nett som i bøheringsmålet (Skjekkeland1980:33), viktige unnatak, t.d. [mɛd:ag] m. < gno. *miðdagr* og fleire andre.

Tradisjonelt har dei vikkværske måla (t.d. Holla) hatt meir lågning av gno. *i* enn aust-telemåla, t.d. [jekt] f., [reps] m. o.a. (Skjekkeland 1980:33).

Gno. *o* og *ø* fall tidleg saman og har brigda seg likt. Dette rårkar sauheringsmålet som elles i landet. Føre [ɾ] av gno. *rð* er vokalen gliden oppover og vorten ein høg bakre vokal, jf. [u:ɾ] n. < gno. *orð* og [bu:ɾ] n. < gno. *borð*. Elles er den gamle kvaliteten vedhalden, jf. [kost] m. < gno. *kostr*, [fos:] m. < gno. *foss* osb.

Føre konsonantsambanda [b:], [d:], [g:], [l:], [lt], [n:] (med opphav i gno. *rn*) og [m:] (med opphav i gno. *fm*), får me [ø], t.d. [døb:elt] adj., [skød:ə] f., [døg:] f. < gno. *dogg*, [trøl:] n. < gno. *troll*, [hølt] n. < gno. *holt*, [køn:] n. < gno. *korn*, [øm:] m. < gno. *ofn* osb.

Føre [ɾ] + [p], [m], [k], [v] eller [f] har sauheringsmålet, etter målføresynopsisen, halde på gamal kvalitet, t.d. [stoɾpə] f. < gno. *stolpi*, [hoɾmə] m. < gno. *holmi/holmr*, [foɾk] n. < gno. *folk*, [hoɾkə] inf. < gno. *holka*, [goɾv] n. < gno. *golf*, [toɾv] tal. < gno. *toľf*. Bøheringsmålet har [ø] i dei nemnde stillingane. Dette målmerket har Sauherad sams med resten av målet i nordaustre Telemark.

Gno. u (ein høg bakre vokal) er framskoten til [u] (ein midtre høg vokal), t.d. [hũksə] inf. < gno. *hugsa*, [stũt:] adj. < gno. *stuttr* osb.

Jamvel føre *k* vert uttala [u], t.d. [lũktə] inf. < gno. *lukta*. Vikværsk har som oftast [u] føre [k], men med ulike unnatak (Dalene 1953:62).

Gno. ú er framskoven og vorten ein midtre høg vokal: [u:], t.d. [hũ:s] n. < gno. *hús*, [stũ:t] m. < gno. *stútr* osb.

Vedhalden kvalitet av gno. u og ú

Føre [m] og [ŋ] er kvaliteten (ubunden av opphavleg kvalitet) den same som i gamalnorsk. Liksom normalnynorsk og vikværsk får me formene: [hum:ɾə] f. < gno. *humli*, [tuŋ:] adj. < gno. *þungr* osb.

Særmerkt er at vokalen held på gamal kvalitet føre [n], jf. [mu:n] m. < gno. *munr*, [mun:] m. < gno. *munnr*, [hundrə] tal. < gno. *hundrað*, [tu:n] n. < gno. *tún* osb. Normalnynorsk og har [u] i desse tilfella. Sauheringsmålet har, liksom bøheringsmålet (Skjekkeland 1980:33) ikkje nokon tilsvarande refleks av gno. *ú* slik me finn i Tinn/Hovin og i Vest-Telemark.

Gno. y er lågna til [ø] i , t.d. [sømjə] inf. < gno. *symja*, [søn:] f. < gno. *synd*, [løftə] inf. < gno. *lypta*, [føɾjə] inf. < gno. *fylgja*, [mørk] adj. < gno. *myrkr* osb. Likevel held fleire ord på den gamle kvaliteten, t.d. [fyst] adv. < gno. *fyrstr*, [tvyst] adj. < gno. *þyrstr*, [styɡ:] adj. < gno. *stygg*, [ryɡ:] m. < gno. *hrygg* osb.

Gno. æ er i flest alle tilfelle brigda til [e:], t.d. [ne:pə] f. < gno. *næpa*, [je:tə] inf. < gno. *gæta* osb.

Føre [ɾ] og [r] vert gno. *á* uttala [æ:], jf. [hæ:ɾ] m. < gno. *hæll*, [træ:ɾə] inf. < gno. *þræla* [læ:re] inf. < gno. *læra* osb.

Me får [æ] etter [r], t.d. [ræd:] adj. < gno. *hræddr* og [spræ:k] adj. < gno. *sprækr*.

Skjekkeland (1980:33) seier at «Aust-Telemark, frå det gamle Sauherad og nordover, pluss Vest-Telemark har [...] æ av æ i ord som spræk adj., jæte inf. osb.». Etter målføresynopsisen har Bø, Lunde og Nes [e] i desse posisjonane.

2.2.5 Diftongane

Diftongane har halde seg føre stutt konsonant, i utljod og føre vokal. T.d. [grøut] m. < gno. *grautr*, [bɾøut] adj. < gno. *blautr*, [jeit] f. < gno. *geit*, [reisə] inf. < gno. *reisa*, [heimə] adv. < gno. *heima*, [løysə] inf. < gno. *leysa*, [brøytə] inf. < gno. *breyta*, [støypə] inf. < gno. *steypa*. Føre [m] er diftongen vedhalden, t.d. [drøum] m. < gno. *draumr* og [drøymə] inf. < gno. *dreyma*. Føre [r] vert diftongen monoftongert, jf. [hø:rə] og [çø:rə].

Føre lang konsonant eller konsonantsamband i bøyingsformer får me monoftongering, t.d. [snø:t:] adj.n, [fæt:] adj.n., [græt:] adj.n., [drøm:də] pret., [løstə] pret. og [trøt:] adj.n.. Me har òg [øst] < gno. *austr* og [høs:t] < gno. *haust*.

2.2.6 Jamvekt og jamning

Sauheringsmålet er eit jamvektsmål, og det heiter soleis [le:va] v., [ne:va] m., [vi:kə] f., men [spin:ə] v. og [stɛb:ə] m. Gno. *i-a* er tiljamna til [e-a] i dei gamle jamvektsorda, jf. [ste:ga] m., [ne:va] m. Mest særmerkt er likevel jamninga av gno. *o-a* (t.d. *bora*) og *a-a* (t.d. *baka*) i trykksterk og trykklinn stilling, t.d. [smə:kə] inf. < gno. *smaka*, [skə:rə] m. < gno. *skara*, [mə:kə] inf. < gno. *moka*, [bə:gə] < gno. *boga* osb. Særmerkt er òg jamninga til [u-u] i linne hokjønnsord, t.d. [stū:gu] f. < gno. *stofu*, [gū:tū] f. < gno. *gøtu*.

Aust-Telemark er eit av to kjerneområde for jamning i Noreg. Det andre området ligg i indre Trøndelag, Namdalen og Nord-Austerdalen (Skjekkeland 2005:60). Jamninga minkar frå nord mot sør i Aust-Telemark. Dette ser me t.d. på voksteren av dei gamalnorske infinitivane *moka*, *baka*, *lesa* og *vita* (ibid:61).

Gno.	<i>sofa</i>	<i>baka</i>	<i>vita</i>
Holla (sør)	/så:va/	/ba:ka/	/vet:a/
Bø	/så:vå/	/bå:kå/	/ve:ta/
Sauherad	/så:vå/	/bå:kå/	/ve:ta/
Heddal	/så:vå/	/bå:kå/	/vø:tå/

2.2.7 Konsonantane

I sauheringsmålet har me desse konsonantfonema:

	Plosiv		Frikativ		Likvid		Nasal	
	ust.	st.	ust.	st.	ust.	st.	ust.	st.
Labial	p	b						m
Labiodental				f				
Dental	t	d		s		l/r		n
Retrofleks	ʈ	ɖ		ʃ		ʈ		ɳ
Palatal			ç	j				
Velar	k	g						ŋ
Pusteljod				h				

Under skriv eg om dei konsonantfonema som er særmerkte. Fyrst og fremst vert kommentarane synkrone, men der eg tykkjer det er naudsynt, kjem eg til å leggja til somme diakrone merknader.

2.4.3.1 «Tjukk l»

Sauheringsmålet har [ɾ] av gno. *l* og *rð*, og distribusjonen fylgjer austnorsk mønster. Soleis står [ɾ] alltid intervokalisk og i utljod, t.d. [jæɾə] n. og [ga:ɾ] m. Etter vokalen [i] og diftongen [ɛi] kjem ikkje [ɾ], føre og sjeldan etter vokalen [y]. Det heiter soleis [sy:ɾ] m., men [hy:l] n., osb.

Ljoden står særleg føre labiale og velare konsonantar, t.d. [hæɾv] adv., [kæɾv] m., [skæɾk] m., [stɔɾpə] m., [hæɾm] m. Døme med [ɾ] etter konsonant er: [ramɾə] inf., [epɾə] n., [bɾi] adj., [bɾo:] n., [bɾɔ:] adj., [kɾø:] inf. osb. Me har òg [ɾ] av gno. *rt* i [bu:ɾi] prep.

I ord med framandt opphav finst det fleire unnatak frå reglane, t.d. [kne:lə] inf., [salmə] f. o.a.

2.4.3.2 Andre retrofleksar

Sauheringsmålet har retrofleksar etter austnorsk mønster, og soleis har me «tjukk» uttale der «tjukk *l*» eller *r* kjem i kontakt med ein etterfylgjande alveolar konsonant (dvs. *n*, *l*, *t*, *d*, *s* og *r*). Her er nokre døme [ø:n] (ørn), [fø:də] pret. (fylgde), [svat] adj. (svart), [fæt] adj.n. (fælt), [sø:] m. (sjø), [hæ:ʃ] m. (hals), [pøʃə] f. (pylse) osb.

Sauheringsmålet har, som i bøheringsmålet (Skjekkeland 1980:41), ein del døme på at [r] fell bort i ordsamanstøyt og samansette ord, t.d. [lʉ:dag] m., [fa:leg] adj., [dɔ:leg] adj., [sɛ'du] (ser du) osb.

2.4.3.3. Palatalisering

Gno. *g* og *k* er palataliserte til [j] og [ç] både i framljod (som normalnorsken, t.d. /eg çen:ər den: jen:ta) og i innljod, t.d. /lij:e/ v. (liggje) og /baç:e/ m. (bakke). Konsonantsambandet *ng* (velar nasal) er vorten palatalisert til [ɲ], t.d. /onj:ə/ f. (unge) og /kon:jə/ (konge). I somme ord er affrikatane [çç] og [jɟ] førte opp i staden for frikativane, t.d. /ççøɾççə/ f. (kjelke). Etter målføresynopsisen å døma, er affrikatane rådande i heile aust-telemark, men ikkje i Sauherad. Det ser ut som fordelinga er nokso tilfelleleg, so det er uråd å setja opp nokon regel for distribueringa. Skjekkeland skriv (1980:42) «I dag er den frikative uttalen den vanlegaste (mest bruka)» og «[...] det [er] ofte [...] vanskeleg å avgjera kva uttale informanten har». Palataliseringa finst fleire kategoriar.

2.4.3.4 Gno. *hv* i framljod

Gno. *hv* er differensiert til [gv], t.d. [gvi:t] adj og [gvas:] adj. osb. Dette har A-Tel sams med Numedal, Hadeland og den øvste luten av Solør i Hedmark (Skjekkeland 2005:87, 209).

Voksteren av gno. *hv* i framljod har, etter tradisjonelt mål å rekna, ei klår fordeling i Telemark. V-Tel, Drangedal og Sannidal har [kv], Aust-Telemark har [gv], og resten av

Telemark har [v]. I tradisjonelt vikværske har ein hatt [gv] i einskildord (Gjermundsen 1977:67).

I spørjeorda er gno. *h* vedhalden medan gno. *v* er bortfallen, t.d. [høt:], [høk:ən] pron. osb.

2.4.3.5 Gno. *rn* og *fn*

Gno. *rn* er assimilert til [n:], t.d. [høn:] n. < gno. *horn*, [bɪn:ə] f. < gno. *birna*, [çɪn:ə] inf. < gno. *kirna*, [kvɛn:] f. < gno. *kvern* osb. I nokre ord har me likevel retrofleks uttale, t.d. [ø:ŋ] m.

Gno. *fn* (gno. *nafn*) er partielt assimilert til [mn], t.d. [nemn] n. < gno. *nafn*, [sømnə] inf. < *sofna*, [jemn] adj. < gno. *jafn*. Likevel heiter det [øm:] < gno. *ofn* med full assimilering.

2.4.3.6 Anna å merka ved konsonantismen

Dei gno. konsonantsambanda *mb*, *ld*, *ng* og *nd* er assimilerte i sauheringsmålet., t.d. , [tøm:ər] n., [kvel:] m., [laŋ:] adj., [lan:] n. Det finst likevel, som i bøheringsmålet (Skjekkeland 1980:43), nokre unnatak, d.e. vedhalden gno. *nd* i innljod, t.d. [vændə] inf., [endəfram:] adv., [unda] prep. osb.

Sauheringsmålet [g] har ikkje vokalisering av gno. *g* i utljod etter vokal. Soleis heiter det t.d. [sku:g] m. og [pʁu:g] m.

2.3 Substantiv

Substantivbøyinga skil måla i Telemark frå einannan. Skulerud (1918:4 og 82) seier det soleis: «Ifraa vikversken i Holla og Solom skil austtelemarksken seg m.a. ved sine tydelege, vel skilde endingsvokalar i fleirtalsendingarne gno. normal *-ar*, *-ir*, *-ur*» og «Ifraa vikvermaali i sudaust og upplandsmaali i aust skil dølemaali seg serleg ved det greide skil dei gjer paa fleirtalsendingarne *-ir* og *-ur*». I målføresynopsisen svarar gno. *-ar* konsekvent til *-ær* i Sauherad medan resten av Aust-Telemark (Heddal og oppetter) har *-ar*. Schulze (1975:233) skriv om dette at: «[e]ndingi *-ar* i Lunde og til deils Sauherad har *æ*-klang, soleis *hestär*, medan Sauherad elles synest ha greid *a* i ubundi fleirtal: *hestar*.» Skjekkeland (1980:46) seier at «[d]et er nokre gonger vanskeleg å avgjera om endinga er -ar eller -ær [...]» i bøheringsmålet. Det ser ut til at at me må vente vakling på dette punktet.

I målføresynopsisen er b.pl. konsekvent oppført med tostavingsformer, t.d. /hestæn:/ m. Likevel seier Schulze (1975:234) at det «[i] Sauherad og Bø synest det vera vingel millom *hestènn* og *hestènne*, *jentunn* og *jentunne*. Det kan vitna um ei tevling millom tvostavingar og tristavingar i dei bygdene». Skjekkeland (1980:46) seier òg at ein høyrer både to- og trestavingsformer i bøheringsmålet, men at A.B. Larsen og Schulze alltid noterer trestavingsformer. Målføra oppover i Aust-Telemark, frå Heddal og oppetter står oppførte med tostavingsformer i målføresynopsisen.

Under syner eg substantivbøyinga i sauheringsmålet i ub.pl. Oversynet er byggjer på Skjekkeland (1980)

-ær

sterkt m.	/kvist/	/kvistn/	/kvistær/	/kvistæn:/
	/gu:t/	/gut:n/	/gut:ær/	/gut:æn:/
lint m.	/baç:ə/	/bak:ən/	/bak:ær/	/bak:æn:/
sterkt f.	/my:r/	/my:ra/	/my:rær/	/my:ræn:/
	/bo:k/	/bo:ka/	/bø:kær/	/bø:kæn:/

-ir

sterkt m.	/səu/	/səuən/	/səuir/	/səuin:/
sterkt f.	/ku:/	/ku:a/	/ku:ir/	/ku:in:/

-ur


lint f.	/vi:sə/	/vi:sa/	/vi:sur/	/vi:sun:/
	/stugu/	/stu:go/	/stu:gur/	/stugun:/
lint n.	/əuga/	/əugə/	/əugur/	/əugun:/
	/ø:ra/	/ø:raə/	/ø:rur/	/ø:run:/ø:ro/

3 Talemålsvarietetar og talemålsendring

Her viser eg fyrst kva eg legg i dei ulike omgrepa i språkvitskapen. Dinest greier eg ut om ulike utviklingstendensane i norsk, og til sist greier eg ut om mogelege grunnar til dei språkendingane me ser.

3.1 Talemålsvarietetar

Auer og Hinskes (1996) har konstruert dei fleirdimensjonal modell der ein ser føre seg at dialektnivelleringa skjer langs eit *horisontalt kontinuum* og eit *vertikalt* hierarki. Nivellering går føre seg både mellom dei ulike målføra langs botnlina – horisontal som vil seia dialekt-dialekt-konvergens, eller mellom målføra og standardvarieteten som vil seia ein vertikal dialekt-standard-konvergens. Den horisontale aksen syner ein geografisk dimensjon, medan den vertikale aksen syner både ein geografisk- og statusdimensjon. Det er viktig å presisera at dialektnivellering både har ei prosess- og resultatside i seg. Røyneland (2005:45) skriv at «Resultatsida fører til mindre variasjon i diasystemet (dvs. både inter- og intradialektalt), medan prosess-sida fører til meir variasjon innafor diasystemet».



Figur 1

3.1.1 Dialekt - målføre

Dialekt, målføre, bygde- og bymål – kjært barn har mange namn. Endå flest alle kjenner omgrepet *dialekt*, er det ikkje jamt like klårt kva me legg i det. Christiansen definerer dialekt soleis:

«Med dialekt mener vi som regel en talemålform, som avviker fra landets offisielle språk. Når vi snakker om for eksempel trøndsk dialekt, mener vi talemålet i Trønderlag med de særegenheter [...] som skiller trøndsk mål fra det vi oppfatter som normalnorsk, enten vi nå tenker på riksmål eller landsmål» (1946:5).

Det er nok soleis «folk flest» er vane med å definera omgrepet. Som ein «lokal varietet, knytt til «landskap» eller «distrikt» [...] (Papazian og Helleland 2005:26). Bjørkum klårgjer endå meir når han seier (1983:29): «Med eit målføre eller ein dialekt meiner me vanleg det *nedervde* talemålet i ei bygd, på ein stad eller ein landslut, då slik at dette *talemålet* eller denne *målformi* er sermerkt for staden eller landsluten». Med *nedervd* meiner me då dei målmerka som har gått i arv og som er overleverte frå gamalnorsk. Som ein konsekvens må me skilja mellom kva former som er lån, og kva former som er nedervde i eit målføre. Når nokon t.d. seier at dei unge ikkje talar *dialekt* lenger, skjønar dei omgrepet slik det er avgrensa ovanfor.

Likevel vel fleire sosiolingvistar å nytta omgrepet *dialekt* etter anglo-amerikansk mønster – synonymt med lokal eller sosial *talemålsvarietet* (jf. t.d. Sandøy 1996). I denne tydinga vert *dialekt* eit samleomgrep for *sosiolektar*, *etnolektar*, og jamvel *standardtalemål*. Soleis talar *alle* ein dialekt, anten dei talar vestkantmål i Oslo eller telemål i Telemark.

Papazian og Helleland meiner at den anglo-amerikanske tydinga av dialekt er «forvirrande», og seier at:

«Om einkvan t.d. snakkar ein varietet som ligg innafor rammene av det skriftlege bokmålet, så bør ein seie at vedkommande snakkar bokmål og ikkje ein dialekt. Dessutan har vi ordet «varietet» for det vide omgrepet, og kan reservere «dialekt» for den tradisjonelle, tronge tydinga, om *ein særleg type* av varietetar som står i motsetning til *riksspråk* så vel som til nasjonalspråk» (2005:25).

Sjå t.d. Venås (1991:107) og Skjekkeland (1997:16) for same synet. Eg er samd med Papazian og Helleland i at me kan halda av *dialekt* eller *målføre* til den tronge tydinga, og soleis vil eg nytta omgrepet i denne oppgåva. Det har etter mi meining meir føre seg å omgrepsfesta eit avgrensa målfenomen enn å gjeva omgrepet *dialekt* mest mogleg semantisk innhald. Likevel vil eg somtid nytta omgrepet *nedervt målføre* om bygdemålet i Sauherad, so at det ikkje vert mistydt kva eg meiner.

3.1.2 Regionaltalemål – regional dialekt

Regional dialekt er ein sams dialekt som vert nytta i ein heil region, t.d. austlandsregionen. I regionaliseringsprosessen vert målmerka mellom ulike bygder, eller lokalsamfunn, meir einsleta eller utjamna. Lite utbreidde former vert bortlagde, medan alt utbreidde former

spreier seg. Bymåla i dei største byane, eller «distrikts-hovudstaden» i kvar region, styrer ofte utviklinga. Oslo på Austlandet, Bergen i Hordaland osb. (jf. t.d. Papazian og Helleland 2005:141). Me har nok ikkje, enn so lenge, noko som kan kallast regionale dialektar i Noreg. I staden for dei regionale dialektane kan me difor plassera bymåla i regionshovudstadene på det nest lågaste nivået i modellen åt Auer og Hinskens. Skjekkeland seier:

«I våre dagar er det nok svært vanleg at dialektdrag frå «storbyen» først spreier seg til andre byar og tettstader i regionen eller landet. I neste omgang trengjer dei nye formene i bymålet seg inn i bygdemåla rundt desse stadene. Spreiing av språkdrag frå by til by har me ovanfor kalla spreieing etter eit «hoppe»-mønster (i språksosiologien kalla «urban jumping»). Forsking har vist at [...] lågstatusvarianten (folkemålet) [...] har størst gjennomslagskraft. Det er dette talemålet som er «ekspansivt» og som kjem til å prega talemålet i regionen.» (1997:23).

Sauherad har byar tett innpå seg. Sønnafor har me Skien, fylkeshovudstaden, og nordover har me Notodden. Sauheringsmålet ligg ikkje nær talemålet i desse byane – sauheringsmålet har mykje sams med midlandsmålet, medan målet på Notodden og i Skien i hovudsak er vikkværske mål, som har mykje sams med bokmål. Likevel kan me nok plassera bymåla på Notodden og i Skien på den nest nedste staden i modellen. I 1947 syntte Dalene i ein artikkel i «Maal og Minne» korleis bymåla påverka bygdemåla i nedre Telemark. I boka *Målbryting i Hedrum* syntte Steinsholt (1964) korleis bymålet i Larvik alt i 1930-åra prega bygdemålet i Hedrum.

3.1.3 Standardtalemål

Eit *standardtalemål* er ein språkvarietet utan geografisk heimfesting og byggjer på eit skriftmål (jf. t.d. Venås 1991:266). I Noreg har me ikkje noko offisielt normert talemål (t.d. i form av offisielt vedtekne uttaleordbøker el.l.), som i dei fleste europeiske land. Spørsmålet vert difor om me har eit *uoffisielt* standardtalemål i Noreg. Mæhlum (2009:13) meiner at me har eit talemål som står i ei særstode jamført med alle andre norske talemålsvarietetar og at: «denne varietetten befinner seg på toppen av det nasjonale språklige prestisjehierarkiet». Denne standarden er ikkje offisiell, men «[...] en *mental standard*; en talespåklig rettesnor som trass sin uoffisielle status fungerer som en *operativ norm* for språkbrukerne i Norge» (Mæhlum 2007:45).

Mellom fagfolk vert standardvarietetten ofte kalla *standard austnorsk*, *søraustnorsk*, *standardtalemål*, *danna austnorsk* eller *talt bokmål*. Likevel høyrer ein ofte at «vanlege folk» ofte seier å *snakka bokmål*, *riksmål*, *oslomål* eller *austlending* (Mæhlum 2009:13). Tala nynorsk har korkje hatt stor suksess eller gjennomslagskraft i det norske språksamfunnet og kan difor ikkje reknast for eit standardtalemål, i den mon tala bokmål kan det (Røyneland

2009). Det har vore vanskeleg å slå fast kva språkformer standardvarieteteten har. Nokre spørsmål kan t.d. vera om standardvarieteteten har *tjukk-l* og hokjønn. Difor vil somme seia at det finst *to* standardvarietetar i Noreg. D.e. ein konservativ standard som ligg nær vestkantmålet i Oslo, og ein radikal standard som er eit meir folkeleg, tradisjonelt talemål prega av austkantmål (Røyneland 2003:25).

Men å kalla «det tala bokmålet» for eit standardtalemål er ikkje heilt uproblematisk dersom me legg til grunn at eit standardtalemål skal vera «overregionalt», «geografisk umarkert» og «nøytralt», etter di standardvarieteteten er knytt til Oslo og området omkring. Det er m.a.o. liten tvil om at denne bokmålsstandarden vert oppfatta som austlandsk. Likevel spør Mæhlum (2007:46) om det i det heile er mogeleg at ein varietet: «[...] *ikke* inkluderer drag med en viss geografisk signalfunksjon?» Somme forskarar meiner t.d. at RP ikkje er geografisk nøytralt og at «[...] standard English only occurs with ‘milder regional accents’» (Mesthrie et al. 2000:24 i Mæhlum 2007:46).

Me har sett døme på at éin og same kode både kan signalisera eit geografisk nøytralt, men samstundes geografisk markert talemål (Mæhlum 2009:14). T.d. seier ein av ungdomane på Tynset «[...] oslodialekta forbind jæ me sånn status og rike folk og sånn [...] jæ tenker på vestkant og sånn [...] viss vi kjæm til Oslo ser dæm på oss som bygdetullinger det trur jæ og bønder = dumme bønder» (Røyneland 2005:521, 523). Mæhlum konkluderer at:

«Denne tvetydigheten er et innebygd og nærmest uunngåelig paradoks ved den norske talemålssituasjonen, noe som naturlig nok fører til at egenskaper og konnotasjoner som gjerne tillegges den *ene* av disse to varietetene, standardtalemål eller oslomål, svært ofte blir overført til den andre og vice versa» (2007:47).

Det tyder kan henda at me må leva med denne tvitydinga. Me kan likevel slå fast at «det tala bokmålet» er *den* varieteteten som kan signalisera noko geografisk nøytralt, endå han samstundes er ein austnorsk markør. Alt i alt er det liten tvil om at det er denne varieteteten som står på toppen av pyramidemodellen til Auer og Hinskens.

3.1.2 Utjamning av dei norske målføra

I det norske språklendet har me hatt tydelege målgrenser (eller isoglossar) mellom dei ulike landslutene og mellom dei ulike bygdene. Stundom har ein hatt ulike målgrenser i éi og same bygda med. Det er skort på kontakt og kommunikasjon mellom folk som har gjort at me har hatt desse grensene, og denne skorten har gjort at me har ulike målføre i Noreg. Di lenger folk

har vore skilde frå kvarandre, di større vert målskilnadene (Papazian og Helleland 2005:26). Når samkvemmet mellom folk vert større, fell mange av dei gamle språkgrensene bort.

Røyneland (2005:39) nyttar omgrepet *dialektnivellering*. Dialektnivellering inneber at variasjonen i eit lingvistisk system vert mindre, m.a.o. ein *utjammingsprosess*. Spørsmålet vert om denne prosessen er ei *regionalisering* eller *standardisering*. For undersøkingane i denne oppgåva, vil det vera nyttig å gå litt nærare inn på skilnadene mellom desse omgrepa, og det vil vera naturleg å spørja om desse utjammingsprosessane heng saman, eller om det er to utjammingsprosessar som ikkje har noko med kvarandre å gjera i det heile. Dette har vore eit omdiskutert emne mellom fleire språkforskarar.

3.2.1 Regionalisering og standardisering

Standardisering vil seia at bokmålet, anten i tale eller skrift, påverkar målføra, av di tala bokmål har hatt lang tradisjon (bortimot 300 år), og ikkje minst av di flest alle skriv, les og høyrer bokmål til dagleg. Konsekvensen vert at bokmålet påverkar målføra over heile landet. Særleg vert målføra på Austlandet og bymåla påverka, og bymåla påverkar bygdemåla omkring (Papazian og Helleland 2005:142). Nynorsken har, endå han er eit rikssmål, ikkje på langt nær påverka målføra i like stor mon. *Regionalisering* vil seia at målføreskilnadene mellom ulike bygder kverv «til fordel for språkdrag som dekkjer eit større område» (Sandøy 2003:227).

Vertikal nivellering vil seia at berre ein varietet (oftast standardtalemålet) påverkar ein annan varietet (oftast målføre) medan horisontal nivellering tyder at ulike målføre på same nivå påverkar og nærmar seg kvarandre. Vertikal nivellering kan vera standardisering, og horisontal nivellering kan vera regionalisering. Om heddalsmålet påverkar sauheringsmålet, og omsnutt, er det døme på horisontal påverknad. Likevel er det viktig å skilja mellom prosess og produkt. Soleis treng ikkje den vertikale nivelleringa føra til standardtalemål, men like gjerne eit regionalt talemål (Røyneland 2005:45).

Me nyttar omgrepet *konvergens* når varietetar vert meir like, og *advergens* når berre ein varietet nærmar seg ein annan (Røyneland 2005:44). Det vanlege er at konvergens skjer med nivellering langsmed den horisontale aksa, sidan det er sannsynleg at bae målføra vil nærma seg kvarandre når «den relative makt og statusbalansen mellom dei impliserte varietetane er nokonlunde symmetrisk» (ibid.). Nivellering langsmed den vertikale aksa er derimot prega av advergens av det: «Det mest vanlege er at dialekten nærmar seg standarden, men ikkje

motsett, fordi det relative makt- og statusforholdet mellom standard og dialekt i regelen er asymmetrisk» (ibid.).

Dersom oslomålet eller standardtalemålet påvirker bymålet i t.d. Skien, som er maktsentrumet i Telemark, er det døme på advergens. Sameleis når dette bymålet påvirker målet på Ulefoss (kommunesentret i Nome), som er større enn Sauherad. I dette tilfellet er makt- og statushøvet asymmetrisk, og nett difor er det sjeldan at påverknaden skjer den andre vegen, ved at sauheringsmålet påvirkar t.d. målet i Skien. Skien og området omkring har større påverknad av di byen har fleire ibuarar og viktige samfunnsinstitusjonar. Difor kan bymålet påverka i mykje større mon enn t.d. Bø eller Heddal.

3.1.3 Regionalisering eller standardisering?

Når me talar om regionalisering og standardisering, kjem me ikkje unna nokre spørsmål: Er standardisering og regionalisering to ulike utviklingstendensar, eller er regionaliseringa underordna standardiseringa?

Etter Røyneland (1999:103) er regionalisering fyrst og fremst ein reduksjon av variasjon mellom ulike lokale eller meir eller mindre regionale dialektar, dvs. nivellering langsmed den horisontale aksene (punkt 3.1), medan standardisering vil seia reduksjon av variasjon mellom dialekt og standard, dvs. nivellering langsmed den vertikale aksene. Produkta av desse horisontale og vertikale prosessane kan kallast regiontalemål og standardmål. Men likevel treng ikkje standardisering føra til standardtalemål. Det vil seia at den horisontale og vertikale dimensjonen ofte er innbyrdes ihopknytte, og difor kan dei vera vanskelege å skilja.

Skjekkeland (2000:73) slår fast at regionalisering i ein del tilfelle kan falla saman med standardisering, sidan eit standarddrag òg kan finnast som eit geografisk drag i regionen. Eit døme kan vera om «har vært», som er vanleg i Skien, kjem inn i staden for «har vore», som dei tradisjonelt har sagt i Sauherad. Eit anna døme kan vera om forma «ikke» kjem inn i staden for «ikkje». Om sauheringsmålet skulle ha fått desse draga, ville det vera vanskeleg å sjå prosessen som noko anna enn standardisering. Mæhlum skriv (2009:20) at standardisering er uttrykk for *prosessen*, medan «regionalisering er betegnende for de ulike *resultatene* av prosessen; altså slik standardiseringen kommer til uttrykk i de respektive regionene [...]».

Når standarddraga går vegen om sentrum før dei når bygdene, kallar me ‘urban jumping’ eller på norsk ‘by-hopping’ (Skjekkeland 1997). Det vil seia at standarddraga fyrst kjem til byane

og tettstadene, og at dei breier seg utetter i det området. Men kan me kalla nivelleringsprosessen for regionalisering berre av di standarddraga *fyrst* kjem til sentrum i regionen og *etterpå* kjem til bygdene kringom? Eller ville det vera meir rett, sidan talemålsdraga kjem frå bokmål, å kalla prosessen standardisering? Røyneland (1999:108-109) seier at: «Dersom det er slik at det *berre* er standardformene som spreier seg, så vil ein kunne hevde at dette [standardisering] er tilfellet, men dersom særskilte trondheimsformer spreier seg, så kan ein forsvare å kalle det for ei regionalisering».

Mæhlum (2009:19) meiner at byane ligg føre «sitt omland når det gjelder selve graden av endring og novasjonar». Det er lite truleg at standardformer vil verta bruka ute i distrikta *utan* at dei same formene alt vert bruka i talemålet i det urbane senteret som ligg nærast. Byen, som er eit sosiokulturelt og administrativt sentrum, leier opptaket av novasjonar og fungerer som direkte eller indirekte reguleringsinstans for eit mellomstort område. Mæhlum brukar Trondheim og Kristiansand som døme og seier at ingen av bymåla fungerer som noko «[...] selvstendig regionalt normideal for de pågående nivelleringsprosessene i henholdsvis trøndelags- og sørlandsregionen». Ho ser føre seg at omfanget av påverknaden som bokmålet har oppnått i dei regionale sentra, kan fungera som «[...] en imaginær grense for hvor langt det er sosialt «tilrådelig» å gå for språkbrukere bosatt andre steder i den aktuelle regionen» (ibid.).

Difor vil Mæhlum (ibid.:20) seia at «termen [...] standardisering» «trolig er den mest presise betegnelsen på det meste av det som foregår av dialektnivellering i Norge». Standardisering vert soleis uttrykk for prosessen, medan «[...] 'regionalisering' er betegnende for de ulike *resultatene* av prosessen; altså slik standardiseringen kommer til uttrykk i de respektive regionene». Røyneland (1999:104) seier at eit klårt skilje mellom regionalisering og standardisering føreset at ein opererer med klårt definerte, distinkte varietetar som ikkje overlappar kvarandre, noko dei ofte gjer i praksis. Konklusjonen vert difor at regionalisering somme tider kan falla saman med standardisering, av di eit standarddrag òg kan finnast som eit geografisk drag i regionen. Røyneland slår fast at regionalisering og standardisering er nært knytte, men ikkje identiske prosessar. Det er viktig at me skil mellom *prosess* og *produkt* (Røyneland 1999:103). Soleis er både regionalisering og standardisering prosessar og ikkje produkt av talemålsutviklinga.

Mæhlum (2009:19) seier at det søraustnorske bokmålsnære talemålet har ei normativ kraft på heile det norske målsamfunnet, og at det i kraft av «[...] sin posisjon som et nasjonalt,

ukodifisert standardtalemål fungerer [...] som et landsdekkende språklig ‘overrislingsanlegg’». Ho seier dessmeir at dei handfaste verknadene av overrissinga ikkje er identiske alle stader, og ho peikar m.a. på at det lingvistiske «jordsmonnet» har mykje å seia for resultatet av overrissinga. Med det meiner ho at verknaden av impulsar frå eit søraustnorsk, bokmålsnært talemål vert annleis i ulike landsluter, og at standardpåverknad ikkje vil gjeva talemål som er identiske med påverknadskjelda. Ho slår fast at «[t]il dét er som regel den lingvistiske avstanden til et bokmålsnært sørøstnorsk rett og slett for stor; det gjelder ikke minst prosodisk og fonetisk». Dess meir seier ho at når resultatet av påverknaden vert meir eller mindre identisk med standardtalemålet, kan ein velja å kalla utviklinga for regulær «avdialektifisering».

3.2 Kvifor skjer endringane?

Det kan vera greitt nok å få fram kva for drag som kjem inn, og kva drag som går ut i eit målføre. Endå me veit lite om *kvifor* målet endrar seg, kan me likevel setja opp nokre hypotesar og årsakssamanhengar som verkar rimelege ut frå den innsikta me har. Me skil gjerne mellom indre (innomspråklege) og ytre (utanomspråklege) faktorar (Sandøy 1992:232).

3.2.1 Indre faktorar

Med *indre faktorar* meiner me faktorar som ligg i språket. Kvar ny språkbrukar må systematisera språket på nytt – dei prøvar og feilar når dei skal byggja opp strukturen i språkkompetansen sin. Fyrst lærer ungane dei mest systematiske reglane i språket, medan særlege reglar og unnatak tek lengre tid å læra. Språkbyggnaden er innfløkt og difor: «[...] har ingen kontroll med at det språket den nye generasjonen har lært, er fullt ut det same som språket åt dei eldre» (Sandøy 1992:232). Dei unge kan laga system som er meir konsekvente enn det gamle og som Sandøy seier vidare: «I sjølve språkssystemet ligg det altså eit stadig tildriv til *nyregulering*, og eit levande språk har alltid ein kime i seg til forandring» (ibid.).

3.2.1.1 Regelavgrensing og regelutviding

Sandøy (1996:132) set opp fleire indre faktorar. Den eine er *regelavgrensing*. Det vil seia at ein grammatisk regel vert meir avgrensa eller fell bort. Ein annan faktor er *regelutviding*, som tyder at ein regel får ein meir generell form. Sandøy syner til m.a. til bruket av r-ending i

ubunde fleirtal av inkjekjønnsord. Han meiner at endingane i ubunde fleirtal av hankjønns- og inkjekjønnsorda, som ofte får r-ending, kan gjere det enklare for inkjekjønnsorda å få r-ending. I mange målføre seier ein /epler/ eller /eplur/, til tross for at ubunde fleirtal av inkjekjønn i gamalnorsk vantar ein eintydig fleirtalsending, slik som i normalnynorsken der det heiter /eple/ i sg. og pl.

3.2.1.2 Analogi

Analogi vil seia at uproductive klasser, dvs. klasser som ikkje får fleire medlemmer, får medlemene sine overførte til produktive klasser (Sandøy 1992:235). Eit døme kan vera at born ofte bøyer sterke verb etter mønster frå linne. Det er grunnen til at mange sterke verb har fått linn bøyning med tida. Ein gjennomfører ein hovudregel, eller utvidar han, på kostnad av unnatak i språket. Soleis får ein somme bøyingsklasser som minkar (uproductive klasser) og somme bøyingsklasser som aukar (produktive klasser) (Papazian og Helleland 2005:140). Eit døme kan vera verbet /å flå/ som før hadde sterk bøyning, jf. /flo/ i pret., men som no får bøyinga /flådde/. Nord i Østfold ser me at alle substantiv får endinga /ær/ i ub.pl., slik at det heiter /jenntær/, og ikkje som elles i det vikkværske området /jennter/ (ibid.).

Eit anna døme er at dei maskuline *i-*, *ja-* og *u-*stomnane vert overførte til *a-*stammebøyinga, men derimot ser *ō-*stammebøyinga ut til å halda seg betre, kan henda av di suffikset *-ing* er produktivt, meiner Sandøy (1992:235). Dette ser me i Skjekkkelands (1980:143) gransking frå bøheringsmålet der dei maskuline *i-*, *ja-* og *u-*stomnane går over til maskuline *a-*stomnar. Overgangsprosenten er på 50 % hjå dei yngste, medan dei fem. *ō-*stammene låg på 30 %. Frå same granskinga ser me at ei gruppe feminine substantiv (gno. jamvektsord): /ei viku – den viko/ går over til det produktive bøyingsmønsteret for svakt femininum, dels ved å få: /viku – vikua/, men vanlegast hjå dei yngste var: /vike – vika/ (ibid.:145).

3.3.1.3 Funksjonell tyngd

I grammatikken har me eit system av motsetnader som må ha ei språkleg markering. Somme endringar kan koma til for å skapa tydelegare markeringar. Sandøy (1992:237) syner til sørvestlandsk der det har kome dentalending i pret. av mange verb: /dansa – danste/. Utgangspunktet for denne opposisjonen er *r*-bortfall i presens. Men det kan òg vera motsetnader som har lite funksjonell tyngd, og der fører utviklinga ofte til samanfall. Opposisjonen mellom palatalane /j, c, ɲ, ʎ/ og dentalane /d, t, n, l/ har lite funksjonell tyngd

(ibid.). Det kan vera grunnen til at palatalane går attende i søre grenseområdet til bate for tilsvarande dentalar (Øverby 1974:18).

Eit anna døme ser me i pers. pron. 2. person flt., der skilet mellom subjektsform og objektsform har gått ut. Dette fenomenet er påvist fleire stader i landet (sjå Sandøy 1992:238). Skjekkeland (1980:50,154) synte at subjektsforma /de/ går ut og at objektsforma /dekkan/ kjem inn på denne staden i bøheringsmålet - /de ska vaske dekkan/ vert /dekkan ska vaske dekkan/.

3.2.1.4 «Det naturlege»

Endå ein faktor me kan nemna kva som er naturleg. Sandøy (1992:238) skriv: «Ei retning innanfor språkvitskapen legg stor vekt på det som blir kalla naturlegheit, og meiner at – om ikkje andre faktorar pressar på i andre retningar – vil språket utvikle seg mot det naturlege». Somme drag er meir frekvente i eit mål, medan andre er meir sjeldsynte. Dei mest frekvente draga er meir *naturlege* (ibid. 1996:135). Når me lagar vokalane, freistar me t.d. å utnytta staden i munnhola best mogeleg, slik at me lagar maksimal avstand mellom fonema. Sidan den vertikale avstanden som er tilgjengeleg bak i munnhola, er mindre enn lenger fram, vert ofte bakre vokalar skuva fram i norske målføre. Ofte av /u/ og /o/, men det kan òg skje eit samanfall, d.e. oftast /o/ og /ɔ/ (Sandøy 1992:238). Somme meiner (m.a. Larsen og Stolz 1912:91 i).

3.2.2 Ytre faktorar

3.2.2.1 Auka mobilitet, betre kommunikasjonsmiddel og sentralisering

Det har gått føre seg ei enorm utvikling det siste hundreåret. Det som særmerkjer samfunnet i dag, er m.a. at me har gått frå å vera eit bufast til eit mobilt samfunn. Ikkje minst har dette ført til store endringar i busetjingsmønsteret (Skjekkeland 2005:23).

Kommunikasjonen og mobiliteten har vorte betre, og ikkje minst har betre samferdsle fått innverknad på talemålet. Betre og fleire vegar, jarnvegar og flyplassar har gjort at folk på tvers av byar og bygder kan møtast oftare. Folk flytter meir på seg enn før, ofte frå bygder til byar og omsnutt, frå ein by til ein annan by, eller frå ei bygd til ei anna. Om mange innflyttarar kjem til småe stader, er påverknaden størst, men i store byar kan ikkje innflyttarane påverka talemålet i same mon (Papazian og Helleland 2005:146-7). Ofte fer

unge folk ut frå heimbygda ein tidsbolk og kjem att etter nokre år, og om desse har endra målet sitt i den tida dei har butt borte, kan dei vera med på å påverka målføret på heimstaden. Det er slike folk Anders Steinsholt (1962) kallar «språkmisjonærar».

Administrative institusjonar finst ofte berre i dei større byane, og desse kjem bygdefolk frå fjern og nær i kontakt med. Folk frå bygdene pendlar ofte inn til byane for å arbeida, og soleis kan talemålet deira verta påverka.

Olai Skulerud skriv i «Telemaalet i umriss» (1918:8): «Gjennom skulen og kyrkja – og her-tenesta – sîg kulturmaalet i Norig i dei seinare hundradaari meir og meir innnyver, baade med nye ord og med umskiping av gamle ord og avleidings-endingar». Me kan m.a.o. slå fast at ytre faktorar ikkje er noko nytt, men at dei har vore til stades i tidlegare tider òg. Skilnaden må likevel vera at mobiliteten vert betre og kontakten større.

I våre dagar ser me at folk brukar Internett i stor mon. Massemedia er ein stor påverknadsfaktor. Aviser, radio og fjernsyn. Ikkje minst har kontakt på Internett auka drastisk dei seinaste åra. Her er det riksspråk, i størst mon bokmål, som dominerer. Skjekkeland (1997:22) seier at foreldra ikkje er like store språklege førebilete no som før. Me kan dimed slå fast at ytre faktorar som betre samferdsle og kontakt mellom folk ikkje er noko nytt i målsoga.

3.3.2.2 Industrialisering og urbanisering

Andre viktige grunnar til utjamning av målføra er auka *industrialisering* og *urbanisering*, som òg er mykje av grunnlaget for det eg skreiv ovanfor. Dei siste 150 åra har vore prega av industrialisering, som har ført til store endringar i næringsliv og busetjing. Me har gått bort frå eit samfunn der flest alle arbeidde innanfor primærnæringa, og over til eit industrialisert og tenestebasert samfunn der flest alle arbeider innanfor sekundær- og tertiærnæringar. Sidan desse næringane i hovudsak berre finst i byar og tettstader, må folk flytta eller pendla til desse områda. Resultatet av denne overgangen vert at me har fått urbanisering, og det har på fleire stader ført til me har fått mange nye bymål som skil seg frå kringliggjande bygdemål. Når folk frå ulike bygder flytter inn til den same byen, vert målføra slipte mot kvarandre (Papazian og Helleland 2005:146). Pendlarane kan verta påverka av talemålet der dei arbeider, og kan taka desse draga med seg til heimbygda.

3.2.2.3 Haldningar og prestisje

Ovanfor har eg drøft omgrepet *standardtalemål*, og som me veit, er standardtalemålet, eller det tala bokmålet, det mest prestisjefylte talemålet i Noreg. Flest alle vert utsette for tala bokmål gjennom t.d. radio og fjernsyn, og difor er det ikkje uventa at standardtalemålet set spor i målføra våre. Born legg ofte om til bokmål når dei leikar, og mykje av grunnen kan nok vera at dei oppfattar bokmålsnær tale som eit slag standard – noko som er nøytralt og vanleg. Det kan òg vera vitnemål om at denne varietetten er knytt til status og prestisje (Røyneland 2003:26). Me ser òg at folk som stigg i det sosiale hierarkiet, normaliserer talemålet sitt. Det var nok vanlegare å normalisera for nokre tiår sidan, føre dialektbylgja på 1970-talet, enn det er i dag. Det finst likevel fleire grunnar til at somme vel å normalisera talemålet. Somme er heilt medvitne om at dei legg om. Andre normaliserer talemålet for å gjera kommunikasjonen lettare, ved å rydda unna drag som kan forstyrre kommunikasjonen.

Som eg var inne på, har det vorte lettare å flytta på seg og fara mellom småe og store stader. Men Sandøy skriv (2003:233) at kommunikasjonen mellom sentrum og periferi ikkje kan forklåra *retninga* på utviklinga. Påverknaden går alltid *ut* frå sentrum og ikkje *inn* til sentrum. Sandøy (ibid.) hevdar at mentaliteten hjå folk i sentrum kan vera «eit produkt av at sentrum 'har alt'». Bygdesamfunna, som ligg i periferien, er prega av ein tanke om at dei vantar somme funksjonar, og at dei difor må henta tenester og liknande frå sentrum. Denne fordelinga av funksjonar gjev folk ei oppleving av hierarki og hegemoni (ibid.). Endå ein har medvitne eller umedvitne haldningar kring eige talemål, er det vanskeleg å tenkja seg at ein ikkje til ein viss mon vert påverka av sentrum. Alle må på ein eller annan måte ha kontakt med sentrum.

Ein ser ofte at målmerke med låg prestisje vik for målmerke med høg prestisje, og som nemnt har standardtalemålet og/eller bymålet høg prestisje. Sandøy (1996:138) syner til eit døme frå Gloppen i Indre Nordfjord, der ljoden /ɛ̃/ har låg prestisje, av di folk ser på han som «stygg». Yngre folk har difor bytt ut denne ljoden med /ɔ/. Likevel finst det òg døme på at målmerke med låg prestisje kan breia seg. Sandøy seier at somme språkbrukarar kan syna solidaritet og eigen identitet ved å bruka somme målmerke, endå desse målmerka vert oppfatta som «stygge» eller «breie».

4 Metode

Metoden er framgangsmåten me nyttar for å finna svar på forskingsspørsmåla våre, og er eit middel til å få ny kunnskap. Dei einskilde forskingsspørsmåla gjer somme metodar meir aktuelle å nytta enn andre.

Nedanfor skal eg fyrst gjera greie for korleis metodane har endra seg i talemålsgranskinga. Eg drøfter òg i kva grad me kan seia at målføra har endra seg, eller om det er metoden for innsamling av materiale som har endra seg. Etter det kjem eg inn på mi eiga gransking og mitt eige metodeval for oppgåva.

4.1 Dialektologisk metode

Interessa for målføra som forskingsobjekt voks fram av arbeidet med *den samanliknande språkvitskapen* på 1800-talet. Denne vitskapen la hovudtyngda si på å få fram dei eldre språklege stadia og dei språkhistoriske utviklingslinene. Med det vart innsamlingsarbeidet merkt av eit autentisitetideal der målføregranskarane freista finna informantar etter det engelskspråklege akronymet NORMS som står for Nonmobile, Older, Rulal Males (t.d. Mæhlum og Røynealand 2012:15-16). Om ein ser på kva målføregranskarane ynskte å finna ut, kan ein ikkje seia at utvalkriteria var galne. Intensjonen bak innsamlingane av språklege data var, skriv Nilsson (2010:175), å dokumentera den «[...] «genuina» eller traditionella dialekten i bevarandesyfte».

Det som likevel ikkje var rett, var at (Mæhlum og Røynealand 2012:17): «I analysen av språklige data kunne [...] variasjon i materialet gjerne underkommuniseres eller helt elimineres, slik at talemålet innenfor et gitt geografisk område kunne komme til å framstå som mer homogent og ensartet enn det i realiteten var.» (Mæhlum og Røynealand 2012:17). Dette gjorde at delar av folkesetnaden i dei aktuelle områda ikkje kjende seg att i den språkstoda som vart presenterte av målføregranskarane. Sandøy (1992:296) seier at dette ikkje trong vera intensjonen, men heller ei fylgje av at språkvariasjonen ikkje interessert målføregranskarane.

Dei fleste av målføreinnsamlingane i Noreg vart gjorde i tida før opptaksutstyr vart vanleg. Johan Storm utvikla ei ljodskrift – *norvegia* – i 1884. Storm utforma òg ei standardisera ordliste (Storms «Kortere Ordliste») som har vore bruka til systematisk innsamling i

målføregranskinga (Sandøy 1992:299). Måten innsamlinga vart gjort på, var anten ved at informanten fylte ut lista sjølv, eller at granskaren sat i lag med informanten og skreiv ned formene. Denne innsamlingsmetoden vert kalla *rapportert språkbruk*. Kritikken av denne innsamlingsmetoden er at det faktiske målbruket åt informanten ikkje alltid vert registrert, men heller det talemålet han *meiner* er det rette eller det han *bør* nytta (Mæhlum og Røyneland 2012:16).

Me går attende til forskingsspørsmåla. Me er samde i at om ein gjev eit rangt bilete av målførestoda på ein stad, er ikkje dette heldig. Om ein derimot vil granska målføret som system og gå so langt attende som råd, er heilt klårt dei gamle og sokalla rette formene meir nyttige enn det noverande målet. Difor må ein heile vegen vera klår på kva ein ynskjer å finna ut. Målføresynopsisene gjev for det meste att dei gamle, nedervde talemålet utan omsyn til yngre former. Grunnen til dette er at oppskrivarane stort sett nytta eldre folk som kjelde. Likevel har Telemark fleire kjelder, slik at variasjonen kjem fram (Hellum 2003:5). M.a. står det at den tradisjonelle forma /å tå:kå/ er gamal form, men at /å ta/ er mest i bruk.

4.2 Sosiolingvistisk metode

Sosiolingvistikken tok til med storbygranskingane åt William Labow og Peter Trudgill i USA og England på 1960- og 70-talet. Trudgill (1974:32) seier at “sociolinguistics, then, is that part of linguistics which is concerned with language as a social and cultural phenomenon”. Medan granskarane i den klassiske dialektologien var opptekne av målføret som *system*, er sosiolingvistane opptekne av dei *sosiale mekanismane*. Den klassiske dialektologien har i tillegg vore meir diakront orientert enn sosiolingvistikken som har lagt vekt på synkronien. Sosiolingvistane freistar å finna språkleg variasjon mellom ulike grupper, men òg hjå eitt og same individ (Mæhlum og Røyneland 2012:18-19).

Sidan sosiolingvistane legg vekt på det faktiske språket, vert det naudsynt å observera det i naturleg bruk. Difor må ein freista å skapa naturlege og reelle samtalsituasjonar (ibid.). Informantutvalet kan vera både tilfelleleg og systematisk i ei slik gansking, men ambisjonen er at granskaren skal få eit representativt oversyn over språkbruket. Det tyder at informantane vert ein miniatyrkopi av språksamfunnet som vert granska. Dette kallar me ein *kvantitativ* metode (Akselberg og Mæhlum 2003:77). På den andre sida står *kvalitativ* metode. Her er informantutvalet ikkje like statistisk representativt som i ein kvantitativ metode, men meir

strategisk. Det som særmerker den kvalitative metoden, er kva informantane meiner om språket sitt. Gjennom nærgående intervju kan granskaren få tilgang til ulike sosiale, psykologiske og språklege tilhøve hjå informanten (Akselberg og Mæhlum 2003:77-78).

Kritikken som kan rettast mot dei sosiolingvistiske metodane, kan vera at ein lèt ei gruppe i språksamfunnet vera representantar for heile målførestoda på staden, medan det einkilde individet sitt målførebruk og variasjon ikkje kjem fram. Jenny Nilsson (2010:251) utdjupar: «Ett sådant förhållningssätt medför en risk att man förbiser den stora heterogenitet i dialektbruk som råder inom olika grupper».

4.3 Dialektendring eller metodeendring?

I artikkelen «Dialektändring eller metodändring?» (2010) spør Jenny Nilsson korleis ein skal kunna jamføra dei gamle innsamlingane med innsamlingane i dag. Talemålsforskinga har gått frå å vera orientert mot målføresystemet til å orienter granskingane kring målføresituasjonen. Dimed får me spørsmålet: Korleis kan me jamføra tilfanget frå dei to epokane med kvarandre når utvalskriteria er so ulike, og i kor stor mon kan dei to typane innsamlingar seiast å representerte folkesetnaden i granskingsområdet?

For å få svar på desse spørsmåla har Nilsson sett på ulike opptak. Eit av opptaka er gjort i 1948 og har fått merknaden «bra» i arkivet åt «Institutet för språk folkminnens arkiv» i Uppsala. Informanten (Hilda Larsson) var 61 år gamal då opptaket vart gjort. Nilsson seier at det er «[...] rimligt att anta att Hilda Larsson representerter det traditionella målet på orten 1948». Nilsson (2010:178) har talt opp målmerka åt Hilda og kome fram til at ho har 24 målmerke som skil målføret hennar frå standardtalemålet. Vidare har Nilsson jamført Hilda med to informantar (Anders og Samuel) som kjem frå den same staden og som har vore informantar i prosjektet «Dialektutjämning i Västsverige». Dei var baa 18 år gamle då opptaket vart gjort i 2007.

Nokre språkleg kriterium har ikkje hatt innverknad på utvalet av desse informantane. Opptaket syner at Anders berre brukar to målmerke av dei 24 målmerka åt Hilda frå 1948, medan Samuel nyttar so mange som 17 målmerke. Rett nok er 13 av målmerka åt Samuel ei veksling mellom målmerke og standardtalemål, medan fire målmerke er bruka konsekvent. Vidare fann Nilsson ein informant (Gertrud) frå den same staden og som i dag vert rekna som ein stødig dialektbrukar. Gertrud var i 2008 om lag like gamal for det Hilda var i 1948 og

brukar 20 av dei 24 målmerka åt Hilda (Nilsson 2010:181-182). Nilsson slår m.a. fast at om me t.d. jamfører opptaket åt Anders med Hilda sitt opptak: «[...] verkar det [...] som om det har skett en radikal dialektförändring sedan 1948».

Dette syner at me ikkje kan jamføra informantar tilfelleleg. Nilsson (2010:184) slår fast at: «Det är av stor vikt att man funderar över hur representativa de informanter man studerar är och att man då särskilt beaktar om de är utvalda för att representerte dialektsystemet eller dialektsituationen». Om ein skulle freiste å laga eit gjennomsnitt av kor mange målmerke Anders og Samuel nyttar, ville den heterogene målføresituasjonen verta underkommunisera. Båe informantane er særmerkte på kvar sin kant i bruket av målmerke. Nilsson seier vidare at:

«Ett statistiskt tvärsnitt kan också ge en skev bild av dagens bruk: kanske finns det inte en enda individ som talar just en sådan dialektal varietet som består av en kombination av de genomsnittliga varianter som blir resultatet av en statistisk beräkning. Ett tvärsnitt kan således inte representerte den enskilda dialektalande individen, och om man verkligen vill förstå den rådande dialektsituationen, måste enskilda individers bruk eller icke-bruk av dialekten analyseras kvalitativt» (ibid.:184-185).

Ho seier vidare at om ein skal få eit fullstendig representativt bilete av «dialektsituationen», må ein bruka uhorveleg mange informantar i granskinga, truleg langt fleire enn det som er mogeleg å få til i dag. Når ein berre studerer ei avgrensa mengd informantar, må ein soleis drøfta utvalsmetoden og taka omsyn til representasjonsproblematikken (ibid.).

4.4 Mi eiga gransking

4.4.1 Informantar og informantutval

Eg søkte NSD, og dei godkjende at eg nytta informantar i granskinga mi. Forskingsspørsmåla for denne oppgåva er å finna ut korleis det nedervde sauheringsmålet lyder i dag jamført med målføresynopsisen. Med andre ord skal eg ikkje finna ut korleis den ålmenne språkstoda ser ut i Sauherad i dag, men heller finna ut korleis det tradisjonelle sauheringsmålet lyder i dag jamført med 1948, då tilfanget frå Sauherad vart samla inn av Halvor Dalene. For å kunna finna ut korleis det nedervde sauheringsmålet lyder i dag, og i tillegg samanlikna dette med målføresynopsisen, måtte eg nytta informantar. Informantane nyttar målet i kvardagen, og er difor den beste datatypen som kan syna korleis målet har endra seg dei siste tiåra.

Eg såg det som heilt naudsynt å nytta same «type» informantar som vart bruka i den klassiske dialektologien, og som mest sannsynleg vart nytta av Halvor Dalene i 1948. Difor har eg ikkje valt informantane tilfelleleg, slik at eg kunne seia noko om den *ålmenne* tendensen i

språkutviklinga, men heller strategisk. På den måten granskar eg berre språkutviklinga hjå ein type informantgruppe. Det kravet eg stilte til informantane, var difor kor godt inntrykk eg fekk av målbruket deira. I tillegg fekk eg tilrådd ein del informantar av folk i bygda som kjenner dei og som har «gått god» for at dei talar eit sokalla «godt» sauheringsmål.

Hjå dei informantane som var i tvil på om målet deira var «godt nok», gjorde eg meg opp ei meining etter å ha tala med dei om kvardagslege emne og laust og fast. I fyrste omgang tenkte eg at eg skulle ha som krav at informantane skulle ha både mor og far frå Sauherad, men dette synte seg vanskeleg å gjennomføra hjå absolutt alle, so difor endra eg dette til at informantane minimum måtte ha *ein* av foreldra frå Sauherad. I fyrste omgang fann eg fram til informantane ved å høyra med folk eg kjende i bygda og som kunne tilrå informantar som var «dugande» i målet.

I denne granskinga ser inndeleinga i aldersgruppene ser slik ut:

- Dei eldre: Frå 62 til 87 år gamle.
- Dei middelaldrande: Frå 48 til 56 år gamle.
- Dei unge: frå 16 til 29 år gamle.

I den eldre gruppa er det 11 informantar, i den middelaldrande gruppa er det fem informantar og i den unge gruppa er det seks informantar.

4.4.2 Intervju-metode

Eg kom fram til at det ville vera betre å intervju informantar med fysisk intervju framfor å nytta skjema der informantane kryssar av for den forma dei nyttar. Vidare ville eg strukturera intervjuet ved å nytta ei spørjeliste med ord som informantane skulle uttala. Føremønen med å nytta informantar i intervju er at ein kan kommunisera med informantane og t.d. stilla spørsmål om noko er uklårt osv. Likevel kan denne tovegskommunikasjonen gjera at ein påverkar informantane i ei retning som høver med hypotesane (Johannesen 2003:137).

Ein kan tenkja seg at informanten har enklare for å feilinformera om formene sine når ein nyttar spørjeliste framfor fri samtale. Likevel treng ikkje einskildfeil ha so mykje å seia av di det er den samlande tendensen som vert avgjerande for resultatet. Dessutan kan det vera som Skjekkeland (1980:68) skriv at det kan vera like lite av: «Systematiske feil, t.d. medveten omlegging av språket i intervjusituasjonen [...] ved å bruka eit strukturert intervju på

grunnlag av spørjeliste som ved fri samtale». Dessutan bruka eg tid på å røda med somme av informantane mine, og på den måten fekk eg eit inntrykk av korleis dei tala. Desse samtalene var ikkje styrte på nokon måte, men sveiv om emne som interessert både informantane og meg. På den måten fekk eg i større eller mindre mon kontrollert om formene som dei gav opp at dei bruka, faktisk var i bruk.

Somme informantar gav uttrykk for at dei meinte det var utfordrande å fortelja kva former dei nytta i det daglege. I slike situasjonar fekk informantane god tid til å tenkja seg om, og om det var naudsynt, hjelpte eg dei til å finna ei setning eller eit uttrykk der dei ville ha nytta ordet. I slike situasjonar fekk informantane tid til å tenkja seg om og «tyggja» på orda. Eg intervjuar fleire informantar i grupper, både ektepar og foreldre saman med borna deira. På den måten kunne dei koma med spørsmål og korreksar der dei fann det naudsynt. Eg freista å målbera tydeleg at eg var interessert i dei formene informantane nyttar, og ikkje kva som var «rett» sauheringsmål. Fleire informantar var medvitne om at målet deira hadde endra seg frå besteforeldre- og foreldregenerasjonen. Slike sannkjenningar frå informantane tolka eg på den måten at dei var medvitne på sitt eige målbruk, og difor kan eg seia at dei var godt eigna for eit slikt intervju. For å unngå å nemna orda for informantane, og for ikkje å påverka dei, bruka eg bilete på dataskjerm, men det var ikkje like enkelt å finna bilete til alle orda. Eit døme på eit slikt ord kan vera ordet *alle* som får forma /ɛl:ə/ i sauheringsmålet . I dette tilfellet spurde eg indirekte ved å spørja etter «motsetninga åt *ingen*».

4.5 Målmerka i granskinga

Orda i spørjelista er eit utval av orda i målføresynopsisen. Det ideelle hadde vore å taka med heile stormlista, for på den måten å kunna stadfesta *alle* endringane av dei orda som står i synopsisen. For det fyrste vert dette vanskeleg av di ei rad ord i synopsisen ikkje er i bruk av folk som lever i dag. For det andre måtte det verta eit val mellom mange informantar og eit utval av orda i synopsisen, eller færre informantar og alle orda i synopsisen. Eg valde det siste av di eg på den måten kan seia noko om tendensen i språkendingane og kva for veg dei går i. Det ville ha vore vanskelegare om eg berre hadde bruka to-tre informantar.

Difor samla eg målmerke frå synopsisen som er særmerkte for sauheringsmålet . Ei utfordring med å bruka ord frå stormlista i spørjelista har vore at fleire av orda ikkje er i bruk i dag, eller ikkje er ein del av eit naturleg ordtilfang hjå folk som lever i dag. Den største grunnen til dette

er at fleire arbeidsreiskapar og liknande har gått ut or bruk. Eg prøvde dimed å luka ut dei orda som eg ikkje rekna med var i bruk i dag. Oppgåva er avgrensa til å finna ut korleis delar av synopsisen (stormlista) høyrer på dialekt i dag, ikkje å finna ut om einskilde ord er i bruk eller ikkje.

Då eg valde målmerke til granskinga, vurdert eg om eg skulle konsentrert meg om anten ljodverk eller formverk. Om eg hadde konsentrert granskinga om ein av desse, kunne eg ha gått meir i djupna, men likevel meiner eg at det finst so markante målmerke både i ljod- og formverk at om eg berre hadde konsentrert meg om eit av dei, ville eg mist heilskapen. Dessutan seier m.a. Bjørkum (1975) at ljodverket meir utsett for endring enn formverket. Eg meiner det er interessant å dokumentera om denne teorien slår ut hjå mine informantar og i Sauherad.

Dei linne feminine jamvektsorda med opphavleg kort rotstaving endar tradisjonelt på /-u/ i sauheringsmålet . Dette målmerket er eit tydeleg avvik i båe målformene og ikkje minst i vikværsk (som tradisjonelt har /ve:ke – ve:ka/). M.a.o. er desse hokjønnsorda eit markant målmerke og ein tydeleg markør for det tradisjonelle bygdemålet.

4.5.1 Feminine jamvektsord

Dei feminine jamvektsorda er ord med u-ending av typen /vi:ku/. Eg har sett på kor godt desse orda held seg i ub.f.sg. der dei får /u/-ending, og kor godt dei held seg i b.f.pl. der dei får /o/-ending av typen /vi:ko/. I tillegg har eg sett på dei feminine jamvektsorda som får utjamning på /u-u/ av typen /stu:gu/. Dette er synt i tabell 3.

Feminine jamvektsord i ub. og b.sg. av typen /vi:ku/ og /vi:ko/

ub.f.sg.

Tradisjonell	vi:ku
Modifisert	vi:ke
Standardisert	u:ke

b.f.sg.

Tradisjonell	vi:ko
Modifisert	vi:kua
Standardisert	u:ka

Jamning på /u-u/ av typen /stu:gu/

Dette er eit målmerke som tydeleg skil seg frå standardmåla og frå vikkværske og er samstundes ein tydeleg markør for det tradisjonelle målet. Difor er det forvitneleg å finna ut kor sterkt dette målmerket står i dagens sauheringsmål. Eg har ikkje høyrte at folk i Sauherad har bruka modifiserte former som t.d. /stu:gø/, men eg held denne varianten likevel open.

Tradisjonell	su:ɾu
Modifisert	su:ɾe
Standardisert	sva:le

4.5.2 Jamning på å-å

Desse formene har opphav i gno. *a-a* og *o-a*, og skil seg ut både frå vikkværske, bokmål og nynorsk. Sidan dette er eit særmerkt målmerke i sauheringsmålet, ser eg det som viktig å testa ut kor sterkt desse jamningsformene står i dag. Målmerket har korkje støtte i dei vikkværske måla i Grenland, eller i vest-telemåla og heller ikkje i bokmål og nynorsk. Eg har høyrte at gjennomføringa på bruket av desse jamningsformene kan vera vaklande hjå somme som elles gjev inntrykk av å tala eit «stødig» sauheringsmål, og dette kan difor tyda på at målmerket er på veg ut or målføret. I Bø fann Skjekkeland (1980:119) at jamninga i maskuline jamvektsord av typen /bå:gå/ og /drå:på/ totalt var på 73 prosent. Desse funna tyder på at eg kan venta nedgang i jamninga hjå alle informantane mine, og at ho kan henda er heilt ute hjå somme informantar.

Infinitiv av typen /bå:kå/ og hankjønnsord av typen /hå:gå/

Infinitiv

Tradisjonell	bå:kå
Modifisert	ba:ka
Standardisert	ba:ke

Hankjønnsord

Tradisjonell	hå:gå
Modifisert	hå:ga
Standardisert	ha:ge

4.5.3 Hankjønnsord og infinitivar av typen /sæ:ɾa/ og /ve:ta/

Hankjønnsord

Dette målmerket har ikkje stønad i normalmåla, men høyrer heime tradisjonell vikkværsk.

Difor vert ikkje dette målmerket ein like tydeleg markør i bygdemålet, jamført med målmerka ovanfor. Den modifiserte forma er den same som standardforma, og er slik eg ser det, einaste alternative form for den tradisjonelle. Skjekkeland (1980) fann ut at desse formene halde seg godt i Bø, og difor vert firvitneleg å sjå om desse formene held seg like godt i Sauherad i dag.

Tradisjonell	ne:va
Modifisert	ne:ve

Infinitiv

Dette målmerket kan ikkje seiast å vera særleg markant, men likevel vil eg seia at det vil vera interessant å finna ut kor sterkt *a*-endinga står i jamvektsinfinitivane. I tradisjonell vikkværsk har me desse formene, men dei står, etter det eg veit, veik i dag. I det tradisjonelle bymålet i Skien har me ikkje kløyvd infinitiv. Desse formene har heller ikkje stønad i bokmålet. I døma under er den modifiserte forma lik standardtalemålet, men t.d. i formene *vita* og *spørja* ser eg det som sannsynleg at den modifiserte forma kan vera /ve:tə/ i staden for /vi:tə/ og at *spørja* både kan verta /spør:a/ og /spør:ə/.

Tradisjonell	le:va
Modifisert	le:ve

4.5.4 Vedhalden gno. *u* av typen /to:n/

Vedhalden gno. *u* t.d. i kvinnenamnet /go:nil/ (Gunhild) og /to:n/ (eit tun) er eit målmerke som skil seg ut frå både bokmål og nynorsk og som ikkje finst i vikkværsk. Forma er ein sterk markør til normaltalemålet og kan difor ikkje reknast for nøytral på nokon måte. Eg har høyrte at det kan vera vingel i bruket av dette målmerket og at gjennomføringa ikkje er konsekvent i

det same ordet heller, til dømes har eg høyrte vingel mellom fargen /bro:n/ og /bru:n/ hjå same person. Difor ser eg det som nyttig å sjå etter, kor sterkt dette målmerket står i dag.

Tradisjonell form	bro:n
Standardisert	bru:n

4.5.5 Opning

Opninga gno. *a*>*e*-*æ* (t.d. /sɛlt/ og /kærʋ/) og gno. *o*>*ø* (t.d. /bøl:ə/) råkar ein stor del av ordforrådet i sauheringsmålet. Dette er målmerke som er veldig markante og som skil seg frå dei skriftlege normalmåla og ikkje minst det munnlege standardtalemålet. Eg har høyrte at desse formene ikkje er like konsekvent gjennomførte hjå alle som talar bygdemålet, og eg har òg høyrte ein del vinglar. I tradisjonell vikkværske har me desse formene, men dei er ikkje i bruk i dag. Gjermundsen (1981:159) fann at «/a/-varianten» tok over for «æ/-varianten i Holla. Difor det interessant å finna ut kor sterkt dette målmerket står i Sauherad.

Opning a > e-æ av typen /ɛl:ə/

Tradisjonell	ɛl:e
Modifisert	al:e

Opning o > ø av typen /trøl:/

Tradisjonell form	bøl:e
Standardisert	bål:e

4.5.6 Diftongar av typen /strøum/ og /grøimə/

Diftongane føre stutt konsonant av typen /flʀeum/ (flaum) er eit målmerke som skil seg markant frå både vikkværsken og standardtalemålet. Målmerket har stønad i normalnynorsken, men ikkje i bokmålet. I sauheringsmålet finst det døme på monoftongering føre /r/, t.d. heiter det /hø:re/ og /ø:ra/ (etter målføresynopsisen). Når målføret alt har monoftong føre stutt konsonant i somme posisjonar, kan det tyda at dette spreier seg vidare i andre posisjonar. Sidan dette er eit markert målmerke, meiner eg det er forvitneleg å finna ut om desse diftongane framleis vert nytta i Sauherad, eller om dei har gått ut or bruk.

Tradisjonell	drøum
Standardisert	drøm:

4.5.7 Palatalisering

Eg har sett på kor godt palataliseringa av *g*, *ng* og *k* i innljod held seg. Etter målføresynopsisen heiter det t.d. /lɛj̥:ir/, /ɔɲj:ə/ og /çørçə/. Affrikatar av typen /lɛj̥:ir/ er ikkje konsekvent førd opp i målføresynopsisen, og difor er berre fire ord komne med i lista.

Palatalar av typen /ɔɲj:ə/ er heller ikkje like konsekvent førd opp, og her er det seks ord eg har teke med i lista. Av palatalen /ç/ av typen /çørçə/ har eg teke med fem ord i lista.

Palatalen /j̥/ i innljod av typen /lɛj̥:ir/ /

Etter målføresynopsisen er ikkje palatalisering av *g* i innljod konsekvent gjennomført i Sauheringsmålet . Det heiter t.d. /å lig:ə på ryg:ən i skug:ən/ utan palatal, men t.d. står det /lɛj̥:ir/ osb. I målføresynopsisen står det oppført fire former med palatalisering av *g* i innljod. D.e. *legger*, *vegger*, *slegge* og *hyggjeleg*. Dette tyder at utjamninga av denne forma har gått føre seg ei stund, og det vil difor vera interessant å finna ut om dei fira orda framleis vert uttala med palatal, eller om dette målmerket har gått heilt ut i Sauherad.

Tradisjonell	lɛj̥:ir
Modifisert	leg:ir

Palatalen /ɲj/ i innljod av typen /ɔɲjə/

Dette målmerket har ikkje stønad i normalmåla og heller ikkje nedover i det vikværske området, men oppover i Aust-Telemark og i Vest-Telemark er dette eit kjent innslag i tradisjonelt mål. I synopsisen er ikkje desse formene konsekvent oppførte. Dette kan tyda at realiseringa av målmerket, alt då tilfanget åt målføresynopsisen vart samla inn, var noko vaklande. Det heiter t.d. /maɲ:ə gaɲ:ər/ utan palatal, medan det heiter /stɛɲj:e/, /ɛɲj:a/, /sɛɲj:a/, /ɔɲj:e/, /koɲj:e/ og /lɛɲj:e/. Dei sistnemnde formene er med i granskinga. Det vil vera forvitneleg å sjå dette målmerket finst i det noverande bygdemålet.

Tradisjonell	å stɛɲj:e
Standardisert	å stɛɲj:e

Palatalen /ç/ i innljod av typen /çørçə/

Palatalisering av gno. *k* i innljod er heller ikkje, i synopsisen, heilt konsekvent gjennomført i sauheringsmålet . T.d. heiter det /slå nak:en i bak:en/ og ei /ɛŋkə/, men likevel heter det t.d. /tançə/. Etter det eg har høyrte av tale i Sauherad, kan det tyda på at dette målmerket er lite i bruk no, og at somme bygdefolk vekslar veldig. Det er interessant å kartleggja kor sterkt dette målmerket står i det noverande tradisjonelle sauheringsmålet . Målmerket er samstundes markant av di det skil seg frå vikkværske søraust i fylket, men skil seg òg frå bokmål.

Tradisjonell	tançə
Standardisert	taŋkə

4.5.8 /gv- / i framljod

/gv-/ i framljod (av gno. *hv*) er eit markant målmerke som ikkje har stønad i noko normalmål. Dette målmerket er konsekvent nedskrive i synopsisen og har tradisjonelt hatt stønad i heile Aust-Telemark. Vest-Telemark har /kv-/, medan den sørlege delen av fylket har /v-/. Når eg har tala med bygdefolk i Sauherad, har eg høyrte at gjennomføringa av dette målmerket er varierende, og at det vert veksla både mellom /v-/ og /kv-/. Difor vil det vera interessant å finna ut kor sterkt dette står og eventuelt i kva for ord informantane varierer mellom formene. Ikkje minst vil det vera interessant å sjå om den tradisjonelle varianten står sterkare enn dei to andre som både har støtte i målføra i fylket og samstundes i normalmåla. Eg har sett opp åtte ord av dette målmerket. D.e. *kvit, kveite, kvalp, kvass, kvile, kvelve, kvefs* og *kvardag*.

Tradisjonell	gvi:t
Modifisert	kvi:t
Standardisert	vi:t

4.5.9 Substantiv

Substantivbøyinga i sauheringsmålet har treklang som vil seia at me har endingane –ar (-är og -ær i Sauherad) og /-ir/ og /-ur/ i ub.pl. og /-æn:/, /-in:/ og /-un:/ i b.f.pl. Dette er eit typisk midlandsk målmerke, og har tradisjonelt høyrte heime i heile Telemark, men ikkje i det vikkværske området (Grenland) som berre har -ær og -er. Aust-Telemark har to-stava b.f.pl., medan dei vikkværske måla har tre-stava former. I synopsisen finst det ikkje tre-stava former i b.f.pl. i det heile. Gjermundsen (1977:65) seier at tre-stavingsformer vert bruka i Bø no, og dessutan fann Skjekkeland (1980) det same. For denne granskinga vil det difor òg vera interessant å sjå kor sterkt dei to-stava formene står i høve til dei tre-stava.

Ub.pl. av typen /hestær/ og /my:rær/

Tradisjonell	hestær
Standardisert	heester

Tradisjonell	my:rær
Modifisert	my:rir
Standardisert	my:rer

B.pl. av typen /hestæn:/ og my:ræn:/

Tradisjonell	hestæn:
Modifisert	hestanø
Standardisert	hestenø

Tradisjonell	my:æn:
Modifisert	my:ranø
Standardisert	my:renø

Ub.pl. av typen /gri:sir/ og /skå:řir/

Tradisjonell	skå:řir
Modifisert	skå:řær
Standardisert	skå:řer

Tradisjonell	gri:ir
Modifisert	gri:ær
Standardisert	gi:ser

B.pl. av typen /gri:sin:/ og /skå:řin:/

Tradisjonell	skå:řin:
Modifisert	skå:řæn:/skå:řane
Standardisert	skå:řenø

Tradisjonell	gri:sin:
Modifisert	gri:sæn:/grisane
Standardisert	gri:sene

Hokjønnord av typen /vi:sur/ og /vi:sun:/

Tradisjonell	vi:sur
--------------	--------

Modifisert	vi:sær
Standardisert	vi:ser

Hokjønnsord med endinga /-un:/ i b.f.pl.

Tradisjonell	vi:sun:
Modifisert	vi:sæn:
Standardisert	vi:senø

4.5.10 Verb

Verba i granskinga er sterke og linne. Fleire av formene vert likt bøyde i det tradisjonelle sauheringsmålet som det vert i nynorsk. T.d. *veksa* som vert /veks/ i presens og /voks/ i preteritum. Vidare vert somme verb bøyde både sterkt og lint i bokmål, t.d. *å grava*. Det vert interessant å finna ut om somme verb som tradisjonelt har hatt sterk bøyning, no får linn bøyning. Særleg vert det interessant å sjå om dei ein-stava formene i presens held seg, eller om dei to-stava formene tek over (t.d. /bren:ær/ i staden for /bræn:/). Skjekkeland (1980:138) fann at 39 prosent av informantane bruka den tradisjonelle forma med vokalskifte i preteritum (/fåtæ:ɾ/ - /fåtåd:ə/). Dette kan gjeva grunn til å tru at eg må venta å finna endringar frå synopsisen i sauheringsmål i dag òg. Presensformer av nokre sterke verb:

Tradisjonell	bræn:
Modifisert	bræn:er
Standardisert	bræn:er

Preteritumsformer av nokre sterke verb:

Tradisjonell	bran:
Modifisert	brente
Standardisert	brant:

Presens- og preteritumsformer av nokre svake ja-verb:

Tradisjonell	fåtæ:ɾ
Modifisert	fåtæl:ər
Standardisert	fåtæl:ər

Tradisjonell	fåtåd:e
--------------	---------

Modifisert	fåtel:tø
Standardisert	fåta:ltø

5 Granskingsresultat

5.1 Innleiing

I denne bolken vil eg presenterte resultatata i granskinga. Resultata vert synt både med tabellar og diagram. Attåt kommenterer eg oppslutnaden kring dei ulike resultatata. I tabellane er resultatata synte i prosent, tala i parentes er talet på belegg per målmerke. Talet på belegg er ulikt hjå dei ulike informantgruppene, og dette kjem av at talet på informantar er ulikt i dei ulike gruppene. Prosentane er runda av til næraste heile prosent.

5.2 Feminine jamveksord

Dei feminine jamveksorda er ord med u-ending av typen /vi:ku/. Eg har sett på kor godt desse orda held seg i ub.f.sg. der dei får /u/-ending, og kor godt dei held seg i b.f.pl. der dei får /o/-ending av typen /vi:ko/. I tillegg har eg sett på dei feminine jamveksorda som får utjamning på /u-u/ av typen /stu:gu/. Dette er synt i tabell 3.

5.2.1 Feminine jamveksord i ub.sg. av typen /vi:ku/

Tabell 1: Feminine jamveksord i ub.f.sg. av typen /vi:ku/

	Tradisjonell	Standard	Veksling
Eldre	79 % (61/77)	18 % (14/77)	3 % (2/77)
Middelaldrande	51 % (18/35)	46 % (16/35)	3 % (1/35)
Yngre	21 % (9/42)	74 % (31/42)	5 % (2/42)




Diagram 1: Feminine jamveksord i ub.f.sg. av typen /vi:ku/

I spørjelista av dette målmerket sette eg berre opp to alternative former – den tradisjonelle forma og den modererte forma. I somme ord er standardforma og den modererte forma lik, som t.d. /smi:ə/ og /ka:kə/, men i ordet *veke* har eg sett opp formene /u:ke/ og /ve:ke/ som modifiserte former.

Dei tradisjonelle formene skil seg tydeleg frå standardtalemålet og vikkværsk og kan difor seiast å vera markante i bygdemålet. Difor kan me tenkja oss at dette målmerket skal vera særleg «utsett» for endring. Ser me på dei eldre, ser me at dei rapporterer at dei nyttar den tradisjonelle forma i heile 79 prosent av tilefella. Difor kan me seia at den tradisjonelle forma står etter måten stødige hjå dei eldste. Kva for ord i ordlista som går ut til føremon for standardforma, er ikkje systematisk, men tilfelleleg. Det er ingen informantar som skil seg særleg ut i gruppa, og dimed er variasjonen intra-individuell. Dei middelaldrande informantane rapporterer at dei nyttar den tradisjonelle forma i 54 prosent av tilfella. Dimed står ikkje den tradisjonelle forma like sterkt her som hjå dei eldre. Det me legg merke til er at det rapportere bruket av den tradisjonelle forma og den standardiserte forma er nokså lik. Nett som i den eldste gruppa, er det intra-individuell variasjon i den middelaldrande gruppa. Det me kan slå fast hjå dei middelaldrande er at dei tradisjonelle formene står mykje veikare her enn hjå dei eldre.

Dette vert endå klårare hjå dei unge som rapporterer at dei nyttar den tradisjonelle forma i 21 prosent av tilfella, medan standardforma vert nytta i 74 prosent av tilfella. Om me jamfører dette med dei eldre, kan me seia at svarprosenten har bytt i tabellen. Sagt på ein annan måte, står standardformene nesten like sterkt hjå dei unge, som det dei tradisjonelle formene gjer hjå dei eldre. Korso vil eg leggja til at den tradisjonelle forma ikkje er utdøydd hjå dei unge, og at desse formene framleis vert bruka. Ordet /vi:ku/ ser ut til å stå særleg sterkt, det same gjeld hjå dei eldre og middelaldrane. Elles er det hjå dei unge, som i dei andre aldersgruppene, intra-individuell variasjon. Det me kan slå fast, er at dei tradisjonelle feminine jamvektsorda med /u/-ending står veikt og at dei kan kverva om nokre år.

Om det er standardisering eller regionalisering me ser her, er vanskeleg å svara på. Dei standardformene som vinn vert bytte ut med dei tradisjonelle formene som t.d. /ka:kə f., har stønad både i standardtalemålet og i vikkværsk. Det er heller ingen som seier /ho:kə/ f. i staden for /ho:ku/ f. I staden vert standardforma /ha:kə/ f. bytt ut med den tradisjonelle forma. Soleis verkar ikkje analogien inn, men direkte lån. Standardformene har ikkje berre stønad i

standardtalemålet, men òg i vikkværsk. Difor kan me ikkje vita for visst om det er standardisering eller regionalisering me ser, men me kan slå fast at det er ei vertikal nivellering me ser. Til jamføring nemner eg at Skjekkeland (1980:123) fann at dei feminine jamvektsorda av typen /ho:ku/, /ka:ku/ og /svi:pu/ vart bytte ut med former som /ha:ke/, /ka:ke/ og /sve:pe/. Dette høver med mi eiga gransking.

5.2.2 Feminine jamvektsord i b.sg. av typen /vi:ko/

Tabell 2: Feminine jamvektsord i b.sg. av typen /vi:ko/

	Tradisjonell	Modifisert	Standardisert	Veksling		
				trad. – mod.	mod. – stand.	stand. – trad.
Eldre	78 % (60/77)	8 % (6/77)	13 % (10/77)	1 % (1/77)		
Middelaldrande	46 % (16/35)	11 % (4/35)	34 % (12/35)	3 % (1/35)		6 % (2/35)
Yngre	17 % (7/42)	12 % (5/42)	69 % (29/42)		2 % (1/42)	




Diagram 2: Feminine jamvektsord i b.sg. av typen /vi:ko/

I spørjelista nytta eg tre alternative former av typen /smi:o/, /smi:ua/ og /smi:a/. Det er opplagt at former som /smi:a/ òg kan vera moderert, men likevel skil denne forma seg klårt frå t.d. /smi:ua/ som ikkje har stønad i standardtalemålet, men i austlandske målføre.

Me ser at dei eldre og dei middelaldrande gjev opp at dei nyttar den tradisjonelle forma om lag som i ub.f.sg., og difor kan me seia at dei nyttar dei tradisjonelle formene fylgjestrengt. Dei middelaldrande rapporterer at dei nyttar standardforma av typen /smi:a/ i 34 prosent av

tilfella, medan dei rapporterer at dei nyttar den modererte forma av typen /smi:ua/ i 11 prosent av tilfella. Dei eldre oppgjer at dei nyttar modererte former som /smi:ua/ i 8 prosent av tilfella, og dei unge i 12 prosent av tilfella. Med det står ikkje dei modererte formene særleg sterkt i nokon aldersgrupper.

Den tradisjonelle forma held seg best hjå dei eldre, men at nyare innslag òg finst hjå denne gruppa. Vidare ser me at dei middelaldrande rapporterer mindre bruk av desse formene enn dei eldre, og at dei unge nesten ikkje nyttar dei i det heile.

Ser me på dei unge, ser me at dei òg er konsekvente i bruket av dei feminine jamvektsorda. Prosentdelen er noko mindre på bruket av standardforma her enn i ub.f., men nokon nyttar den modifiserte forma. Me kan slå fast at den modifiserte forma i b.f. står veikt, jamført med den meir standardnære forma. Dette er former som har stønad både i vikkværsk og i bokmål og nynorsk.

Skjekkeland (1980:139) fann at dei tradisjonelle formene med /o/-ending var nytta av 65 prosent av alle informantane, medan den yngste aldersgruppa (informantar fødte mellom 1963 og 1965) rapporterte at dei nytta den tradisjonelle forma i 38 prosent av tilfella. Former som /vi:ka/ og /smi:a/ vart nytta i 44 prosent av tilfella, medan former av typen /vi:kua/ og /smi:ua/ var i mindretal. Dette er ikkje heilt ulikt resultatane eg har funne der formene med /a/-ending ser ut til å taka over hjå dei unge.

5.2.3 Jamning på /u-u/ av typen /stu:gu/

Tabell 3: Jamning på /u-u/ av typen /stu:gu/

	Tradisjonell	Modifisert	Standard	Veksling		
				trad. – mod.	mod. – stand.	stand. – trad.
Eldre	84 % (46/55)		14 % (8/55)	2 % (1/55)		
Middelaldrande	64 % (16/25)	20 % (5/30)	16 % (4/30)			
Yngre	30 % (9/30)	7 % (2/30)	57 % (17/30)		3 % (1/30)	3 % (1/30)




Diagram 3: Jamning på /u-u/ av typen /stu:gu/

Dei feminine jamvektsorda som har vorte utjamna til /u-u/ av typen /lu:gu/, og er eit målmerke som skil seg klårt både frå standardtalemål og vikkværsk. I spørjelista mi sette eg opp tre alternative former, den tradisjonelle forma /stu:gu/, den modifiserte /stu:gə/ og den standardiserte /stu:ə/. Soleis har dei modifiserte formene e-ending, men vedhalden rotvokal som t.d. /lu:gə/, medan dei standardiserte formene er reine bokmålsformer som t.d. /fʊ:ə/ og /lā:və/.

Ser me på den tradisjonelle forma, ser me at dei eldre rapporterer at dei nyttar den tradisjonelle forma i 84 prosent av tilfella, og me kan seia at den tradisjonelle forma held seg godt. Samstundes ser me at standardformene er representerte, men her er det nokre informantar som merkjer seg ut ved at dei nyttar desse formene, og difor har me inter-individuell variasjon. Jamfører me dei eldre med dei middelaldrande, ser me at dei middelaldrande rapporterer at dei nyttar den tradisjonelle forma i 64 prosent av tilfella, og soleis står ikkje dei tradisjonelle formene like sterkt i den middelaldrande gruppa. Variasjonen mellom dei middelaldrande fordeler seg jamt utover, og me har intra-individuell variasjon.

Det som òg skil dei eldre frå dei middelaldrande, er at dei middelaldrande informantane rapporterer at dei nyttar dei modifiserte formene av typen /stu:gə/ i 20 prosent av tilfella, medan ingen av dei eldre rapporterer at dei ikkje nyttar desse formene i dei heile. Mykje sterkare står standardformene, og særleg hjå dei unge der denne forma er i fleirtal med 57 prosent. I denne gruppa er to informantar som rapporterer at dei *berre* nyttar standardformene, og difor dreg dei opp presenten. Resten av informantane vekslar meir mellom formene.

Me ser heilt tydeleg at dei tradisjonelle formene på /u-u/ står klårt veikast hjå dei unge som rapporterer at dei nyttar dei tradisjonelle formene i 30 prosent av tilfella. Soleis kan me slå

fast at målmerket ikkje er heilt utdøytt hjå dei unge, men likevel kan me ikkje sjå bort frå at det kan koma til å kverva heilt bort i tida som kjem. Det er ikkje former som /stu:gə/ og /fʈu:gə/ som vinn fram i nokon av aldersgruppene, men heller /stu:ə/ og /fʈu:ə/. Desse formene har ikkje berre stønad i vikkværsk, men òg i standardtalemålet, og difor har me vertikal nivellering.

5.3 Jamning på å-å

Desse formene har opphav i gno. *a-a* og *o-a*, og skil seg ut både frå vikkværsk, bokmål og nynorsk. Fyrst presenterer eg infinitivane og dinest hankjønnsorda.

5.3.1 Infinitiv av typen /bå:kå/

Tabell 4: Infinitiv

	Tradisjonell	Modifisert	Standardisert	Veksling		
				trad.- mod.	mod. – stand.	stand. – trad.
Eldre	49 % (54/110)	25 % (28/110)	18 % (20/110)	4 % (5/110)		3 % (3/110)
Middelaldrande	45 % (15/50)	20 % (10/50)	21 % (21/50)	2 % (1/50)	4 % (2/50)	2 % (1/50)
Yngre		38% (23/60)	55 % (33/60)	2 % (1/50)	5 % (3/50)	




Diagram 4: Infinitiv

I granskinga av dette målmerket sette eg opp tre alternative former. Den tradisjonelle forma (t.d. /bå:kå/ og /må:kå/) og den modifiererte forma (t.d. /ba:ka/ og /må:ka/) som tradisjonelt har vorte bruka i vikværsk (Gjermundsen:1980:66). Standardformene endar på /ə/ (t.d. /ba:kə/ og /må:kə/). I bymåla (Skien og Porsgrunn) har me gjennomført /ə/-ending, medan bygdene kring byane tradisjonelt har hatt /a/ (Dalene 1953:11).

I tabellen ser me at jamninga i infinitiv hjå dei eldre er 49 prosent og dei middelaldrande 45 prosent. Ut frå det informantane rapporterer vil det seia at utjamning på /å-å/ i infinitiv ikkje står særleg sterkare hjå dei eldre enn hjå dei middelaldrande, men om me jamfører me dei unge, ser me at den tradisjonelle forma ikkje er representert i det heile. Med det kan me seia at dette målmerket står svakt, og at det mest sannsynleg ikkje kjem til å høyrast i bygdemålet i framtida. Den modererte forma vert nytta i 38 prosent av tilfella, rapporterer dei unge. Det tyder at dei nyttar denne forma meir enn dei eldre og middelaldrande som oppgjev at dei nyttar denne forma i 25 og 20 prosent av tilfella.

Dei modererte formene som /ba:ka/ og /må:ka/ har tradisjonelt hatt stønad i dei vikværse bygdemåla, men dei er nok ikkje like levande i dag som tidlegare. Opphavet til jamninga på /å-å/ er gno. *a-a* (*baka*) og *o-a* (*moka*), og soleis er ikkje dei modererte formene *nedervde* frå gno. i Sauherad. Ei forklaring på at dei tradisjonelle formene på /å-å/ har fått /a/-ending og delvis vedhalden stommvokal kan vera at bygdemåla har /a/-ending i infinitivar som /le:sa/ og /ve:ta/. Soleis vert nokre av dei tradisjonelle formene på /å-å/ bytte ut med modererte former som korkje liknar formene i bymåla nedover i fylket eller i standardtalemålet.

Desse formene får form som på sett og vis kan seiast å finnast i bygdemålet frå før, og difor er dei ikkje so markante som det standardformer av typen /må:kə/ ville ha vore. Eg kan òg nemna at ein eldre informant rapporterte at ho nytta forma /ba:ka/ og la til at ho heller aldri hadde nytta noko anna form. Dette kan tyda at desse formene har levt side om side både i tidlegare tider og i dag. Eg nemner òg at Gjermundsen (1981:66) fann former som /ba:ka/ i Sauherad på 1970-talet. Skjekkeland granska òg jamning på /å-å/ i infinitiv, men berre med opphavleg vokalisme *o-a* (1980:120) av typen /bå:rå/ og /lå:vå/. Han fann at infinitivar av denne typen ofte fekk overgang til /å-a/ av typen /bå:ra/. Utslaget var 30 prosent i den yngste aldersgruppa (informantar fødte mellom 1963 og 1965).

I den eldre gruppa har me inter-individuell variasjon i gruppa, og det same ha me i den middelaldrande gruppa der det særleg er to informantar som rapporterer at dei nyttar den

tradisjonelle forma, medan dei andre tre informantane nesten ikkje rapporterer at dei nyttar den tradisjonelle forma. Hjø dei unge er variasjonen større hjå kvar og ein informant, og soleis er variasjonen intra-individuell.

5.3.2 Hankjønnsord av typen /hå:nå/

Tabell 5: Hankjønnsord

	Tradisjonell	Modifisert	Standard	Veksling		
				trad. – mod.	mod. – stand.	stand. – trad.
Eldre	89 % (127/143)	4 % (28/143)	3 % (3/143)	3 % (4/143)		1 % (1/143)
Middelaldrande	48 % (31/65)	26 % (17/65)	23 % (15/65)	2 % (1/65)	2 % (1/65)	
Yngre	15 % (12/78)	43 % (34/78)	35 % (27/78)	3 % (2/78)	3 % (2/78)	1 % (1/78)




Diagram 5: Hankjønnsord

Den tradisjonelle forma er dei linne maskuline jamveksordsord med gno. vokalisme *a-a* og *o-a* der me har fått utjamning til /å-å/ t.d. /hå:gå/ og /få:rå/. Dei modifiserte formene liknar på austlandske former, /ha:ga/ og /få:ra/, medan dei standardiserte formene får /ə/-ending. Om me jamfører bruket av hankjønnsorda og infinitivane som bae har utjamning /å-å/, ser me at hankjønnsorda står sterkare enn infinitivane i alle aldersgrupper. Dei unge rapporterer at dei nyttar den tradisjonelle forma i 15 prosent av tilfella av hankjønnsorda, medan den tradisjonelle forma i infinitiv ikkje er til stades i det heile. Soleis er ikkje utjamninga på /å-å/ heilt daud i sauheringsmålet åt dei unge.

Som venta står den tradisjonelle forma sterkast hjå dei eldre med 89 prosent, medan dei middelaldrande rapporterer 48 prosent. Avstanden på bruket av tradisjonelle former i hankjønnsorda og infinitivane er ikkje like stor hjå dei middelaldrande som hjå dei eldre og unge. Hjå dei middelaldrande er det to informantar som ikkje nyttar dei tradisjonelle formene i det heile, og dette dreg prosenten ned. Elles rapporterer dei middelaldrande informantane at dei vekslar mellom dei ulike formene, og soleis har me inter-individuell variasjon. Hjå dei unge er det éin informant som rapporterer at han ikkje nyttar dei tradisjonelle formene i det heile, men elles er det stor spreiding i svara, og me har inter-individuell variasjon. Eg legg til at /já:så/ og /skå:rå/ står særleg sterkt hjå dei unge.

Dei middelaldrande rapporterer at dei nyttar standardiserte former i 23 prosent av tilfella og modererte former i 26 prosent av tilfella. Soleis står dei standardiserte formene om lag like sterkt som dei modifiserte formene. Likevel merkar me oss at dei tradisjonelle formene står sterkast i denne aldersgruppa. Annleis er det med dei unge som rapporterer at dei nyttar den modifiserte forma i 43 prosent av tilfella. Dei unge rapporterer at dei nyttar den modifiserte forma noko meir enn den standardiserte som får 35 prosent, og difor ser det ut til at regionaliseringa står noko sterkare enn standardiseringa. Om me ser dette i høve til dialekttrekanten, ser me at påverknaden skjer horisontalt.

Dalene (1947:93) skriv at dei linne maskuline jamvektsorda stort sett får /ə/-ending i skiens- og porsgrunnmålet, men at /a/-ending òg vert nytta. Dette er lenge sidan, men ut ifrå min eigen kjennskap til talemålet i Grenland i dag vil eg seia at tilhøva er dei same – eldre folk kan nytta former som /ha:ga og /ma:ga/ medan yngre folk ikkje gjer det. Difor vil eg ikkje påstå at talemålet vert påverka av bymålet i Skien. Jamfører eg resultatane her med Skjekkeland sine (1980:120), ser me at totalprosenten av tradisjonelle former på /å-å/ i maskuline jamvektsord var 45 prosent. I den yngste aldersgruppa fann han at 31 prosent bruka den tradisjonelle forma, medan prosenten var 66 prosent hjå dei eldste. Men dette er ikkje ei fullgod jamføring både av di granskinga åt Skjekkeland vart gjort for meir enn 30 år sidan, men òg av di granskinga hans er gjort i Bø og ikkje i Sauherad. Dessutan er mine informantar valde ut av di dei talar eit «stødig» bygdemål, medan Skjekkeland's gransking hadde eit tilfelleleg informantutval (ibid.: 69).

Resultata mine seier ikkje noko om kor sterkt jamninga på /å-å/ står hjå ålmenta i Sauherad i dag, men heller kor sterkt dei tradisjonelle formene lever hjå eit utval av informantar som talar det «mest» tradisjonelle sauheringsmålet i dag. Difor er det ekstra oppsiktsekkjande at

ikkje den tradisjonelle forma (både i infinitiv og i hankjønnsorda) står sterkare hjå dei middelaldrande og særleg dei unge. Ut frå det dei unge rapporterer, er det liten grunn til å tru at utjamning på /å-å/ kjem til å leva vidare i framtida.

Om påverknaden skjer vertikalt eller horisontalt i sauheringsmålet, er ikkje mogeleg å svara på, men det *kan* tenkjast at endingane på /ə/ på ein eller annan måte vert *for* standardnære, medan den tradisjonelle forma med full utjamning vert *for* arkaisk i dei tilfella informantane rapporterer at dei nyttar modererte former i staden for standardiserte og tradisjonelle former. Ei forklåring kan òg vera at infinitivar og hankjønnsord med /a/-ending vert bruka i andre tiljamna jamvektsord som /ve:ta/ v. og /ste:ga/ m., og at formene med utjamning /å-å/ vert sett inn i dette mønsteret. Soleis vert markante former bytte ut med noko mindre markante former som både kan setjast inn i eit «kjent» system, og som dessutan har stønad i austlandsmål og vikkværsk.

5.4 Hankjønnsord og infinitivar av typen /sæ:ɾa/ og /ve:ta/

5.4.1 Hankjønnsord av typen /sæ:ɾa/

Linne maskuline jamvektsord med fullvokalen /a/, er eit målmerke som skil seg tydeleg frå standardtalemålet, men som tradisjonelt har hatt stønad i vikkværsk. Eg tok med fem ord i spørjelista mi, det var *stige, neve, slede, sele* og *tele*. Desse jamvektsorda har ikkje jamning til /å/ i endinga, og har soleis heller ikkje fått utjamning. Dette er eit typisk austnorsk målmerke, og det vil difor vera forvitneleg å sjå kor sterkt desse formene held seg jamført med dei jamvektsorda som har utjamning på /å-å/. Under er resultatata synt med tabell og diagram.

Tabell 6: Hankjønnsord av typen /sæ:ɾa/

	Tradisjonell	Standard	Veksling
Eldre	98 % (54/55)	2 % (1/55)	
Middelaldrande	100 % (25/25)		
Yngre	80 % (24/30)	10 % (3/30)	10 % (3/30)




Diagram 6: Hankjønnsord av typen /sæ:ɾa/

Hjå dei middelaldrande er det 100 prosent som held på den tradisjonelle forma. Det vil seia at den tradisjonelle forma står sterkast i denne gruppa. Det er omtrent det same hjå dei eldre informantane, men her er det éin informant som gjev opp at han nyttar ordet /fle:e/. Dei unge rapporterer at dei nyttar den tradisjonelle forma i 80 prosent av tilfella, og med det ser me at dei linne maskuline jamvektsorda står veikare hjå dei unge enn hjå dei to andre. Likevel ser ikkje dette målmerket ut til å vera «truga». Me kan rett nok sjå at dei unge rapporterer at dei nyttar standardformene meir, og at dei dessutan vekslar meir mellom formene.

Om me jamfører desse linne hankjønnsorda med dei linne hankjønnsorda av typen /hå:nå/, ser me at dei utjamna hankjønnsformene på /å-å/ i større grad vert bytt ut med /ə/-ending i alle aldersgrupper, men særleg hjå dei unge. Om ein skal seia noko om kvifor dette skjer, kan det vera at formene på /å-å/ er meir avstikkande enn det formene med /a/-ending. Dette meiner òg Skjekkeland (1980:122) som kom fram til om lag same resultat. Eg legg til at det er få ord som vert testa i granskinga mi, men likevel får me eit inntrykk.

5.4.2 Infinitivar av typen /ve:ta/

Nedanfor syner eg resultatata av kor mange som nyttar tradisjonell og standardisert form av jamvektsinfinitivar av med /a/-ending av typen /ve:ta/ og /e:ta/.

Tabell 7: Infinitivar av typen /ve:ta/

	Tradisjonell	Modifisert	Veksling
Eldre	95 % (63/66)	5 % (3/66)	
Middelaldrande	87 % (26/30)	10 % (3/30)	3 % (1/30)
Yngre	81 % (29/36)	19 % (7/36)	




Diagram 7: Infinitivar av typen /ve:ta/

Dette målmerket av typen /ve:ta/ er av dei gamle jamvektsinfinitivane i gamalnorsk, og fleire av desse formene er tiljamna frå gno. *i-a* > /e-a/. Dette målmerket skil seg klårt frå infinitivane med utjamning på /å-å/ av typen /bå:kå/, elles er det i sauheringsmålet kløyvd infinitiv med /-å/ og /-a/-ending i dei gamle jamvektsinfinitivane, medan me har /ə/-ending i t.d. /kastə/. Soleis seier ikkje det at /a/-endingane i infinitivane held seg so godt, noko om kor godt kløyvd infinitiv som system held seg.

Nett som i dei linne maskuline jamvektsoda av typen /sæ:ɾa/, ser me at infinitivane med a-ending held seg godt i alle aldersgruppene med 81 prosent hjå dei unge, 87 prosent hjå dei middelaldrande og 95 prosent hjå dei eldre. Likevel ser me at den tradisjonelle forma står sterkast hjå dei eldre og veikast hjå dei unge. Det er ikkje like stor skilnad mellom dei unge og middelaldrande som det er mellom dei unge og eldre. Dei unge rapporterer at dei nyttar standardforma av typen /sæ:ɾə/ i 19 prosent av tilfella, og dei middelaldrande rapporterer at dei nyttar denne forma i 10 prosent av tilfella.

Jamfører me infinitivane med /a/-ending med infinitivane med utjamning på /å-å/ av typen /bå:kå/, ser me at infinitivane av typen /ve:ta/ får mykje høgare skår. Dei unge rapporterer at dei ikkje nyttar den tradisjonelle forma av typen /bå:kå/, medan former som /ve:ta/ får 81 prosent. Ein grunn til dette kan vera at formene med /a/-ending ikkje opplevast like avstikkande og «arkaiske» som formene med utjamning på /å-å/. Samstundes markerer den kløyvde infinitiven ein slags granneopposisjon til bymålet i nedre Telemark som har gjennomført e-infinitiv, men Dalene (1947:89-90) skriv at han råka eldre folk i utkantane av Skien by (t.d. Bratsbergkleiva) som meinte å hugsa at endå eldre folk nytta a-infinitiv i

somme ord, «Men dette er nok helst reminisenser frå «bondemålet», som den gangen blei brukt like utafor bygrensene» (ibid.:90), slår Dalene fast. Skjekkeland (1980:125) fann at det var liten skilnad mellom infinitivane med /a/- og /å/-ending. Desse formene stod like sterkt. Det same kan me ikkje seia i Sauherad i dag.

5.5 Vedhalden gno. u av typen /to:n/

Nedanfor ser me resultatata for kor godt den tradisjonelle forma av typen /ton/ n. og /do:n/ n. held seg. Dette er eit målmerke som skil seg klårt frå både bokmål og nynorsk, og det har heller ikkje stønad i vikkværsk. Eg sette opp to alternative former – den tradisjonelle forma med /o/ av typen /bro:n/ adj., og standardforma med /u/ av typen /bru:n/ adj. Nedanfor har eg synt resultatata i tabell og diagram.

Tabell 8: Vedhalden gno. u av typen /to:n/

	Tradisjonell	Standard	Veksling
Eldre	80 % (70/88)	18 % (16/88)	2 % (2/88)
Middelaldrande	63 % (25/40)	35 % (14/40)	2 % (1/40)
Yngre	56 % (27/48)	38 % (18/48)	6 % (3/48)




Diagram 8: Vedhalden gno. u av typen /to:n/

I tabellen ser me at dei tradisjonelle formene er i overvekt i alle aldersgrupper, og at standardformene ikkje dominerer i nokon av aldersgruppene. Dei eldre nyttar dei tradisjonelle formene i 80 prosent av tilfella, medan dei middelaldrande rapporterer at dei nyttar dei tradisjonelle formene i 63 prosent av tilfella. Hjø dei unge er skåren for den tradisjonelle forma 56 prosent. Elles legg ein merke til at prosenten på standardformene ikkje er so ulik i

den middelaldrande gruppa og den yngste gruppa med 35 hjå dei middelaldrande og 38 hjå dei yngste. Soleis står standardformene om lag like sterkt i desse gruppene.

Hjå alle aldersgruppene er det intra-individuell variasjon. Hjå dei middelaldrande er det éin informant som berre gjev opp *ei* tradisjonell form og resten standardformer. Elles er standardformene og dei tradisjonelle formene fordelt utover. Hjå dei unge er det god spreining og det er ingen informantar som merkjer seg særleg ut i den eine eller den andre retninga, og me har intra-individuell variasjon.

I alle aldersgrupper får ordet *bunad* standarduttale. Dette kjem nok av at ordet /kʰe:bona/ m. er eit ukjent ord, og at *bunad* er synonymt med folkedrakta i dag. Formene med /o/ har korkje stønad i standardtalemåla eller vikkværsk, og kan difor seiast å vera avstikkande. Difor er det overraskande at desse formene held seg sopass godt som dei gjer, særleg hjå dei unge. På den eine sida kan me tala om ein granneopposisjon. I dette tilfellet vert avstanden markert til talemåla i Grenland, men òg til bokmål og nynorsk som heller ikkje har dette draget.

5.6 Opning

Opninga a > e-æ av typen /kɛl:/ adj. og /kæɾv/ m. og o > ø av typen /trøɫ:/ n. er eit målmerke som er særleg avstikkande, og korkje i bokmål eller nynorsk er det stønad å finna i det. Slike former finst heller ikkje i bymåla i nedre Telemark. Under ser me kor sterkt former som /kɛl:/ adj. og /bøɫ:ø/ m. står i dag.

5.6.1 Opning a > e-æ av typen /kæɾv/

Tabell 8: Opning a > e-æ av typen /kæɾv/

	Tradisjonell	Standard	Veksling
Eldre	73 % (104/143)	18 % (26/143)	9 % (13/143)
Middelaldrande	57 % (37/65)	42 % (27/65)	1 % (1/65)
Yngre	41 % (32/78)	56 % (44/78)	3 % (2/78)




Diagram 8: Opning a > e-æ av typen /kæɾv/

I tabellen ser me at svarprosenten på den tradisjonelle forma er 73 hjå dei eldre og 57 hjå dei middelaldrande. Dimed er dei tradisjonelle formene i fleirtal hjå begge desse aldersgruppene, medan dei unge rapporterer at dei nyttar den standardiserte forma i 56 prosent av tilfella.

Noko som vil seia at den standardiserte forma av typen /kal:/ adj. vert bruka mest. Den tradisjonelle forma får 41 prosent hjå dei unge. Dei middelaldrande rapporterer at dei nyttar den standardiserte forma i 42 prosent av tilfella og dei eldre i 18 prosent av tilfella. Me kan difor seia at standardformene ikkje direkte står veikt i den middelaldrande gruppa heller. Det er intra-individuell variasjon i alle aldersgruppene, men det er nokre tradisjonelle former som står sterkare enn andre. Orda /ɛl:ə/ adv., /kɛl:/ adj., /kɛl:t/ adj.n., /sɛl:t/ m. og /kɛl:ə/ inf. held seg særleg godt, og *alle* dei unge informantane rapporterer at dei nyttar formene /ɛl:ə/ adv., /kɛl:/ adj. og /kɛl:t/ adj.n. Grunnen til at desse orda held seg særleg godt, kan vera at dei er høgfrekvente.

Elles legg eg til at dei middelaldrande rapporterer at dei nyttar dei tradisjonelle formene omtrent like mykje som dei unge rapporterer at dei nyttar dei standardiserte formene. Me ser dei tradisjonelle formene som /kɛl:/ adj. og /kæɾv/ m. lever best hjå dei eldre og dårlegast hjå dei unge, og det kan tenkjast at dette målmerket går ut av bygdemålet i tida som kjem. I ordet *halv* som på tradisjonelt sauheringsmål heiter /hæɾv/ adv., forsvinn ikkje berre ljoden /æ/, men òg /ɾ/ slik at me får /hal:/. Soleis kan ein seia at det er standardisering me ser, men likevel har nok denne forma stønad i vikkværsk òg. På den andre sida har me forma /kæɾv/ m. som ikkje vert bytt ut med /kalv/ m., men /kaɾv/ m. Dette syner oss at det ikkje treng vera noko einfelt

svar på om det er standardisering me ser, og at det like gjerne kan vera ei form for regionalisering.


Om eg jamfører med det Skjekkeland (1980:106) fann i si gransking og det eg har funne, ser eg at dei same orda av typen med /ε/ held seg godt i bøheringsmålet òg. Skjekkeland forklårer dette med at desse orda er høgfekvente, medan ord som t.d. /pʁεg:/ n. ikkje er like fekvente og dimed ikkje held seg like godt.

I Holla-målet fann Gjermundsen (1981:112) fann at talet på bruket av den tradisjonelle forma var 17,9 prosent. Han skriv at normaliseringa har kome so langt at «[...] det bare er rester igjen etter /e/-varianten i enkelte ord» og at «[...] utviklinga mot full overgang til /a/-varianten er kommet svært langt i alle tre aldersgrupper». Gjermundsen (ibid.:134) slår vidare fast at det er eit skarpt skilje mellom Holla og Lunde, Bø og Sauherad der dei tradisjonelle formene med /ε/ dominerer, medan standardformer med /a/ råder i Holla. I tillegg er standardformene av typen /al:ə/ adv. einrådande i resten av det noverande Grenlandsområdet. Gjermundsen (ibid.) legg til at «Å komme over grensa til Sauherad fra Holla kan føles som språklig å dumpe flere generasjoner tilbake».

5.6.2 Opning o > ø av typen /trøl:/'

Tabell 9: Opning o > ø av typen /trøl:/'

	Tradisjonell	Standard	Veksling
Eldre	78 % (86/110)	13 % (14/110)	9 % (10/110)
Middelaldrande	68 % (34/50)	30 % (15/50)	2 % (1/50)
Yngre	40 % (24/60)	53 % (32/60)	7 % (4/60)



Tabell 9: Opning o > ø av typen /trøl:/'

I tabellen ser me at dei eldre nyttar den tradisjonelle forma i 78 prosent av tilfella, og dei middelaldrande i 68 prosent av tilfella. Soleis dominerer dei tradisjonelle formene både hjå dei eldre og dei middelaldrande, medan dei unge skil seg ut ved at standardforma dominerer. Dei unge rapporterer at dei nyttar den tradisjonelle forma i 40 prosent av tilfella og standardforma i 53 prosent av tilfella. Dette tyder at den tradisjonelle forma av typen /bø̂l:ə/ m. står veikare hjå dei unge enn hjå dei eldre og middelaldrande, og difor kan det tenkjast at målmerket vil gå ut om nokre år. Ser me på standardformene av typen /bå̂l:ə/ m., ser me at dei eldre brukar standardformer minst, medan dei unge rapporterer at dei nyttar standardformene i 53 prosent av tilfella. Med det nyttar dei standardformene i flest tilfelle, ulikt dei to andre aldersgruppene, som gjev opp at dei nyttar den tradisjonelle forma i flest tilfelle.

I den middelaldrande gruppa er det éin informant som berre nyttar den tradisjonelle forma i eitt tilfelle, og difor er dette med på å draga prosenten for den tradisjonelle forma nedover. Elles nyttar dei andre middelaldrande informantane den tradisjonelle forma og vekslar meir. Dei nyttar den tradisjonelle forma konsekvent med nokre unntak. Hjå dei unge er det spreing i formene, og det er ingen som skil seg ut på nokon måte. Det er intra-individuell variasjon mellom individa. Ut frå det eg har funne, er det særleg nokre ord med /ø̂/ som held seg godt hjå dei unge, d.e. orda /mø̂ltə/ f., /høn:/ n., /køn:/ n. og /høg:/ n. Desse orda vert konsekvent nytta i dei andre aldersgruppene òg. Skjekkeland (1980:106) fann òg at desse orda halde eg godt i bøheringsmålet, og han meiner grunnen til at dette «målføresærmerket» held seg so godt kan vera at «[...] det her gjeld eit systematisk særtrekk som finst i heller mange frekvente ord».

Gjermundsen (1981:229) fann at dei tradisjonelle formene av typen /bø̂l:ə/ m. ikkje var særleg levande i Holla, og at det store fleirtalet hadde «[...] nærmest gjennomført /å̂/-bruk, som i bymåla og resten av de østlige bygdemåla i Ytre Telemark». Han held fram med at grensa mot Grenland vert skarpere «[...] nå enn den tidlige synes å ha vært». I tillegg skriv han at /ø̂/-varianten vert bruka i stor utstrekning i Sørøst-Telemark i dag, som Sauherad inngår i. Om me ser på det eg har funne, kan me seia at dette målmerket held seg særleg bra i den eldste aldersgruppa, og at det ikkje held seg i liten mon hjå dei middelaldrande heller. Om me jamfører dette med mine unge informantane mine, ser me at desse formene ikkje er i overvekt, men at nokre hø̂gfrekvente ord ser ut til å vera konsekvent gjennomført hjå dei unge. Dessutan held dette målmerket seg betre enn t.d. jamning på /å̂-å̂/. sidan alle har det

gjennomført kan me seia at i nokre ord held det seg, men om me tenkjer på at informantane i denne granskinga er «handplukka», ser det ikkje særleg ljost ut for dette målmerket heller.

Om me jamfører målmekret av typen /kɛl:/ adj. med /trøl:/ m., står formene med /æ/ og /ɛ/ noko veikare hjå middelaldrande, enn det former med /ø/ gjer der e-varianten får 57 prosent medan ø-varianten får 68 prosent. Skjekkeland (1980) fann, at dei høgfrekvente orda halde seg betre enn dei mindre frekvente orda.

5.7 Diftongar

Nedanfor ser me resultatata for vedhaldne diftongar av typen /stræum/ m. og /drøimə/ inf, medan dei standardiserte formene er former utan diftong som t.d. /strøm:/ m. og /lø:sə/ inf. Nedanfor ser me resultatata i tabell og diagram.

Tabell 9: Diftongar av typen /stræum/ og /grøimə/

	Tradisjonell	Standard	Veksling
Eldre	79 % (70/88)	15 % (13/88)	6 % (5/88)
Middelaldrande	43 % (17/40)	55 % (22/40)	2 % (1/40)
Yngre	25 % (12/48)	71 % (34/48)	4 % (2/48)




Diagram 9: Diftongar av typen /stræum/ og /grøimə/

Som me ser i tabellen ovanfor, nyttar dei eldre dei tradisjonelle formene i 79 prosent av tilfella, medan standardformene vert nytta i 15 prosent av tilfella. Dei eldre skil seg litt ut frå dei andre aldersgruppene ved at dei vekslar noko meir mellom formene. Av dei eldre er det tre informantar som ikkje nyttar diftong føre /m/, medan formene *kløyve*, *støype* og *løyse* vert bruka av alle. Om me jamfører dei eldre med dei middelaldrande, ser me at dei middelaldrande rapporterer at dei nyttar dei tradisjonelle formene mindre. Skåren for den

tradisjonelle forma er på 43 prosent, medan dei standardiserte formene får 55 prosent. Det vil seia at standardformene er i fleirtal. Eg legg til at det ikkje er nokre av dei middelaldrande informantane som *berre* nyttar det eine eller det andre, og soleis har me intra-individuell variasjon.

Dei unge rapporterer at dei nyttar den tradisjonelle forma i 25 prosent av tilfella, medan standardformene er i fleirtal med 71 prosent. Me kan soleis slå fast at standardformene som t.d. /drøm:ə/ inf. står sterkare enn det tradisjonelle /gʀøymə/ inf. *Ingen* av dei unge rapporterer at dei nyttar diftong føre /m/ i *draum*, *drøyme*, *gløyme*, *straum* eller *flaum*. Likevel legg eg til at alle informantane, uavhengig av alder, rapporterer at dei nyttar ordet /kløivə/ inf.

Diftongane i *løyse* og *støype* held seg òg betre. Dei tradisjonelle formene med diftong har stønad i normalnynorsken, men ikkje i bokmål. Likevel kan kanskje grunnen til at diftongen i /kløivə/ inf. held seg betre enn i t.d. /drøimə/ inf. vera at diftongen føre /m/ verkar meir avstikkande, men uansett kan me tala om ei vertikal nivellering.

I bymåla i Skien og Porsgrunn har dei gamle diftongane vorte monoftongerte, men i Solum og i Holla har dei gamle diftongane halde seg betre. Likevel har diftongane *au* og *øy* framfor /m/ gått over til monoftong, og det heiter t.d. /fʀām:/ m. i staden for /fʀæum/ m. Stundom gjeld det same for den gno. diftongen *ei*, slik at det heiter /hø:rə/ inf. og ikkje /høirə/ inf. (Gjermundsen 1975:141-142 og Dalene 1953:38). I Sauherad ser me at diftongane går attende, og me kan tenkja oss at dette målmerket kjem til å kverva om nokre år. Truleg kjem diftongane føre /m/ til å kverva føre dei andre diftongane.

5.8 Palatalisering

Eg har sett på kor godt palataliseringa av velarane *g*, *ng* og *k* i innljod held seg. Etter målføresynopsisen heiter det t.d. /lɛj̥j:ir/ ub.pl., /onj:ə/ ub.sg. og /çørçə/ ub.pl. Palatarar av typen /lɛj̥j:ir/ er ikkje konsekvent førd opp i målføresynopsisen, og difor er berre fire ord med i granskinga. Palatarar av typen /onj:ə/ ub.pl. er heller ikkje like konsekvent oppførte, og her er det seks ord eg har teke med i lista. Av palatalen /ç/ av typen /çørçə/ har eg teke med fem ord i lista.

5.8.1 Palatalen /j̥j/ i innljod av typen /lɛj̥j:ir/

Tabell 10: Palatalen /j̥j/ i innljod av typen /lɛj̥j:ir/

	Tradisjonell	Moderert	Veksling
Eldre	7 % (3/44)	93 % (41/44)	
Middelaldrande	5 % (1/20)	95 % (19/20)	
Yngre		100 % (24/24)	




Diagram 10: Palatalen /j̥/ i innljod av typen /ɛj̥:ir/

Dei modererte formene særleg formene /veg:ær/ og /leg:ær/ medann formene /hyg:elig/ og /flæg:ə/ er reine standardformer.

Som me ser i tabellen over, er det berre få restar att av dette målmerket i Sauherad, og som venta lever desse restane best att hjå dei eldre. Me ser at dei eldre rapporterer at dei nyttar den tradisjonelle forma i tre av 44 mogelege tilfelle. Ein informant rapporterer at han nyttar formene /ɛj̥:ir/ og /vɛj̥:ir/, og ein annan informant rapporterer at han nyttar /vɛj̥:ir/. Det er forvitneleg å merka at når palatalen fell bort, vert /-ir/ bytt ut med /-ær/. Slik er det òg hjå dei middelaldrande der den tradisjonelle forma vert rapportert i eitt av 20 tilfelle. Merk at dei unge rapporterer at dei nyttar den modererte forma av typen /leg:ær/ i 100 prosent av tilfella. I tillegg er det ingen av informantane som vekslar mellom formene. Sidan ingen unge nyttar dei tradisjonelle formene, er det grunn til å tru at dette ikkje kjem til å kunna høyrast i Sauherad om nokre år.

Ei forklåring på at desse formene står veikt, kan vera at palatalen /j̥/ ikkje står so sterkt i bygdemålet frå før. Skjekkland (1980:115) fann at berre 23 prosent av dei yngste informantane (informantar fødte mellom 1963 og 1965) nytta dei tradisjonelle formene i Bø, og han konkluderte at palatalisering av velarar i innljod var « [...] på tilbaketog i Bø». Me kan slå fast at /j̥/ i innljod står veikt i den eldre og middelaldrande gruppa, og at hjå dei unge ser dette målmerket ut til å vera utdøytt.

5.8.2 Palatalen /nj/ i innljod av typen /ønjə/

Tabell 11: Palatalen /nj/ i innljod av typen /ønjə/

	Tradisjonell	Standard	Veksling
Eldre	12 % (8/66)	86 % (57/66)	2 % (1/66)
Middelaldrande		100 % (30/30)	
Yngre		100 % (36/36)	




Diagram 11: Palatalen /nj/ i innljod av typen /ønjə/

I tabellen ser me at dei eldre rapporterer at dei nyttar den tradisjonelle forma av typen /ønjə/ i 12 prosent av tilfella. I alt er det fire av dei eldre informantane som nyttar dei tradisjonelle formene, men det er ingen av dei som *berre* nyttar tradisjonelle former. /ønjə/ vert bruka mest, medan /leɲjə/ vert nytta minst. Elles ser me at dei unge og dei middelaldrande ikkje nyttar den tradisjonelle forma i det heile, og difor slår me fast at dette målmerket kjem til å forsvinna heilt om nokre år. Sidan /nj/ i innljod ikkje er heilt konsekvent oppført i målføresynopsisen, kan det tyda at denne prosessen har gått føre seg i lang tid. Me registrerer at dette målmerket korkje har stønad i standardtalemålet, nynorsk eller vikkværsk, difor vert dette målmerket omframt avstikkande, og at påverknaden er vertikal.

5.8.3 Palatalen /ç/ i innljod av typen /çørçə/

Tabell 12: Palatalen /ç/ i innljod av typen /çørçə/

	Tradisjonell	Standard	Veksling
Eldre	33 % (22/66)	64 % (42/66)	3 % (2/66)
Middelaldrande	30 % (9/30)	63 % (19/30)	7 % (2/30)
Yngre	5 % (2/36)	86 % (31/36)	6 % (3/36)




Diagram 12: Palatalen /ç/ i innljod av typen /çørçə/

Orda eg har nytta for å finna kor godt palatalen /ç/ står i innljod, er *tanke*, *å tenkje*, *ei kyrkje*, *å steikje* og *å røykje*. Forma /çørkə/ er ikkje ei standardform, men heller ei modifisert form utan palatalen. Sidan det er palatalen eg har valt å konsentrert meg om, har eg late forma /çørkə/ stå som standardform i lag med /çærkə/ og /çirkə/. Elles skil ikkje standardformene seg ut frå det som er tillate å skriva i normert bokmål som t.d. /stæikə/.

I tabellen ser me at dei eldre nyttar den tradisjonelle forma i 33 prosent av tilfella, medan dei middelaldrande nyttar denne forma i 30 prosent av tilfella. Soleis står desse generasjonane nokså likt i bruket av den tradisjonelle forma. På den andre sida står dei unge som berre rapporterer at dei nyttar den tradisjonelle forma i 5 prosent av tilfella. Dei standardiserte formene står mykje sterkare enn dei tradisjonelle formene i alle aldersgrupper, men sterkast hjå dei unge som rapporterer at dei nyttar den standardiserte forma i 86 prosent av tilfella. Hjå dei middelaldrande er det inter-individuell variasjon der det er to informantar som dreg opp prosenten, medan dei andre berre nyttar tradisjonell form eller ingen. Dette er annleis hjå dei eldre der det er større spreing mellom formene hjå kvar einskild.

I bruket av dei palatale formene hjå dei unge, er det særleg /çørçə/ som vert nytta. Elles vekslar nokre av dei unge mellom den tradisjonelle forma /çørkə/ eller /çærkə/.


Standardformene /çirkə/ og /çyrçə/ vert ikkje nytta i det heile. Det me særleg ser, er at palatalen /ç/ ikkje står særleg sterkt i nokon av aldersgruppene, og at han nesten er heilt borte hjå dei unge. Difor kan me rekna med at denne forma går ut om nokre år.

5.9 /gv/ i framljod

Dette målmerket skil seg ut frå både bokmål og nynorsk skrift, og har heller ikkje stønad i vikkværsk. Den modifiserte forma er lik den nynorske standardforma av typen /kvi:t/, som dessutan har stønad i Vest-Telemark. Standardforma av typen /vi:t/ har stønad i vikkværsk og bokmål. Orda i spørjelista var *kvit*, *kveite*, *kvalp*, *kvass*, *kvile*, *kvelve*, *kvefs* og *kvardag*. Etter målføresynopsisen skal alle desse orda ha /gv/ i framljod.

Tabell 14: /gv/ i framljod

	Tradisjonell	Modifisert	Standard	Veksling		
				trad. – mod.	mod. – stand.	stand. – trad.
Eldre	63 % (55/88)	7 % (6/88)	27 % (24/88)		3 % (3/88)	
Middelaldrande	60 % (24/40)	2 % (1/40)	33 % (13/40)			5 % (2/40)
Yngre	19 % (9/48)	13 % (6/48)	46 % (22/48)	8 % (4/48)		14 % (7/48)



Tabell 14: /gv/ i framljod

I tabellen ser me at dei eldre rapporterer at dei nyttar den tradisjonelle forma av typen /gvi:t/ i 63 prosent av tilfella, medan dei middelaldrande nyttar denne forma i 60 prosent av tilfella. Dimed er det ikkje so stor skilnad på bruket av dei tradisjonelle formene i dei to generasjonane. Dette skil seg klårt dei unge, som rapporterer at dei nyttar former som /gvas:/ og /gvi:t/ i 19 prosent av tilfella. Sameleis er det med bruket av standardformene der dei eldre rapporterer 27 prosent og dei middelaldrande 25 prosent. Dei unge rapporterer at dei nyttar standardformene i 46 prosent av tilfella, og med det skil dei unge seg ut ved at standardformene dominerer. Dei unge skil seg òg ut ved at dei nyttar den modifiserte forma

av typen /kvi:t/ mest. I tillegg er det verdt å merka at dei òg rapporterer meir veksling mellom standardform og tradisjonell form enn det dei andre aldersgruppene gjer.

Hjå dei eldre er det berre éin informant som nyttar dei modifiserte formane av typen /kvi:t/, og han rapporterer at han nyttar slike former i seks av åtte tilfelle. Med det er det inter-individuell variasjon i den eldre gruppa. Når det gjeld spreinga av den tradisjonelle og den standardiserte forma, er det intra-individuell variasjon i den eldste gruppa. I den middelaldrande gruppa er det ikkje like stor spreing mellom formene, her er det informant som ikkje nyttar den tradisjonelle forma i det heile.

Hjå dei unge er det intra-individuell variasjon. Eg legg til at dei som ikkje nyttar den tradisjonelle forma, nyttar den modererte forma i staden. Dette *kan* vera feilrapportering på den måten at informantane har tenkt kva som er *rett dialekt*, men sidan tre informantar rapporterer det same, kan me tru at rapporteringa er rett. I so fall kan me tala me om ein horisontal påverknad frå vest-telemålet, eller rett og slett påverknad frå normert nynorsk. Elles legg eg til at forma /gvɑ̃p/ ikkje vert nytta i noka aldersgruppe. Ordet /gvandag/ vert òg lite nytta, og vert bytt ut med /værdɑ:g/. På den andre sida ser det ut til at orda /gvi:lə/, /gvas:/, og /gveitə/ held seg best i alle aldersgruppene.

Ut frå desse funna kan me ikkje seia at det særmerkte målmerket /gv/ i framljod står særleg sterkt hjå dei unge i Sauherad. Former som /gvas:/ og /gvi:lə/ er avstikkande former som vert lagde merke til av folk som ikkje er kjende med bygdemålet. Holla-målet har /v/ for gno. *hv*, men hadde /gv/ tidlegare. T.d. heiter det «katta gveser, de jikk så de gvein, ein gvell lyd» (Gjermundsen 1975:147), og det kan sjå ut som om dette målmerket kjem til å gå ut i Sauherad òg.

Skjekkeland (1980:118) fann òg at forma *gvandags* ikkje var mykje bruka, og at /værvə/ vart bruka i staden for /gvɑ̃və/. Dette fann han i dei to yngste aldersgruppene. Det same ser me her. Om eg jamfører mine funn i Sauherad med Skjekkeland sine i Bø, ser det ut til at dette målmerket stod mykje sterkare den gongen. Han fann at skåren for den tradisjonelle forma var på 62 prosent i den yngste aldersgruppa.

5.10 Substantiv

Under presenterer eg kor stor oppslutnad det er om dei substantivendingane i ub.pl. på /-ær/, /-ir/ og /-ur/ og b.pl. på endingane /-æn:/, /-in:/ og /-un:/.

5.10.1 Ub.pl. av typen /hestær/ og /my:rær/

Desse substantiva fekk fleirtalsendinga *-ar* i gno. og er både hokjønns- og hankjønnsord. I målføresynopsisen står desse formene konsekvent oppførte med /æ/ og ikkje /a/ som me elles kjenner. Skjekkeland (1980:144) oppgjer at Bø har /-ar/ og «(event. -er)». Eg høyrde ingen klår /a/-ljod hjå informantane mine, men derimot ein mellomting mellom /a/ og /æ/. Om denne ljoden skriv Schulze (1975:233) at «Endingi *-ar* i Lunde og til deils Sauherad har æ-klang, soleis *hestär* [...]». Dette kan tydeleg høyrast hjå fleire informantar, men ikkje hjå alle, og i nokre tilfelle er det vanskeleg å høyra skilje. Difor har ikkje eg teke dette med i granskinga mi. Schulze (ibid.) skriv at «[...] Sauherad elles synest ha greid *a* i unbundi fleirtal: *hestar*». Eg kunne ikkje høyra hjå informantane mine at nokre av dei hadde ein klår /a/ i ub.pl. Standardformene er av typen /hestær/. Eg har sett opp hankjønnsorda og hokjønnsorda i eigne lister av di eg ville finna ut om det var noko skilje i bruket.

Tabell 13: Hankjønnsord av typen /hestær/

	Tradisjonell	Standard	Veksling
Eldre	97 % (64/66)	3 % (2/66)	
Middelaldrande	90 % (27/30)	3 % (1/30)	7 % (2/30)
Yngre	89 % (32/36)	11 % (4/36)	




Diagram 13: Hankjønnsord av typen /hestær/

I tabellen ser me at hankjønnsorda av typen /hestær/ held seg godt i alle aldersgruppene. Dei eldre rapporterer at dei nyttar den tradisjonelle forma i 97 prosent av tilfella, dei middelaldrande i 90 prosent av tilfella og dei unge i 89 prosent av tilfella. Dei unge rapporterer at dei nyttar den standardiserte forma i fleire tilfelle enn dei eldre og dei

middelaldrande. Den tradisjonelle forma /brø:ær/ vert ikkje nytta like mykje hjå dei unge som i dei andre aldersgruppene, men vert bytt ut av standardforma /brødrø/.

Tabell 14: Hokjønnsord av typen /my:rær/

	Tradisjonell	Modifisert	Standard	Veksling		
				trad. – mod.	mod. – stand.	stand. – trad.
Eldre	88 % (58/66)		11 % (7/66)			1 % (1/66)
Middelaldrande	60 % (18/30)	17 % (5/30)	23 % (7/30)			
Yngre	73 % (26/36)	8 % (3/36)	19 % (7/36)			




Diagram 14: Hokjønnsord av typen /my:rær/

I tabellen ser me at dei eldre nyttar dei tradisjonelle formene i 88 prosent av tilfella. Det som særleg skil desse resultatata ut frå andre resultat, er at dei middelaldrande nyttar dei tradisjonelle formene i 60 prosent av tilfella, medan dei unge rapporterer at dei nyttar desse formene i 73 prosent av tilfella. Ser me på standardformene, ser me at dei eldre rapporterer minst bruk av standardformer, medan dei middelaldrande rapporterer at dei nyttar standardformene i 23 prosent av tilfella og dei unge i 19 prosent av tilfella. Det er påfallande at dei unge rapporterer at dei nyttar standardformene mindre enn dei middelaldrande. Hjå dei unge har me intra-individuell variasjon, men hjå dei middelaldrande er det inter-individuell variasjon. Ordforma /li:ær/ merkjer seg ut ved at ho i fleire tilfelle enn dei andre orda vert bytt ut med standardforma /li:ær/.

Somme middelaldrande og unge informantar rapporterer at dei nyttar modifiserte former av typen /bjørkur/, /bjørkir/, /my:rir/. Dei eldre rapporterer ikkje slike former i det heile, noko som kan tyda at dei er meir «støe» i bruket enn dei to andre aldersgruppene. Slike former vert ikkje rapporterte i hankjønnsorda i det heile. Elles ser er me at dei tradisjonelle formene står sterkare i hankjønnsorda enn i hokjønnsorda, og det ser ut til at hokjønnsorda er utsette for påverknad i større mon enn hankjønnsorda. Skjekkeland (1980:142) fann at overgangen til standardformene i hankjønnsord av typen /hestær/ ikkje var merkande, medan i tilsvarende hokjønnsord var det meir vakling. Det rimar godt med resultatane her.

5.10.2 B.pl. av typen /hestæn:/ og my:ræn:/

I målføresynopsisen er tostava former som /bøn:æn/ konsekvent ført opp. Trestava former som /bøn:ænə/ finst ikkje i synopsisen, men Schulze (1972:234) skriv at «I Sauherad og i Bø synest det vera vingel millom *hestèn* og *hestène*, *jentun* og *jentune*. Det kan vitna um ei tevling millom tvostavingar og tristavingar i dei bygdene». Skjekkeland (1980:149) skriv at både tostavingsformer og trestavingsformer er i bruk i tradisjonelt bøheringsmål. I store drag var tre-stavingsformene som vart rapportert av informantane i Sauherad av den vikkværske typen /hestanə/. Dei modifiserte formene her er av typen /hestanə/, og dei standardiserte formene av typen /hestenə/.

Tabell 15: Hankjønnsord av typen /hestæn:/

	Tradisjonell	Modifisert	Standard
Eldre	97 % (64/66)	3 % (2/66)	
Middelaldrande	57 % (17/30)	40 % (12/30)	3 % (1/30)
Yngre	30 % (11/36)	67 % (24/36)	3 % (1/36)




Diagram 15: Hankjønnsord av typen /hestæn:/

I tabellen ser me at dei eldre rapporterer at dei nyttar den tradisjonelle forma i 97 prosent av tilfella og står soleis sterkt. Dei middelaldrande rapporterer at dei nyttar den tradisjonelle forma i 57 prosent av tilfella, medan dei unge rapporterer at dei nyttar denne forma i 30 prosent av tilfella. Standardformene av typen /hestenə/ vert ikkje nytta i særleg mon. Ingen informantar rapporterer at dei vekslar mellom formene. Dei modifiserte formene av typen /hestanə/ vert nytta mest av dei unge som gjev opp 67 prosent, og dei middelaldrande 40 prosent. Dei eldre skil seg ut ved at dei mesta ikkje nyttar denne forma.

Hjå dei middelaldrande er det inter-individuell variasjon, og det er berre to informantar i denne gruppa som rapporterer at dei nyttar den modifiserte forma. Sameleis er det hjå dei unge som gjev opp at dei anten nyttar tradisjonelle former eller modifiserte former. Soleis er det stor skilnad og variasjon mellom informantane i den unge og eldre gruppa, og me kan ikkje seia at det er noko ålment utviklingsdrag. Slik det ser ut i desse gruppene, lever former som /hestanə/ og /hestæn:/ jamsides. Kva skal me seia om brigdet? Faktum er at det ikkje er standardformer av typen /hestenə/ som vinn fram, men modifiserte regionformer av typen /hestanə/. Dette er former som er vel kjende i Vest-Telemark, men òg i vikkværsk. Mest sannsynleg vert sauheringane påverka frå bymåla søraust i fylket, men i alle høve kan me slå fast at det er horisontal nivellering me ser her.

Trestavingsformer som /hestæn:ə/ vart ikkje rapporterte hjå dei middelaldrande og dei unge, men nesten ikkje hjå dei eldre heller. I eitt tilfelle, rapporterte ein eldre informant at han nytta former som /hestænə/ og /vintrænə/, men bruket var ikkje konsekvent. Sidan det ikkje var fleire eldre informantar som rapporterte slike former, tok eg det ikkje med i statistikken. Hjå dei middelaldrande og dei unge er trestavingsformer på /-ane/ vanleg. Dette høver med det Skjekkeland (1980:150) fann i si gransking, og han skriv: «Etter at tostavingsformer har vore ekspansive i fleire år, ser det nå ut som tre-stavingsformer tek meir over att blant dei aller yngste». Skjekkeland meiner at utviklinga i Bø svarte til utviklinga som har gått føre seg i vikkværsk dei siste generasjonane. Der har systemet *hestär/hestær* og *hestänne/hestænne* vorte til *hestär/hestær* og *hestanne*. Skjekkeland skriv vidare at endinga /-ar/ i ub.pl. framleis er mykje nytta i Bø (Skjekkeland 1980:150). I Sauherad har eg ikkje høyrte /-ar/ i det heile, men /-är/ vert nytta parallelt med /-ær/. Nokre informantar nyttar både formene om kvarandre slik at dei seier t.d. /vinträr/, men /hestær/. Soleis kan ein seia at Sauherad er i ei stode der endinga /-är/ går over til /-ær/. Hjå dei middelaldrande lever /-är/ og /-ær/ om kvarandre, men hjå dei unge er /-ær/ dominerande.

Tabell 16: Hokjønnsord av typen /my:ræn:/

	Tradisjonell	Modifisert	Standard
Eldre	97 % (64/66)	3 % (2/66)	
Middelaldrande	40 % (12/30)	57 % (17/30)	3 % (1/30)
Yngre	22 % (8/36)	67 % (24/36)	11 % (4/36)




Diagram 16: Hokjønnsord av typen /my:ræn:/

I tabellen ser me at den tradisjonelle forma 97 prosent skår hjå dei eldre, og soleis kan me seia at den tradisjonelle forma av typen /my:ræn:/ står stødig her. Ser me på dei middelaldrande, får den tradisjonelle forma 40 prosent skår, medan dei unge rapporterer berre at dei nyttar den tradisjonelle forma i 22 prosent av tilfella. Dei modifiserte formene er former som me finn i vikkværske av typen /my:ranə/, men dei modifiserte formene er òg former av typen /my:rin:/. Andre former av denne typen er /bjørkin:/, /døt:rin:/, /li:in:/ og /bjørkur/. Dei middelaldrande informantane rapporterer at dei nyttar slike former i 20 prosent av tilfella, medan former av typen /my:ranə/ vert nytta i 37 prosent av tilfella. Dei eldre og dei unge rapporterer ikkje former av typen /my:rin:/ i det heile. Både hjå dei unge og dei middelaldrande er det skilnad mellom informantane og ikkje i bruket åt den ein-skilde informanten, og soleis er det inter-individuell variasjon.

Jamfører me det dei eldre rapporterer i bruk av hankjønnsorda i bunden form av typen /hestæn:/ og bruket i hokjønnsorda, ser me at dei rapporterer den same prosentten. Det kan difor sjå ut som om dei eldre er konsekvente, og i tillegg er det ikkje nokon skilnad på hankjønns- og hokjønnsorda i bunden form slik me såg i den ubunde forma av typen /hestær/ og /my:rær/. Dei middelaldrande rapporterer at dei nyttar den tradisjonelle forma mindre i hokjønnsorda enn i hankjønnsorda, slik dei òg rapporterer i ubunde plural. Dei unge rapporterer at dei nyttar den tradisjonelle forma meir i hankjønnsorda enn i hokjønnsorda, slik

dei òg gjer det i ubunde plural. Det som skil hokjønnsorda frå hankjønnsorda, er at me har former av typen /my:rir/ og /bjørkur/. Dette er analogiske former som ikkje er nedervde. Dette tyder at sauheringsmålet er i ein nivelleringsfase der me ser auka variasjon i talemålet. Ein av grunnane til at hokjønnsorda ser ut til å vera meir utsette for endring enn hankjønnsorda, kan vera at hokjønnsorda ikkje har stønad i normert nynorsk, slik hankjønnsorda har i ub.pl.

Den tradisjonelle forma står heilt klårt sterkast hjå dei eldre. Annleis er det hjå dei unge og dei middelaldrande. Me ser at former som /bø:kanə/ og /bjørkanə/ ikkje er nytta hjå dei middelaldrande, men hjå dei unge utgjer dei fleirtalet. Det er heilt klart at regionaliseringa er sterkast hjå dei unge på den måten at trestavingsformene på /-anə/ får høgast skår. Hjå dei middelaldrande ser det ut til at det òg er andre ting som spelar inn. Det me ser, er òg at standardiseringa er sterkare i ubunden form i hokjønnsorda enn ho er i bunden form.

5.10.3 Ub.pl. av typen /gri:sir/ og /skå:ɾir/

Under ser me kor sterkt den tradisjonelle endinga /-ir/ står i Sauherad enno i dag.

Hankjønnsorda har opphav i den gamalnorske *i*- og *u*-klassa og hokjønnsorda i *ir*-klassa. I tabell 18 ser me resultatet for hankjønnsorda, og i tabell 19 står resultatet for hokjønnsorda. Dei modifiserte formene er analogiske former av typen /gri:sær/ og /skå:ɾær/, og dei standardiserte formene er av typen /gri:sær/ og /skå:ɾær/.

Tabell 17: Hankjønnsord av typen /gri:sir/

	Tradisjonell	Modifisert	Standard	Veksling		
				trad. – mod.	mod. – stand.	stand. – trad.
Eldre	30 % (20/88)	48 % (42/88)	19 % (17/88)	2 % (2/88)	1 % (1/88)	
Middelaldrande	15 % (6/40)	60 % (24/40)	23 % (9/40)			2 % (1/40)
Yngre	8 % (4/48)	81 % (39/48)	10 % (5/48)			




Diagram 17: Hankjønnssord av typen /gri:sir/

I tabellen ser me at dei tradisjonelle formene av typen /gri:sir/ ub.pl. ikkje står særleg sterkt i Sauherad i dag. Dei eldre rapporterer at dei nyttar denne forma i 30 prosent av tilfella, dei middelaldrande i 15 prosent av tilfella og dei yngre berre i åtte prosent av tilfella. Soleis ser me at denne forma står sterkast hjå dei eldste, men likevel står ho ikkje særleg sterkt i denne gruppa heller. Forma som får høgast skår i alle gruppene, er den modifiserte forma av typen /gri:sær/. Her får dei eldre den lågaste skåren og dei unge den høgaste. Ser me på standardformene, ser me at dei unge har færrest standardformer, men dei unge har langt fleire modifiserte former enn dei eldre og middelaldrande. Me legg merke til at dei middelaldrande rapporterer at dei nyttar standardformene i 23 prosent av tilfella og dei eldre i 19 prosent av tilfella. Soleis er standardbruket større hjå dei eldre og middelaldrande enn hjå dei unge som rapporterer at dei nyttar standardformene i 10 prosent av tilfella.

I den middelaldrande gruppa er det intra-individuell variasjon, sameleis er det hjå dei unge. Eg kan nemna at i dei fire tilfella dei unge nyttar den tradisjonelle forma, er det i ordet /seuir/. Slik er det òg hjå dei middelaldrande, men her vert òg /søn:ir/ nytta. Hjå dei eldre er det òg intra-individuell variasjon, men i denne gruppa er ordvalet større. I tillegg til /seuir/ og /søn:ir/ nyttar dei eldre òg /gri:sir/, /seç:ir/, og /bençir/. Tre av orda på spørjelista er ord med palatal i innljod. D.e. /seç:ir/, /lej̃:ir/ og /bençir/. Desse formene lever berre hjå somme av dei eldre informantane. Det er verdt å merka seg at når desse orda får endinga /-ir/, vert dei samstundes uttala med palatal, medan når desse orda får /-ær/-ending, får dei heller ikkje palatal. Dei eldre nyttar desse orda i åtte av 20 tilfelle, og difor kan me slå fast at palatalane ikkje står særleg sterkt. Skjekkeland (1980:145) fann det same, og han slår fast at det «[...]det ser ut til å vera

ein heilt klar tendens at når palataliseringa blir borte i fleirtal, tek endinga -ar/-ær over i staden for -ir/-ér.»

Endinga /-ir/ i hankjønnsorda står heller ikkje særleg sterkt, og me kan rekna med at denne forma kjem til å kverva frå Sauherad om nokre år. Sidan dei unge berre nyttar forma i ordet /suir/, kan dette vera eit symbolord og ikkje lenger ein del av eit levande bøyingsystem. Det er forvitneleg at dei unge rapporterer at dei nyttar færre standardformer enn det dei eldre og middelaldrande gjer. Soleis ser det ut til at analogiverknaden er sterkare hjå dei unge enn hjå dei middelaldrande og eldre der standardformene står sterkare. Dei unge seier ikkje /søn:ær/ som ein del av dei eldre og middelaldrande gjer, men i staden rapporterer dei at dei nyttar /søn:ær/. Det me ser, i alle aldersgruppene, er ei analogisk utjamning av hankjønnsorda med endinga /-ir/ til /-ær/.

Utjamninga av den gamle bøyinga er eit faktum i alle aldersgrupper, men sterkast hjå dei yngre og veikast hjå dei eldre. Det er viktig å presisera at dei tradisjonelle formene ikkje er i fleirtal hjå dei eldre heller. Dei modererte formene som står sterkast i alle aldersgrupper. Skjekkeland (1980:145) fann òg at denne bøyingsklassa vart utjamninga i bøheringsmålet.

Tabell 18: Hokjønnsord av typen /skå:ɹir/

	Tradisjonell	Moderert	Standard	Veksling		
				trad. – mod.	mod. – stand.	stand. – trad.
Eldre	83 % (55/66)	3 % (2/66)	12 % (8/66)	2 % (1/66)		
Middelaldrande	57 % (17/30)		40 % (12/30)			3 % (1/30)
Yngre	39 % (14/36)	25 % (9/36)	33 % (12/36)			3 % (1/36)




Diagram 18: Hokjønnsord av typen /skå:ɾir/

I tabellen ser me at dei eldre rapporterer at dei nyttar former som /skå:ɾir/ i 83 prosent av tilfella, og dimed er dette den høgste skåren. Dei middelaldrande rapporterer at dei nyttar den tradisjonelle forma i 57 prosent av tilfella, og dei unge i 39 prosent av tilfella. Dei middelaldrande rapporterer at dei ikkje nyttar modererte former av typen /skå:ɾær/, medan dei unge rapporterer at dei nyttar modifiserte former i 25 prosent av tilfella. Det vil seia at modifiserte former som /skå:ɾær/ og /ku:ær/ vert nytta mest av dei unge. Ser me på standardformene, ser me at dei unge rapporterer at dei nyttar desse formene i 33 prosent av tilfella, medan skåren på desse formene er 40 prosent hjå dei middelaldrande. Dimed er standardprosenten hjå dei middelaldrande større enn hjå dei unge.

Hjå dei eldre er det intra-individuell variasjon. Forma /mo:rir/, som står oppført i synopsisen, skil seg ut på den måten at *ingen* informantar rapporterer denne forma. I alle aldersgruppene er det standardforma /mø:drə/ som vert nytta mest. I motsetnad til dei eldre er det inter-individuell variasjon i den middelaldrande gruppa der to informantar nyttar tradisjonelle former, medan tre ikkje gjer det. Hjå dei unge er det fleire informantar som nyttar nokre tradisjonelle former, men det er likevel inter-individuell variasjon i denne gruppa òg. Ord som særleg går att hjå dei unge er /ku:ir/ og /harvir/.

Jamfører me hokjønnsorda med /-ir/-ending i ub.pl. med dei tilsvarande hankjønnsorda, ser me at me har større oppslutnad av dei tradisjonelle formene i hokjønnsorda. Det same fann Skjekkeland (1980:147) i granskinga si den gongen, men her halde dei tradisjonelle formene seg mykje betre enn i Sauherad i dag. Analogisk overgang til former som /skå:ɾar/ og /skå:ɾær/ fanst ikkje i det heile. Jamført med det Skjekkeland fann, går formene på /-ir/ attende både i hankjønns- og i hokjønnsorda, men resultata her kan tyda på at dei tradisjonelle

formene vil halda seg betre i hokjønnsorda enn i hankjønnsorda. Når me ser på bruket åt dei unge, er det grunn til å tru at desse formene ikkje kjem til å leva særleg lenge i Sauherad.

5.10.4 B.pl. av typen /gri:sin:/ og /skå:ɾin:/

Under ser me kor stor oppslutnad dei tradisjonelle formene av typen /gri:sin:/ og /skå:ɾin:/ får. Fyrst kjem eit oversyn over hankjønnsorda, og etter det kjem eit oversyn over hokjønnsorda av typen /skå:ɾin:/. Den modifiserte forma er todelt der den eine forma er trestava som i /gri:sanə/ og den andre er tostava som i /gri:sæn:/. Standardformene er former som /gri:senə/ og /skå:ɾenə/.

Tabell 19: Hankjønnsord av typen /gri:sin:/

	Tradisjonell	Moderert		Standard	Veksling		
		/-æn:/	/-ane/		trad. – mod.	mod. – stand.	stand. – trad.
Eldre	30 % (26/88)	60 % (53/88)		1 % (1/88)	9 % (8/88)		
Middelaldrande	25 % (10/40)	25 % (10/40)	43 % (17/40)	5 % (2/40)			2 % (1/40)
Yngre	6 % (3/48)	27 % (13/48)	65 % (31/48)	2 % (1/48)			




Diagram 19: Hankjønnsord av typen /gri:sin/

I tabellen ser me at den tradisjonelle forma av typen /gri:sin:/ ikkje står særleg sterkt. Dei eldre rapporterer at dei nyttar den tradisjonelle forma i 30 prosent av tilfella, noko som er plent det same som i den ubundne forma av typen /gri:sir/ som me har sett tidlegare. Soleis er dei eldre konsekvente i bruket ved at dei seier t.d. /søuir/ og /søuin:/. Me ser òg at dei eldre

rapporterer at dei nyttar den modererte forma av typen /seuæn:/ i 60 prosent av tilfella. Soleis er det denne forma som dominerer hjå dei eldre. Dei middelaldrande rapporterer at dei nyttar den tradisjonelle forma i 25 prosent av tilfella. Det tyder at den bundne forma av typen står sterkare enn den ubundne forma. Dei middelaldrande rapporterer òg at dei nyttar modererte former i 68 prosent av tilfella, 25 prosent av tilfella nyttar dei tostava former og i 43 prosent av tilfella nyttar dei trestavingsformer av typen /gri:sanə/.

Sameleis er det hjå dei unge. Dei unge nyttar mesta ikkje dei tradisjonelle formene, men dei har bytt bøyingsklasse heilt. Det me legg merke til, er at dei unge rapporterer at nyttar tostava former som /gri:sæn:/ i 27 prosent av tilfella, medan trestavingsformer av typen /gri:sanə/ 65 prosent. Det tyder at dei trestava formene er i fleirtal både hjå dei middelaldrande og dei unge, og me kan seia at dette fungerer som ei produktiv bøyingsklasse for substantiva. Sidan desse formene har stønad i vikkværsk, kan me seia at regionaliseringstendensen er sterk. Dei tradisjonelle formene på /-in:/ vert i stor mon erstatta med /-anə/. Denne bøyinga ser ut til å vera ei produktiv bøyingsklasse.

Den unge aldersgruppa rapporterer at dei anten nyttar tradisjonelle tostavingsformer eller den vikkværsk trestavingsforma, og dimed har me inter-individuell variasjon. Hjå dei middelaldrande er det òg inter-individuell variasjon mellom formene. Hjå dei eldre er det meir spreing i formene åt den einskilde informant, og det er intra-individuell variasjon. Me kan slå fast at i den eldre gruppa vert fleire tradisjonelle former bytte ut med av former på /æn:/, og analogiverknaden ser ut til å vera sterk. Soleis er a-stomnbøyinga den produktive bøyingsklassa som tek opp i seg nye ord. Hjå dei unge og dei middelaldrande vert fleirtalet av dei tradisjonelle formene bytte ut med dei vikkværsk trestavingsformene av typen /gri:sanə/. Soleis ser det ut til at denne forma er meir produktiv i desse aldersgruppene enn dei tradisjonelle tostavingsformene.

Tabell 20: Hokjønnsord av typen /skå:tjin:/

	Tradisjonell	Moderert		Standard	Veksling		
		/-æn:/	/-ane/		trad.-mod.	mod.-stand.	stand.-trad.
Eldre	79 % (26/33)	12 % (4/33)		6 % (2/33)		3 % (1/33)	
Middelaldrande	53 % (8/15)	7 % (1/15)		33 % (5/15)			7 % (1/15)
Yngre	28 % (5/18)	17 % (3/18)	33 % (6/18)	22 % (4/18)			




Diagram 20: Hokjønnsord av typen /skå:ɾin:/

I tabellen ser me at den tradisjonelle forma av typen /skå:ɾin:/ står sterkast i den eldste gruppa. Korkje modifiserte eller standardiserte former står særleg sterkt i denne aldersgruppa. Dei middelaldrande rapporterer at dei nyttar den tradisjonelle forma i 53 prosent av tilfella, og den standardiserte forma av typen /skå:ɾənə/ i 33 prosent av tilfella. Dei unge rapporterer at dei nyttar den tradisjonelle forma i 28 prosent av tilfella. Dertil rapporterer dei unge at dei nyttar den modifiserte forma av typen /skå:ɾæn:/ i 17 prosent av tilfella og /skå:ɾənə/ i 33 prosent av tilfella – totalt 50 prosent. Dimed står dei unge i ei særstode av di dei nyttar dei modererte formene mest, medan dei middelaldrande rapporterer at dei nyttar fleire standardformer enn dei unge.

Dei tradisjonelle formene av hokjønnsorda av typen /ku:in:/ står mykje sterkare hjå alle aldersgrupper enn det hankjønnsorda av typen /gri:sin:/ gjer. Den tradisjonelle forma får høgare skår i hokjønnsorda enn i hankjønnsorda. Me ser at standardformene òg får høgare skår her enn det hankjønnsorda får. Alle aldersgruppene nyttar fleire modererte former i hankjønnsorda enn det dei gjer i hokjønnsorda. I hokjønnsorda er det berre dei unge som nyttar modifiserte former i større grad, medan dei eldre og middelaldrande ikkje nyttar dei modifiserte formene like mykje som i hankjønnsorda.

Hjå dei eldre er det intra-individuell variasjon. Ordet /mo:rin:/ skil seg ut av di det ikkje er nokon som rapporterer at dei seier det. Her vert den modererte forma /mo:ræn:/ nytta i fire tilfelle, medan i resten av tilfella vert standardforma /mø:drenə/ rapportert. Hjå dei middelaldrande er det éin informant som skil seg ut ved å berre nytta modifiserte former av typen /ku:ənə/, men elles er det spreining mellom formene. Heller ikkje hjå dei middelaldrande

vert forma /mo:rin:/ nytta, men heller /mø:drenə/. Hå dei unge er det intra-individuell variasjon. Her vert berre standardforma /mø:drenə/ nytta.

Me ser at dei tradisjonelle formene går sterkt attende hå dei middelaldrande, men mest hå dei unge. Når me ser på den låge skåren for tradisjonelle former i hankjønnsorda òg, er det ikkje grunn til å tru at desse formene kjem til å kunna høyrast i Sauherad om nokre år. Det forvitnelege er at hå dei unge ser me større tendens til analogiske nylagingar enn det me ser i dei andre aldersgruppene. Det kan sjå ut som om standardiseringa er sterkare hå dei middelaldrande og dei unge, men former som /ku:ər/ og ku:enə/ er òg kjende frå vikkværsk. Samstundes kan me merka oss at hokjønnsorda av typen /ku:in:/ står sterkare enn hankjønnsorda av typen /gri:sin:/.

5.10.5 Hokjønnsord av typen /vi:sur/ og /vi:sun:/

Desse orda har opphav i *ur*-klassa, linne hokjønnsord, og i ub.pl. får dei endinga /-ur/ og i b.pl. /-un:/. Dei modifiserte formene i ub.pl. er av typen /vi:kər/, /vi:sər/ og /furuər/, og i b.pl. er formene både /vi:sæn:/ og /vi:sanə/. Sidan berre nokre av dei modifiserte formene er dei same som standardformene, har eg valt å kalla alt modifiserte former.

Tabell 21: Hokjønnsord av typen /vi:sur/

	Tradisjonell	Modifisert
Eldre	98 % (54/55)	2 % (1/55)
Middelaldrande	68 % (17/25)	32 % (8/25)
Yngre	48 % (12/25)	52 % (13/25)




Diagram 21: Hokjønnsord av typen /vi:sur/

I tabellen ser me at den tradisjonelle forma av typen /vi:sur/ står sterkast hjå dei eldre som rapporterer at dei nyttar desse formene i 98 prosent av tilfella. Hjå dei middelaldrande er oppslutnaden om de tradisjonelle formene 68 prosent og dei modifiserte formene 32 prosent. Dei unge rapporterer at dei nyttar den tradisjonelle forma i 48 prosent av tilfella og den modifiserte forma i 52 prosent av tilfella. Dimed står dei modifiserte formene sterkare enn den tradisjonelle hjå dei unge. Det er ingen informantar som rapporterer at dei vekslar mellom formene. Jamfører me aldersgruppene, ser me at dei unge nyttar dei tradisjonelle formene minst og dei eldre mest. Hjå dei unge er det intra-individuell variasjon, og eg legg til at orda /stu:gur/ og /vi:kur/ held seg særleg godt. Sameleis er det hjå dei middelaldrande.

Hjå dei middelaldrande og dei unge vert dei tradisjonelle formene vert bytt ut med former som /vi:sær/ og /furuær/. Sidan somme informantar rapporterer at dei nyttar former som /vi:sær/ og /ve:ker/, kan det tenkjast at det er horisontal nivellering me ser. Ordet /ve:ke/ har stønad i nynorsk, men hadde òg stønad i vikkværske tidlegare (Dalene 1953:31). Det ser òg ut til at den maskuline a-stomnbøyinga er produktiv på den måten at nokre av dei svake hokjønnsorda med /-ur/-ending får /-ær/-ending som /vi:sær/ og /furuær/. Ser me på bruket åt dei unge, ser det ut som om endinga /-ur/ ikkje kjem til å finnast i Sauherad om nokre år, og at nye former tek over.

Skjekkeland (1980:148) fann at /-ur/ stod veikare hjå dei yngste i granskinga si enn det gjorde hjå dei andre aldersgruppene, og han skriv at utviklinga ser ut til å gå den vegen at /-er/ tek over for /-ur/ i dei linne hokjønnsorda av overvektstypen. Den gongen var denne utviklinga heilt ny i bø, og han skriv at det vil ta lang tid før denne utviklinga er fullført. Ut frå det eg har funne i Sauherad, har ikkje former på /-ær/ teke heilt over, men samstundes står dei tradisjonelle formene veikare hjå dei middelaldrande og unge enn granskinga åt Skjekkeland for over 30 år sidan.

Tabell 22: Hokjønnsord av typen /vi:sun:/'

	Tradisjonell	Modererte		Standard	Veksling		
		/-æn:/'	/-anə/'		trad-mod	mod-stand	stand-trad
Eldre	98 % (54/55)	2 % (1/55)					
Middelaldrande	52 % (13/25)	12 % (3/25)	16 % (4/25)	20 % (5/25)			
Yngre	42 % (10/24)	4 % (1/24)	37 % (9/24)	17 % (4/24)			




Diagram 22: Hokjønnsord av typen /vi:sun:/

I tabellen ser me at dei eldre held godt på dei tradisjonelle formene. Annleis er det hjå dei middelaldrande og dei yngre som rapporterer at dei nyttar dei tradisjonelle formene i 52 og 42 prosent av tilfella. Dei modererte formene fordeler seg mellom dei tradisjonelle tostavingsformene på /-æn:/ og dei vikkværske trestavingsformene på /-anə/. Som me ser, rapporterer berre dei middelaldrande og dei unge at dei nyttar slike former, og trestavingsformene av typen /vi:sanə/ er mest nytta både hjå dei middelaldrande og dei unge. Elles ser me at korkje dei middelaldrande eller dei eldre nyttar standardformene like mykje som dei modererte formene. Hjå dei middelaldrande er det intra-individuell variasjon, og sameleis er det hjå dei unge òg. Av einskildord er det særleg den tradisjonelle forma /fu:run:/ som vert bytt ut med /furuæn:/ og /furuənə/.

Det me legg merke til, er at trestavingformer på /-ane/ står sterkare hjå dei unge jamført med dei eldre. Me ser soleis at den tradisjonelle forma /vi:sun:/ går over til /vi:sanə/ og soleis kan me seia at dei vikkværske trestavingsformene på /-anə/ er ei produktiv klasse. Jamfører med oppslutnaden om dei tradisjonelle formene i ub. og b.form, ser me at det hjå dei eldre er heilt likt, og soleis er dei eldre mest konsekvente i bruket. Hjå dei unge er ikkje oppslutnaden heilt lik i den ubundne og bundne forma, men skilnaden er heller ikkje særleg stor. Hjå dei middelaldrande er skilnaden større. I den ubundne forma av typen /vi:sur/ rapporterer dei at dei nyttar den tradisjonelle forma i 68 prosent av tilfella, medan i den bundne forma av typen /vi:sun:/ rapporterer dei at dei nyttar den tradisjonelle forma i 52 prosent av tilfella. Dette tyder at me har større variasjon i denne gruppa, og det syner oss at det gamle bøyingsystemet er i endring. Nett som i den ubundne forma er det grunn til å tru at den tradisjonelle forma kjem til å kverva om nokre år.

Skjekkeland (1980:152) fann òg at dei svake feminine overvektsorda hhalde betre på den tradisjonelle forma i bunde form enn i ubunde form. Former som /vi:kur/ stod noko veikare enn former som /vi:kun:/.

5.11 Verb

5.11.1 Nokre sterke verb i presens av typen /tyg:/

Dette er sterke verb som i tradisjonelt sauheringsmål er einstava i presens, t.d. /høg:/ av /høg:ə/ inf. Sidan fleire modifiserte og standardiserte former går i kvarandre, har eg valt å berre setja opp to alternative former. Den tradisjonelle forma av typen /gne:g/ kan både verta modifisert til /gne:gør/, men òg til standardforma /gna:gør/.

Tabell 23: Nokre sterke verb i presens av typen /tyg:/

	Tradisjonell	Modifisert	Veksling
Eldre	97 % (107/110)	3 % (3/110)	
Middelaldrande	84 % (42/50)	12 % (5/50)	4 % (2/50)
Yngre	65 % (39/60)	33 % (8/60)	2 % (1/60/)




Diagram 23: Nokre sterke verb i presens av typen /tyg:/

I tabellen ser me at dei eldre rapporterer at dei nyttar den tradisjonelle forma i 97 prosent av tilfella, og hjå dei middelaldrande er skåren for den tradisjonelle forma i 84 prosent. Dimed kan me slå fast at dei sterke verba i presens av typen /bre:n:/ og /høg:/ ser ut til å halda seg godt i desse aldersgruppene.

Hjå dei unge ser me at den tradisjonelle forma har fleirtal, medan dei rapporterer at dei unge nyttar den modifiserte forma i 33 prosent av tilfella. Av desse formene er 20 prosent reine

standardformer av typen /gna:gær/ og /le:sær/. Det er òg somme informantar som modifierer til /gna:gær/ i staden for /gne:gær/, og desse formene skil seg tydeleg frå standardformene /gna:gær/. Her kan me seia at analogiverknaden gjer seg gjeldande, og at det er mønsteret delvis etter a-verba, men òg standardtalemålet eller bokmålet, som påverkar.

5.11.2 Nokre sterke verb i preteritum av typen /tøg:/

Tabell 24: Nokre sterke verb preteritum av typen /tøg:/

	Tradisjonell	Modifisert	Veksling
Eldre	68 % (75/110)	49 % (31/110)	4 % (4/110)
Middelaldrande	42 % (21/50)	48 % (24/50)	10 % (5/50)
Yngre	8 % (5/60)	88 % (53/60)	4 % (2/60)




Diagram 24: Nokre sterke verb i preteritum av typen /tøg:/

I tabellen ser me at dei tradisjonelle formene står sterkast hjå dei eldre som rapporterer at dei nyttar dei tradisjonelle formene i 68 prosent av tilfella. Soleis gjev dei eldre opp at dei nyttar dei tradisjonelle formene av typen /tøg:/ og /dra:p/ mindre enn i presens der dei gjev opp at dei nyttar den tradisjonelle forma i 97 prosent av tilfella. Grunnen til dette kan vera at eg har nytta litt ulike verb i presens og preteritum mykje av di ikkje alle verbformene var oppgjevne i synopsisen, men korso er svarprosenten for den tradisjonelle forma lægre i preteritum enn i presens. Den modifiserte forma får 49 prosent skår hjå dei eldre, og det vil seia at former som /vevdæ/ og /dreptæ/ vert bruka nokså mykje hjå dei eldre. Dei middelaldrande gjev opp òg færre tradisjonelle former i preteritum enn i presens, der den tradisjonelle forma får 42 prosent skår, medan den modifiserte forma får 48 prosent. Ut frå dette ser det ut til at dei modifiserte formene står sterkare enn dei tradisjonelle.

Dei middelaldrande rapporterer samstundes at dei vekslar meir mellom formene enn det dei andre aldersgruppene gjer – noko som kan tyda at endring frå tradisjonelle former til modifiserte former skjer. Vidare ser me at dei unge rapporterer at dei nyttar den tradisjonelle forma berre i åtte prosent av tilfella, medan den modifiserte forma får heile 88 prosent skår. Det er tydeleg at dei modifiserte formene står sterkast hjå dei unge, og at tradisjonelle preteritumsformer av sterke verb står veikast hjå dei unge.

Hjå dei unge er det god spreining mellom formene hjå kvar einskilde informant, og med det har me inter-individuell variasjon. Det er ingen former som held seg betre enn andre i denne aldersgruppa. Dei middelaldrande har ikkje like mykje spreining, og det er to informantar som ikkje nyttar dei tradisjonelle formene i det heile. Med det er det inter-individuell variasjon. Hjå dei eldre er det tre informantar som nyttar mange fleire modererte former enn dei andre i aldersgruppa, og me har intra-individuell variasjon. Resten av dei eldre informantane nyttar flest tradisjonelle former.

Eit spesielt verb er verbet *å brenna* som får forma /bran:/ i preteritum i normert nynorsk og i sauheringsmålet. Dei fleste informantane rapporterer at dei nyttar forma /bran:t/ som i bokmål, og ikkje den tradisjonelle forma. Forma /bren:tə/ vert ikkje nytta i det heile. Det tyder at i dette verbet er det bokmålet og standardtalemålet som må vera med og påverkar. Like eins er tendensen elles òg. Informantane rapporterer at dei seier /væidə/ og /vevdə/ i staden for dei tradisjonelle formene /vo:g/ og /vo:v/. Soleis kan me ikkje påstå målmerke som har stønad i nynorsken held seg betre enn former som ikkje har det.

Skjekkeland (1980:134) fann at dei omlydde stuttformene i presens halde seg «svært godt» i Bø, og han forklarar dette med at det nynorske skriftmålet har verka som ein bremsande faktor på endringa. Soleis kan me seia at det same er tilfellet her, der dei tradisjonelle einstavingsformene held seg svært godt, og særleg i den middelaldrande og eldre gruppa. Ser me på preteritumsformene, ser me ei annan utvikling, og når me ser på dei unge, kan me seia at dei einstava preteritumsformene står veikt, og det ser ut som om desse formene kjem til å kverva frå Sauherad i tida som kjem.


5.11.3 Presensformer av nokre ja-verb av typen /væ:ɾ/

Desse verba er *ja-verb* av typen *å spørja*, *å smørja* osv., og i tillegg er dei linne. I tradisjonelt sauheringsmål vert desse verba einstava i presens, som t.d. /væ:ɾ/, og i preteritum får dei

endinga /-də/ som i /fildə/ og /-d:ə/ som i /smud:ə/. Førre med å ha desse verba med i granskinga har vore å finna ut om endinga /-ər/ vert lagd til i presens slik me kjenner det i standardtalemålet og i vikkværsk, og sameleis om endinga /-tə/ tek over for dei tradisjonelle endingane i preteritum. Eg har ikkje skilt mellom standardiserte og modifiserte former av di alle verba ikkje har ei opplagt modifisert form som t.d. /fildə/ og modifisert /filtə/. Difor nemner eg, der det er naudsynt, kor mange av dei modifiserte formene som er direkte standardformer og ikkje modifiserte former.

Tabell 25: Presensformer av nokre ja-verb av typen /væ:ɹ/

	Tradisjonell	Modifisert	Veksling
Eldre	55 % (30/55)	43 % (24/55)	2 % (1/55)
Middelaldrande	28 % (7/25)	72 % (18/25)	
Yngre	10 % (3/30)	90 % (27/30)	



Tabell 25: Presensformer av nokre sterke ja-verb av typen /væ:ɹ/

I tabellen ser me at den tradisjonelle forma held seg best hjå dei eldre som rapporterer at dei nyttar denne forma i 55 prosent av tilfella. Dette er òg den høgste skåren for den tradisjonelle forma totalt for dette målmerket. Det vil seia at former som /smud:ə/ og /spud:ə/ står sterkast hjå dei eldre, men dei modifiserte formene står òg sterkt og får heile 43 prosent. Av dei modifiserte formene dei eldre rapporterer, er 25 prosent av dei reine standardformer av typen /velgər/ og /sel:ər/, medan 18 prosent av dei er modifiserte former av typen /foʈel:/ og /værgər/. Elles rapporterer dei fleste eldre at dei nyttar forma /svøm:ər/ i staden for den tradisjonelle forma /søm:/. Forma /fi:l/ vert òg mykje bytt ut med den modifiserte forma /fil:ər/. Det er god spreing mellom formene kvar einskild informant i gruppa, og med det har me intra-individuell variasjon.

Ser me på dei unge, finn me at den tradisjonelle forma er i mindretal med 28 prosent, og resten nyttar den modifiserte forma. Av dei modifiserte formene er 56 prosent reine standardformer av typen /svøm:ər/. Hjø dei middelaldrande er det særleg /fåtæ:t/ som held seg, medan dei andre verba har meir varierende oppslutnad. Det er ingen av dei middelaldrande informantane som rapporterer at dei seier /fil:/ og /søm:/. Nett som hjå dei eldre, er det òg intra-individuell variasjon hjå dei middelaldrande. Ser me på kva dei unge rapporterer, oppdager me at dei modifiserte formene har overtaket på 90 prosent. Eg legg til at so godt som alle formene er reine standardformer og ikkje modifiserte former som t.d. /værgər/. Dei unge rapporterer at dei seier /fåtəl:ər/, /sel:ər/ osv. Dette er former som òg har stønad i vikværsk i tillegg til standardtalemålet. Korso kan me seia at dei tradisjonelle formene i presens ikkje står sterkt i nokon av aldersgruppene, og særleg ikkje hjå dei unge. Difor kan me rekna med at me ikkje kjem til å høyra slike former i Sauherad med tida.

5.11.4 Preteritumsformer av nokre ja-verb av typen /smuɖ:ə/

Tabell 26: Preteritumsformer av nokre ja-verb av typen /smuɖ:ə/

	Tradisjonell	Modifisert	Veksling
Eldre	53% (29/55)	47 % (26/55)	
Middelaldrande	12% (3/25)	84 % (21/25)	4 % (1/25)
Yngre		97 % (29/30)	3 % (1/30)




Diagram 26: Preteritumsformer av nokre ja-verb av typen /smuɖ:ə/

I tabellen ser me at dei eldre rapporterer at dei nyttar dei tradisjonelle formene av typen /smuɖ:ə/ og /fåtåɖ:ə/ i 53 prosent av tilfella. Det vil seia at oppslutnaden om den tradisjonelle forma er om lag lik i preteritum som i presens av desse verba. Dei eldre rapporterer òg at dei nyttar den modifiserte forma i 47 prosent av tilfella, og av desse tilfella rapporterer dei at dei

nyttar reine standardformer i 31 prosent av tilfella. Reine standardformer her vil t.d. seia at dei rapporterer /få̄ta:ltə/ i staden for /få̄tæ:tə/ som baa skil seg frå den tradisjonelle forma /få̄tåd:tə/. Soleis ser me at vokalen er lang i dei modifiserte formene, medan han er stutt i den tradisjonelle forma. Sameleis er det i /smuđ:tə/ og /spuđ:tə/. Det er god spreing mellom formene hjå informantane, og me har intra-individuell variasjon.

Ser me på dei middelaldrande, finn me at den tradisjonelle forma berre vert rapportert nytta i 12 prosent av tilfella, medan den modifiserte forma vert rapportert nytta i 84 prosent av tilfella. Av dei modifiserte formene som dei middelaldrande rapporterer er heile 64 prosent reine standardformer. Soleis slår me fast at dei tradisjonelle formene ikkje står sterkt i denne gruppa, og at dei står mykje veikare hjå dei middelaldrande enn hjå dei eldre. Dei tradisjonelle formene i preteritum av ja-verba av typen /søm:də/ og /spuđ:tə/ står ikkje sterkt i Sauherad i dag. Dette vert stadfest når me ser på dei unge som ikkje oppgjer den tradisjonelle forma i det heile. Dei unge rapporterer at dei nyttar modererte former i 97 prosent av tilfella, og av desse er alle formene reine standardformer av typen /smu:tə/, /filtə/ osb. Andre former vert ikkje rapporterte i det heile hjå dei unge.

Om me jamfører preteritumsformene med presensformene av desse verba, ser me at presensformene står sterkare både hjå dei middelaldrande og dei unge. Eg ser ikkje nokon opplagt grunn til dette, men eg kan nemna at ja-verba er tradisjonelt linne, og at dei framleis vert bøygde veikt, men då på same måten som i bokmål og standardtale, men samstundes har desse formene stønad i vikkværsksk. Bruket at dei unge stadfestar at desse formene er daude hjå dei unge, og at slike former kjem til å kverva heilt i framtida. Det eg har funne her, kan likna på det Skjekkeland (1980:138) fann der overgang frå endinga /-də/ til /-tə/ var svært ekspansiv. Me kan i alle høve slå fast at nynorsken ikkje ser ut til å ha større påverknadskraft på kor godt ja-verba held på tradisjonell bøyning i preteritum i sauheringsmålet.

6 Oppsummering og konklusjon

6.1 Innleiing

I denne oppgåva har eg funne ut kor godt ulike tradisjonelle målmerke lever i sauheringsmålet hjå strategisk valde informantar i tre generasjonar. Dei tradisjonelle målmerka er henta i *Norsk dialektatlas - synopsis*. Nedanfor skal eg gjeva ei grov oppsummering av resultata i granskinga. Diagramma nedanfor er meint som hjelp til å sjå dei store linene i funna. Dinest omtaler eg grunnane til den utviklinga me ser med særleg auga på dei unge, og til sist kjem ein konklusjon og framlegg til meir gransking.

6.2 Dei eldre




Diagram 27: Ljodverk - eldre




Diagram 28: Formverk – eldre

I tabellen ser me at mesta alle dei tradisjonelle formene både – ljodverk og formverk – er dominerande hjå dei eldre. Likevel merker me oss at det ikkje er noko målmerke som får 100 prosent skår. Bruket av palatalane /ɲj/, /ʝ/ og /ç/ skil seg ut ved at dei tradisjonelle formene ikkje er dominerande. Dessutan får dei liten oppslutnad jamført med dei andre målmerka. Palatalane /ɲj/ og /ʝ/ finst mesta ikkje i det heile. Elles ser me at jamningsformene i infinitiv på /å-å/ får mindre oppslutnad enn dei linne hankjønnsorda av typen /hå:nå/ og dei linne hokjønnsorda av typen /stu:gu/. Dei sterke maskuline orda i ub.pl. med /-ir/ og i b.pl. /-in:/ skil seg ut ved at dei har etter måten låg oppslutnad, og her er det modifiserte former på /-ær/ og /-æn:/ som tek over.

6.3 Dei middelaldrande




Diagram 29: Ljodverk – middelaldrande




Diagram 30: Formverk - middelaldrande

Hjå dei middelaldrande ser me den same tendensen som hjå dei eldre, at dei tradisjonelle formene held seg relativt godt. Me ser at palatalane står veikare her enn hjå dei eldre. Elles er dei tradisjonelle målmerka for det meste i fleirtal, men ikkje like mykje som hjå dei eldre. Dei middelaldrande nyttar fleire standardformer, og dei modifiserte formene står sterkare her enn hjå dei eldre. Dette ser me både i ljodverk og i formverk.


Det me legg merke til i ljodverket er at dei standardiserte formene får større oppslutnad enn hjå dei eldre. Me ser at dei tradisjonelle formene held seg best i jamvektsorda av infinitiv med

a-ending og dei linne hankjønnsorda. Me ser at dei tradisjonelle formene stort sett er i fleirtal, men at dei modifiserte og dei standardiserte formene får større oppslutnad enn hjå dei eldre. Fleire stader er det om lag likt av tradisjonelle former, modifiserte former og standardiserte former. Me ser at janningsformene på *u-u* held seg rimeleg godt, og i tillegg opningsprodukta av typen /trø!:/ og /el:ə/.


Diftongane av typen /fʁəum/ står veikare enn fleire av dei andre målmerka, men elles ser me at dei tradisjonelle og modifiserte formene får meir lik oppslutnad. Eit døme på dette er oppslutnaden om formene /vi:ku/ og /vi:ko/. Elles merkar me at substantiva på /-ir/ og /-in:/ ikkje står like sterkt her som hjå dei eldre, og slik er det òg med dei sterke hokjønnsorda på /-ur/ og /-un:/. Desse formene vert ikkje berre bytte ut med standardformer, men òg med modifiserte former. Som hjå dei eldre, ser me at dei linne infinitivane og hankjønnsorda med /-a/-ending held seg godt.

Dei palatale formene av typen /onjə/ finst ikkje i det heile hjå dei middelaldrande og er, ut frå det me ser her, heilt utrydda. Elles står palatalane av typen /kj/ og /j/ òg veikt, og me ser at /ç/ i innljod står sterkare enn dei andre palatalane. Eit anna tradisjonelt målmerke som, etter desse tala, ser ut til å vera utdøytt, er preteritum av *ja*-verba av typen /smuɔ:ə/. Her er det dei modifiserte formene som t.d. /smø:ʔə/ som tek over.

6.4 Dei unge



Tabell 30: Ljodverk – dei unge



Tabell 31: Formverk – dei unge

I tabellen ovanfor ser me at standardformene er dominerande i ljodverket, og at tradisjonelle målmerka, samla sett, er i mindretal. Me ser at palatalane /ɲj/ og /j̥j/ er utdøydde, og at /ç/ framleis finst. Diftongane og /gv/ i framljod står heller ikkje særleg sterkt, men er ikkje utdøydde. Jamning på /å-å/ finst ikkje i infinitiv, men me har nokre restar att i hankjønnsorda. Jamført med dei andre målmerka, ser me at dei linne hankjønnsorda og infinitivane med /a/-ending står særleg sterkt. Av former som held seg godt har me vedhalden gno. *u* - /to:n/ og /do:n/, og i tillegg opningsprodukta /ɛl:ə/ og /trø:l:/.

I formverket er det særleg modifiserte former som vinn fram, og dei tradisjonelle formene er i mindretal. Det er berre tre tradisjonelle former som får fleirtal. Det er presensformene av dei sterke verba og dei sterke hankjønns- og hokjønnsorda i ub.pl. med /-ær/-ending.

6.5 Kva og kvifor?

Eg har funne ut kva slags målmerke som lever vidare i det nedervde sauheringsmålet, og attåt kor godt eller dårleg dei ulike målmerka held seg. Viktige spørsmål i denne endringsprosessen vert i kva mon me ser ei regionalisering eller standardisering, og attåt *kvifor* desse endringane skjer. For å freista svara på dette, kjem eg med nokre døme frå granskinga.

Endå dei unge informantane (som dei andre informantane i granskinga) er strategisk utvalde av di dei, etter inntrykk, er meir «stødige» i målet enn andre på den same alderen, ser me at ei rad av dei tradisjonelle målmerka ståroverlag veikt i denne gruppa. Sagt med andre ord er det

oppsiktsvekkjande kor dårleg det står til med fleire av dei tradisjonelle formene. Eit døme på ei form som er totalt utrydda, er jamninga på /å-å/ både i infinitiv. Det me legg merke til er at standardformene av typen /ba:kə/ er i fleirtal, medan modifiserte former som /ba:ka/ òg kjem inn i staden for dei tradisjonelle formene. Infinitiv på /ə/ i ord som /ba:kə/ og /så:və/ ser me både i bokmålet, i standardtalemålet og i bymåla i Grenland (Dalene 1953:11). Spørsmålet vert om det er regionalisering eller standardisering me ser, og svaret er ikkje opplagt. Det same problemet har me når me ser at formene /ka:l/ og /trål:/ går inn for dei tradisjonelle opningsprodukta /kəl:/ og /trøl:/. Både /kal:/, /trål:/ og /ba:kə/ er standardformer, men dei er samstundes bymålsformer i Grenland. Med det er dei *både* standardformer og bymålsformer i Grenland. Spørsmålet vert om det er standardisering eller regionalisering me ser?

Det er dette Hårstad (2009:133) kallar «det isomorfske crux», som vil seia at former som t.d. /al:ə/, /trål:/ og /ba:kə/ *både* er bymålsformer i Grenland og dessutan standardformer, og soleis er det ikkje råd å vita for visst om desse innovasjonane kjem frå Skien eller standardtalemålet. Slik eg ser det, er det ikkje råd å vita for visst om det i dette tilfellet er standardisering eller regionalisering me ser. Likevel er det slik at endå prosessen er standardisering, dette ikkje tyda at me får eit standardtalemål. Difor kan prosessen vera standardisering, men produktet kan vera eit regionalt talemål (jf. punkt 3.2.2).

Elles ser me at kløyvd infinitiv etter jamvektsregelen er på retur austnorske målføre (Skjekkeland 2005:144, Røyneland 2009:24). Jamningsformer i infinitiv vert somme stader «modererte» hjå dei unge i Østerdalen og i Trøndelag, og former som /så:va/ og /væt:a/ trengjer ut /såv:å/ og /våt:å/. Noko av grunnen til dette kan vera at jamningsformene ikkje har stønad i standardmåla, og difor sær avvikande. Soleis vert dei verande typiske bygdemålsformer og har, som Papazian og Helleland (2005:48) skriv «[...]truleg inga lang framtid i bygdemåla heller». Ser me på bruket åt dei unge når det gjeldutjamning til /å-å/ og /u-u/ er det all grunn til å tru at dette er rett. Denne utviklinga er ikkje so ulik den me ser t.d. i Trøndelag der jamningsformer i infinitiv vert bytt ut med apokoperte former av typen /ba:k/, men i hankjønnorda av typen /pås:å/ vert dei tradisjonelle formene bytt ut med meir standardliknande former av typen /po:sə (jf. Øksnes 2010 og Ulset 2002).

I formverket ser me at endingane /-ir/ og /-ur/ går ut og vert avløyst av /-ær/. Formene som tradisjonelt har hatt /-ær/, held på endinga. At bøyingsklassene på /-ir/ og /-ur/ minkar, og vert bytte ut med bøyingsklassa med /-ær/, vil seia at *a*-stomnbøyinga er ei produktiv bøyingsklasse og me kan seia at me har analogi (sjå punkt 3.2.1.2). Dette ser me òg i bf. der

endingane /-in:/ og /-un:/ avløyst av /-æn:/ og /-anə/. Denne utviklinga er òg døme på forenkling og regelavgrensing i målet (sjå punkt 3.2.1.2). I b.pl. ser me hjå dei unge og middelaldrande, at trestava former av typen/hestanə/ går inn for dei tradisjonelle to-stava formene av typen /hestæn:/. Den gamle treklangen vert oppløyst, og den produktive *a*-stomnbøyinga strykkjer seg, både dette og overgangen frå tostava former i b.f. av typen /my:ræn:/ > /my:ranə/ kan gjeva sterke indikasjonar på at det går føre seg ei regionalisering.

Me har ei rad ytre faktorar som styrer målvoksteren. Det er liten tvillaust at auka mobilitet, betre kommunikasjonsmiddel og sentralisering (punkt 3.2.2.1) har mykje å seia for talemålsutviklinga på bygdene. Alle dei unge informantane som var gamle nok til å arbeida, hadde arbeidsstaden sin utanfor heimbygda. Dette forklårer nok òg kvifor det er so store skilnader på dei unge og dei eldre i målbruket, der dei eldre både har hatt arbeidsstaden sin på heimplassen, men òg har vakse opp i ei anna tid då kommunikasjonen ikkje var like god, og sentraliseringa ikkje hadde kome so langt. Dessutan kommuniserer dei unge og middelaldrande meir med omverda ved hjelp av digitale verkty.

Haldningar og prestisje er òg ein ytre årsak som kan vera med på å påverka talemålsendinga (punkt 3.2.2.3), men eg har ikkje fått det inntrykket at noko av informantane meinte at det å tala sauheringsmål var lite prestisjefylt. Somme av dei unge informantane sa at dei ville halda på målet sitt, og at dei gjerne ville læra meir om det. Ein informant sa m.a. at han «prøvde» å seia /jå:så/, men at han ikkje gjorde det konsekvent. Dette kan vera med på å forklåra kvifor dei unge i granskinga skil seg ut frå fleire andre på sin alder i Sauherad.

6.6 Konklusjon og vidare gransking

Alt i alt kan me slå fast at målvoksteren i Sauherad har mykje sams med det Halvor Dalene (1947) får fram i artikkelen «Bymål og bygdemål i ytre delen av Telemark fylke». Han skriv at bymålet breier seg meir og meir, og at bygde- og bymåla i Grenland er i snøgg oppløysing. Han peikar på industriell ekspansjon og meir samband og kommunikasjon mellom folk som ein viktig grunn. Arne Johan Gjermundsen (1981:307) peikar på mykje av det same, og han skriv at utviklinga av Holla-målet vil vera avhengig av samfunnsutviklinga, og at drag som Holla har sams med målet i Skien og Porsgrunn, står sterkt i her. I granskinga mi ser me òg at bymålsdrag frå Grenland står sterkt i Sauherad. Anders Steinsholt syntte i *Målbryting i Hedrum* (1964) korleis bymålet i Larvik alt i 1930-åra farga bygdemålet i Hedrum. På

spørsmålet om korleis det står til med dei tradisjonelle formene i målføresynopsisen, jamført med i dag, vert svaret at dei tradisjonelle formene ikkje står særleg sterkt hjå dei unge. Me har sett at det er store skilnader mellom generasjonane, og me kan rekna med at somme typiske målmerke kjem til å kverva heilt frå Sauherad med tida.

Medan eg har arbeidt med oppgåva har eg gong på gong tenkt på andre problemstillingar det kunne vera forvitneleg å vita meir om. For det fyrste kunne det vera nyttig å granska tilhøvet mellom haldningar og bruk av sauheringsmålet, og om korleis folk nyttar målet i ulike situasjonar. For det andre kunne det vera forvitneleg å få vita korleis den *ålmenne* målstoda ser ut i Sauherad, og ikkje berre hjå eit utval informantar. Kva slags mål er det dei unge talar, og kva finst av bymålformer i Grenland? For det tredje hadde det vore nyttig å jamføra eit utval informantar i Sauherad med andre stader i Aust-Telemark.

Litteraturliste

- Akselberg, G. (2002) Gransking av regionaltalemål i Noreg – Bakgrunn og særtrekk. *Nordica Bergensia* 28 (2002), s. 3-33.
- Akselberg, G. & Mæhlum, B. (2003) Sosiolingvistisk metode. I: Mæhlum m.fl. red. *Språkmøte. Innføring i sosiolingvistikk*. Oslo, Cappelen Akademisk Forlag, s. 71-86.
- Akselberg, G. (2003) Talemålsvariasjon, register og medvit. I: Mæhlum m.fl. red. *Språkmøte. Innføring i sosiolingvistikk*. Oslo, Cappelen Akademisk Forlag, s. 125-144.
- Akselberg, G. & Mæhlum, B. (2003) Talevariasjon i Noreg. I: Mæhlum m.fl. red. *Språkmøte. Innføring i sosiolingvistikk*. Oslo, J.W. Cappelen Forlag, s. 145-166.
- Auer, P. (1988) A Case of Convergence and its Interpretation: MHG *î* and *û* in the City Dialect of Constance. I: *Variation and Convergence. Studies in Social Dialectology*. Walter de Gruyter, Berlin.
- Auer, P. & Hinskens, F. (1996) The convergence and divergence of dialects in Europe. New and not so new developments in an old area, *Sociolinguistica* 10, 1-25.
- Bjørkum, A. (1975) Vert dei norske målføri borte? I: Bjørkum, A., Grøslund, Helleland og Lauvdal. red. *Æ vel bruk dialekta mi!*, Oslo, Noregs Mållag – Noregs Ungdomslag, s. 7-11.
- Bjørkum, A. (1983) Dialektane – overlever dei ein generasjon til? I: *Mål og Makt* 13 (3), 17-24.
- Christiansen, H. (1946) *Norske dialekter*. Oslo, Tanum.
- Dalene, H. (1947) By og bymål i ytre Telemark fylke. *Maal og Minne*. s. 85-11.
- Dalene, H. (1953) *Lydverket i Solumsmålet*. I: Skrifter frå Norsk Målførearkiv (III), Oslo.
- Gjermundsen, A.J. (1977) *Omriss av Holla-målet*. I: Holla I, Skien, s. 136-161.
- Gjermundsen, A.J. (1981) *Variasjonsmønster i Holla-målet. En språksosiologisk og språkgeografisk undersøkelse*. Oslo, Novus forlag
- Hellum, H.: «Om Norsk Dialektatlas, synopsis (målføresynopsisen)», 2003. Upublisert artikkel.

- Hårstad, S. (2005) Den problematiske regionaliseringen. *Målbryting* 7, 89-107.
- Hårstad, S. (2009) Kommer ikke alt godt fra oven? Et forsøk på å se utviklingstrekk i trønderske talemål i et standardiseringsperspektiv. I *Norsk Lingvistisk Tidsskrift* 27 (1), s. 133-144.
- Johannesen, J.B. (2003) Innsamling av språklig data. Informanter, introspeksjon og korpus. I: Johannesen, J.B. red. *På språkjakt – problemer og utfordringer i språkvitenskaplig datainnsamling*. Oslo, Unipub forlag, s. 133-173.
- Larsen, A. B. (1948) *Oversigt over de norske bygdemål med et kart*. Oslo, Aschehoug.
- Mæhlum, B., (m.fl.), (2003) *Språkmøte. Innføring i sosiolingvistikk*. Oslo, Cappelen Akademisk Forlag.
- Mæhlum, B. (2007) *Konfrontasjoner. Når språk møtes*. Oslo, Novus forlag.
- Mæhlum, B. (2009) Standardtalemål? Naturligvis! En argumentasjon for eksistensen av et norsk standardtalemål, *Norsk lingvistisk tidsskrift* 27 (1), s. 7-27.
- Mæhlum, B. & Røynealand, U. (2012) *Det norske dialektlandskapet. Innføring i studiet av dialekter*. Oslo, Cappelen Damm.
- Nilsson, J. (2010) Vad kan samtalsanalysen göra för dialektologin? I: *Svenskans beskrivning 30. Förhandlingar vid trettionde sammankomsten för svenskans beskrivning. Stockholm 10–11/10 2008*. Stockholm, s. 250–259.
- Nilsson, J. (2009) Dialect change? I: *Nordic Journal of Linguistics*, 32 (2), s. 207-220.
- Nilsson, J. (2010) Dialektförändring eller metodförändring? I: Magnusson, E. & Rogström, L. red. *Studier i svensk språkhistoria 10. Språkhistoria – hur och för vem?* Göteborg, s. 175-186.
- Papazian, E. (1984) «Normaltalemål i Norge. Og hva så?» I: *Språklig Samling* 2, s. 10-12.
- Papazian, E. (1998) Anmeldelse: Martin Skjekkeland: *Dei norske dialektane. Tradisjonelle særdrag i jamføring med skriftmåla*, s. 97-107 i *Maal og Minne*.
- Papazian, E. (1999) Dialektdød i Numedal? Om språkutviklinga i Nore og Uvdal. I: Kleiva, T., Donali, I., Nessel, T. og Helen Øygarden. Red. *Austlandsmål i endring. Dialektar, nynorsk og språkhaldningar på indre Austlandet*. Oslo, Det Norske Samlaget, s. 49-61.

- Papazian & Helleland (2005) *Norsk talemål. Lokal og sosial variasjon*. Kristiansand, Høyskoleforlaget.
- Røyneland, U. (1999) Språkleg regionalisering på Røros og Tynset. I: *Målbryting* 2, 98-120.
- Røyneland, (2003) Språk og dialekt. I: Mæhlum m.fl. red. *Språkmøte. Innføring i sociolingvistik*. Oslo, Cappelen Akademisk Forlag, 13-31.
- Røyneland, (2003) Fleirspråklegheit. I: Mæhlum m.fl. red. *Språkmøte. Innføring i sociolingvistik*. Oslo, Cappelen Akademisk Forlag, 32-43.
- Røyneland, (2003) Språk og dialektkontakt. I: Mæhlum m.fl. red. *Språkmøte. Innføring i sociolingvistik*. Oslo, Cappelen Akademisk Forlag, 44-70.
- Røyneland, U. 2005: *Dialektnivellering, ungdom og identitet. Ein komparativ studie av språkleg variasjon og endring i to tilgrensande dialektområde, Røros og Tynset*. Akademisk avhandling, Universitetet i Oslo.
- Røyneland, U. (2008) Språk og dialekt. I: Mæhlum m.fl. red. *Språkmøte. Innføring i sociolingvistik*. Oslo, Cappelen Akademisk Forlag, s. 15-34.
- Røyneland, U. (2009) Dialects in Norway: catching up with the rest of Europe? *International Journal of the Sociology of Language* 196/197, s 7-31.
- Sandøy, H. (1992) *Norsk dialektkunnskap*. 2. utg. Oslo, Novus forlag.
- Sandøy, H. (1993). *Talemål*. Oslo, Novus forlag.
- Sandøy, H. (1996). *Talemål*. Oslo, Novus forlag.
- Sandøy, H. (2003) Språkendring. I: Mæhlum m.fl. red. *Språkmøte. Innføring i sociolingvistik*. Oslo, s. 167-196.
- Sandøy, H. (2003) Kontakt og spreining. I: Mæhlum m.fl. red. *Språkmøte. Innføring i sociolingvistik*. Oslo, Cappelen Akademisk Forlag, s. 225-248.
- Sandøy, H. (2009) Standardtalemål? Ja, men...! Ein definisjon og ei drøfting av begrepet. *Norsk Lingvistisk Tidsskrift* 27 (1), s. 27-47.
- Schulze, J.A. (1972) Frå Bøheringsmålet. I: Bø-soga I. Kultursoga, Skien, Bø kommune, 496-527.
- Schulze, J.A. (1975) Maalet i Telemark. I: Holand, J.E. red. *Bygd og by i Norge. Telemark*. Oslo, Gyldendal, s. 220-137.

- Skjekkeland, M. (1980). *Bø-målet i går og i dag. Rapport frå ei språksosiologisk gransking*. Telemark distriktshøgskole, Bø.
- Skjekkeland, M (1997) *Dei norske dialektane. Tradisjonelle særdrag i jamføring med skriftmåla*. Kristiansand, Høgskoleforlaget.
- Skjekkeland, M. (2000) *Dialektutviklinga i Noreg dei siste 15 åra – drøfting og analyse*. Kristiansand, Høgskolen i Agder.
- Skjekkeland, M. (2009) *Språk og samfunn i endring. Ein studie av tilhøvet mellom lokal identitet og talemålsutvikling*. Oslo, Novus forlag.
- Skjekkeland, M. (2009) *Språk og samfunn i endring. Ein studie av tilhøvet mellom lokal identitet og talemålsutvikling*. Oslo, Novus forlag.
- Skulerud, O. (1918) *Telemaalet i umriss. Eit utsyn yver maalsoga og maalgeografien i Telemark, serleg med umsyn paa Tinn*. Kristiania, Olaf Norlis Forlag.
- Steinsholt, A. (1964) *Målbryting i Hedrum*. Oslo, Universitetsforlaget.
- Steinsholt, A. (1972). *Målbryting i Hedrum 30 år etter*. Oslo, Universitetsforlaget.
- Strømshaug, K. (1995) *Mål i Østfold*. Oslo, Novus forlag.
- Trudgill, P. (1974) *Sociolinguistics. An introduction*. Harmondsworth, Penguin Books.
- Venås, K. (1991) *Språk og miljø*. Oslo, Novus forlag.
- Venås, K. (1997) Hemsedal. I: Bjørkum, A. (m.fl.) *Målvitskap og målrøkt. Festskrift til 70-årsdagen 30. november 1997*. Oslo, Novus forlag,
- Vikør, L.S. (1994) *Språkplanlegging. Prinsipp og praksis*. Oslo, Novus Forlag.
- Vikør, L.S. (1999) Austlandsmål i endring. I: Kleiva, T. (m.fl.) Red. *Austlandsmål i endring. Dialektar, nynorsk og språkhaldningar på indre Austlandet*. Oslo, Det Norske Samlaget, s. 13-48.
- Wolfram, Walt (1997) Dialects in Society. I: Floras Coilmas. *The Handbook of Sociolinguistics*. Blackwell Publishers, 107-126.

Øksnes, J. (2010) *Talemålsutviklingen i Steinkjer kommune. En undersøkelse av talemålet hos to generasjoner i Steinkjær og Kvam*. Upublisert manuskript. Institutt for lingvistiske og nordiske studier. Universitetet i Oslo.

Øverby, J. (1974) Målføra på indre Austlandet. I: Skogstad, O. red. *Austlandsmål. Språkarv på indre Austlandet*. Oslo, Det Norske Samlaget, s. 9-25.

Øverby, J. (1974) Østerdalsmål. I: Skogstad, O. red. *Austlandsmål. Språkarv på indre Austlandet*. Oslo, Det Norske Samlaget, s. 46-78.

Ulset, K.A.V. (2002) *Språklig regionalisering i Trøndelag?* Upublisert manuskript. Norges naturvitenskaplige universitet.

Norsk Dialektatlas, Synopsis, Norsk Ordbok, Universitetet i Oslo.

Internettkjelder

Statistisk sentralbyrå (1. juli 2014) Befolkning og areal i tettsteder, 1. januar 2013. [Internett], Statistisk sentralbyrå. Tilgjengeleg frå:

<http://www.ssb.no/befolkning/statistikker/befsett/aar/2014-07-01?fane=tabell&sort=nummer&tabell=186161> [Lese 17. november 2014].

Sauherad, (19. mai 2012) Store norske leksikon Sauherad [Internett]. Tilgjengeleg frå: <https://snl.no/Sauherad#menuitem7> [Lese 17. november 2014].

Sauherad historielag. (19. desember 2010) Om folkekunsten og Møllarguten [Internett].

Tilgjengeleg frå:

http://www.sauherad.historielag.org/start/index.php?option=com_content&view=article&id=35&Itemid=37 [Lese 11. november 2014]

Sauherad historielag. (19. desember 2010) Om folkekunsten og Møllarguten [Internett].

Tilgjengeleg frå:

http://www.sauherad.historielag.org/start/index.php?option=com_content&view=article&id=35&Itemid=37 [Lese 11. november 2014]

Sauherad historielag. (26. mars 2014) Om Sauherad kommune [Internett]. Tilgjengeleg frå:

http://www.sauherad.historielag.org/start/index.php?option=com_content&view=article&id=25&Itemid=117 [Lese 11. november 2014]

Vedlegg

Spørjelite

1. Ljodverk

1. Feminine jamvektord i b.sg. av typen /vi:ku/

	Tradisjonell	Modifisert
1	vi:ku	vi:ke/u:ke
2	svi:pu	svi:pe/sve:pe
3	kvi:ku	kvi:ke/kve:ke
4	smi:u	smi:e
5	tjy:ru	tjæ:re
6	ka:ku	ka:ke
7	ho:ku	ha:ke

1.2 Feminine jamvektord i b.sg av typen /vi:ko/

	Tradisjonell	Modifisert	Standard
1	vi:ko	vi:kua	ve:ka
2	svi:po	svi:pua	sve:pa/pisk
3	kvi:ko	kvi:kua	kve:ka
4	smi:o	smi:ua	smi:a
5	tjø:ro	çø:rua	tjæ:ra
6	ka:ko	ka:kua	ka:ka
7	ho:ko	ho:kua	ha:ka

1.3 Jamning på /u-u/ av typen /stu:gu/

	Tradisjonell	Modifisert	Standard
1	su:ɽu	su:ɽe	sva:le
2	stu:gu	stu:ge	stu:e
3	fɽu:gu	fɽu:ge	fɽu:e
4	snu:ru	snu:re	sna:re
5	lu:gu	lu:ge	lø:e

2 Jamning på /å-å/

2.1 Infinitiv av typen /bå:kå/

	Tradisjonell	Modifisert	Standard
1	å bå:kå	å ba:ka	å ba:ke
2	å små:kå	å sma:ka	å sma:ke
3	å gå:på	å ga:pa	å ga:pe

4	å lå:gå	å la:ga	å la:ge
5	å så:gå	å sa:ga	å sa:ge
6	å gå:ŗå	å ga:ŗa	å ga:ŗe
7	å kām:å	å kām:a	å kām:e
8	å så:vå	å så:va	å så:ve
9	å lå:vå	å lå:va	å lå:ve
10	å må:kå	å må:ka	å må:ke

2.2 Hankjønnord av typen /hå:nå/

	Tradisjonell	Modifisert	Standard
1	jå:så	ja:se	ha:re
2	skå:ŗå	ska:ra	ska:re
3	hå:nå	ha:na	ha:ne
4	hå:gå	ha:ga	ha:ge
5	kŗå:vå	kŗa:va	kŗa:ve
6	hām:år	ham:ær	ham:er
7	bå:gå	bå:ga	bue
8	fŗå:tå	fŗa:ta	fŗa:te
9	drå:på	dra:pa	dra:pe
10	få:ŗå	få:ŗa	føll
11	må:så	må:sa	mo:se
12	på:så	på:sa	po:se
13	sām:år	sām:ær	sām:er

3. Hankjønnord og infinitivar av typen av typen /sæ:ŗa/ og /ve:ta/

3.1 Hankjønnord av typen /sæ:ŗa/

	Tradisjonell	Modifisert
1	ste:ga	ste:ge/sti:ge
2	ne:va	ne:ve
3	sle:a	ʃe:e
4	sæ:ŗa	sæ:ŗe
5	tæ:ŗa	tæ:ŗe

3.2 Infinitivar av typen /ve:ta/

	Tradisjonell	Modifisert
1	ve:ta	ve:te/vi:te
2	e:ta	e:te/spi:se
3	le:va	le:ve
4	væ:ŗa	væ:re
5	stæ:ŗa	stjæ:ŗe/stje:le
6	spørja	spørre

4. Vedhalden gno. u av typen /do:n/

	Tradisjonell	Standard
1	bro:n	bru:n
2	do:n	du:n
3	to:n	tu:n
4	bo:na	bu:na
5	gron:	grun:
6	on:er	un:er
7	ron:	run:
8	son:	sun:

5. Opning

5.1 Opning a>e-æ av typen /el:ə/

	Tradisjonell	Standard
1	el:e	al:e
2	kæl:	kal:
3	kælt	kalt
4	sælt	salt
5	næmn	navn
6	skæl:e	skal:e
7	kæl:e	kal:e
8	hæʦm	hæʦm
9	hæʦv	hæʦv
10	kæʦv	kaʦv
11	skæʦk	skaʦk
12	stæb:e	stab:e
13	pæd:e	pad:e

5.2 Opning o>ø av typen /trøl:/

	Tradisjonell	Standard
1	bøl:e	bål:e
2	trøl:	trål:
3	vøl:	vål:
4	mølte	målte
5	høn:	ho:n
6	køn:	ko:n
7	høg:	håg:
8	døb:elt	dåb:elt
9	tøl:	tål:
10	døg:	dåg:

6. Diftongar av typen /stræum/ og /grøimə/

	Tradisjonell	Standard
1	drøum	drøm:
2	frøum	fråm:
3	strøum	strøm:
4	drøime	drøm:e
5	grøime	grøm:e
6	krøive	hø:re
7	støipe	çø:re
8	løise	lø:se

7. Palatalisering

7.1 Affrikaten /gj/ i innljod av typen /lɛgj:ir/

	Tradisjonell	Modifisert
1	lɛgj:ir	lɛg:ir/lɛg:ær
2	vɛgj:ir	vɛg:ær/vɛg:ær
3	slɛgj:e	ʃɛg:e
4	hygj:eleg	hyg:eleg

7.2 Palatalen /nj/ i innljod av typen /onjə/

	Tradisjonell	Standard
1	stɛnj:e	stɛŋ:e
2	ɛnj:a	ɛŋ:a
3	sɛnj:a	sɛŋ:a
4	onj:e	oŋ:e
5	konj:e	koŋ:e
6	lɛnj:e	lɛŋ:e

7.3 Palatalen /ç/ i innljod av typen /steiçə/

	Tradisjonell	Modifisert
1	tançə	tanke
2	tɛnçə	tɛŋke
3	çørçə	çørke/çirke
4	ʃɛiçə	slɛike/slik:e
5	steiçə	steike/ste:ke
6	røiçə	røike

8. /gv/ i framljod

	Tradisjonell	Modifisert
1	gvi:t	kvi:t/vi:t
2	gvɛite	kveite/ve:te

3	gvárp	kvárp/várp
4	gvas:	kvas:/skarp
5	gvi:le	kvi:le/vi:le
6	gvárv	kværv/værv
7	ein gvefs	kvefs/veps
8	gvandag	kvandag/vædag

Formverk

9. Substantiv

9.1 Ub.pl. av typen /hestær/ og /my:rær/

Hankjønnsord

	Tradisjonell	Standard
1	hestær	hester
2	vintrær	vintrer
3	å:krær	å:krer
4	mæn:ær	mæn:er
5	bøn:ær	bøn:er
6	brø:ær	brø:er

Hokjønnsord

	Tradisjonell	Standard
1	to my:rær	to my:rer
2	to bjørkær	to bjørker
3	to bøkær	to bø:ker
4	to dõt:ær	to dõt:er
5	to net:ær	to net:er
6	to li:ær	to li:er

9.2 B.pl. av typen /hestæn:/ og my:ræn:/

Hankjønnsord

	Tradisjonell	Modifisert	Standard
1	hestæn:	hestane	hestene
2	vintræn:	vintrane	vintrene
3	åkræn:	åkrane	åkrene
4	men:æn:	brø:ane	brø:drene
5	bøn:æn:	bøn:ane	bøn:ene
6	brø:æn:	brø:ane	brø:dene

Hokjønnsord

	Tradisjonell	Modifisert	Standard
1	my:ræn:	my:rane	my:ren:e
2	bjørkæn:	bjørkane	bjørken:e
3	bø:kæn:	bø:kane	bø:ken:e
4	døt:æn:	døt:ane	døt:en:e
5	li:æn:	li:ane	li:en:e

9.3 Ub.pl. av typen /gri:sir/ og /skå:řir/

Hankjønnsord

	Tradisjonell	Modifisert	Standard
1	søuir	søuær	søuer
2	sęç:ir	sęç:ær	sęç:er
3	legj:ir	legj:ær	legj:er
4	benjçir	benjçær	benjçer
5	søn:ir	søn:ær	søn:er
6	ven:ir	ven:ær	ven:er
7	gri:sir	gri:sær	gri:ser
8	lēm:ir	lēm:ær	lēm:er

Hokjønnsord

	Tradisjonell	Modifisert	Standardisert
1	skå:řir	skå:řær	skå:řer
2	sa:kir	sa:kær	sa:ker
3	mo:rir	mo:rær	mødre
4	ku:ir	ku:ær	ku:er
5	gra:vir	gra:vær	gra:ver
6	harvir	harvær	harver
7	åkslir	åkslær	åksler/skuldre
8	mu:sir	mu:sær	mu:s

9.4 B.pl. av typen /gri:sin:/ og /skå:řin:/

Hankjønnsord

	Tradisjonell	Moderera		Standard
		/-æn:/	/-ane/	
1	søuin:	søuæn:	søuane	søuene
2	sęç:in:	sęç:æn:	sek:ane	sek:ene
3	legj:in:	legj:æn:	legj:ane	legj:ene
4	bençin:	bençæn:	benkane	benkene
5	søn:in:	søn:æn:	søn:ane	søn:ene
6	ven:in:	ven:æn:	ven:ane	ven:ene
7	gri:sin:	gri:sæn:	gri:sane	gri:sene

9	lɛm:in:	lɛm:æn:	lɛm:ane	lɛm:ene
---	---------	---------	---------	---------

Hokjønnsord

	Tradisjonell	Moderera		Standard
		/-æn:/	/-ane/	
1	skå:ɾin:	skå:ɾæn:	skå:ɾane	sɛuene
2	sa:kin:	sa:kæn:	sa:kane	sek:ene
3	mo:rin:	mo:ræn:	mø:drane	legj:ene
4	ku:in:	ku:æn:	ku:ane	benkene

9.5 Hokjønnsord av typen /vi:sur/ og /vi:sun:/

Ub.pl.

	Tradisjonell	Modifisert
1	vi:sur	vi:ser
2	vi:kur	veker/u:ker
3	fu:rur	fu:uær
4	stu:gur	stu:er
5	gu:tur	gu:tuær/gu:tuer

B.f.pl.

	Tradisjonell	Moderert		Standard
		/-æn:/	/-ane/	
1	vi:sun:	vi:sæn:	vi:sane	vi:sene
2	vi:kun:	vi:kæn:	vi:kane/ukane	u:kene
3	fu:run:	fu:ræn:	fu:ruane	fu:ruene
4	stu:gun:	stu:gæn:	stu:guane/stuane	stu:ene
5	gu:tun:	gu:tuæn:	gu:tuane	gu:utene

10. Verb

10.1 Nokre sterke verb i presens av typen /tyg:/

	Tradisjonell	Modifisert
1	bɾɛn:	bɾɛn:er
2	tyg:	tyg:er
3	høg:	høg:er/håg:er
4	læ:s	læ:ser/lɛ:ser
5	dræ:p	dræ:per/dreper
6	bæ:r	bæ:rer
7	græ:v	græ:vær/gra:ver
8	gne:g	gne:ger/gna:ger

9	ve:v	ve:ver
10	vøks	vøkser/våkser

10.2 Nokre sterke verb i preteritum av typen /tøg:/

	Tradisjonell	Modifisert
1	bran:	brøn:te
2	tøg:	tyg:de
3	høg:	høg:de
4	la:s	le:ste
5	dra:p	drepte
6	gro:v	gravde
7	gno:g	gnagde
8	vo:v	vevde
9	vo:g	veide
10	voks	vokste

10.3 Presensformer av nokre ja-verb av typen /væ:ɾ/

	Tradisjonell	Modifisert
1	få̄tæ:ɾ	få̄tæ:ɾjer/fortel:er
2	væ:ɾ	væ:ɾger/velger
3	sel:	sel:er
4	søm:	søm:er/svøm:er
5	ɸil:	ɸil:er

5.10.4 Preteritumsformer av nokre ja-verb av typen /smuɖ:ə/

	Tradisjonell	Modifisert
1	få̄tæ:ɖ:e	få̄tæ:ɖe/foɖalte
2	spuɖ:e	spu:ɖe
3	smuɖ:e	smø:ɖe
4	sømde	svømte
5	ɸilde	ɸilte